

Forord

Oskar Matzerath, bengelen med blikktromma frå Günter Grass' Danzigtrilogi, var den første fordrivne tyskaren eg møtte. Seinare skulle det bli mange fleire.

Det var nok fascinasjonen for ei historie som vart hevda å ha vore tagd i hel, kombinert med forståinga av kva som gjorde historia så omstridd som gjorde at eg ville skriva oppgåve om debatten om *Zentrum gegen Vertreibungen* og *Bund der Vertriebenen*.

Diskusjonen får mange fasettar fordi han føregår innanfor eit felt der både historie, moral og kollektiv erindring spelar inn. Og det er ein debatt som der det blir tydeleg at historia – og ikkje minst oppfatninga av historia både spelar inn i dagsaktuell politikk og har konsekvensar for biletet eit folk har av seg sjølv.

Det er mange som skal ha takk for hjelpa. Først og fremst vil eg takka Einhart Lorenz som gjennom heile prosessen har vore ein kunnskapsrik, inspirerende og konstruktiv rettleiar. Eg vil også takka det drivande dyktige fagmiljøet på HL-senteret, her har det vore flott å få innpass. Eg må særleg takka Øivind som har lese og kommentert i fleire rundar. Eg vil også takka den fagleg sterke metodekollokviegruppa eg har vore med i; Hilde, Kerstin, Geirr Olav, Alexander og Håkon. Eg har fått mykje ut av å diskutera med dykk. Eg vil også takka alle dei andre flotte og flinke studentane som har vore til glede, inspirasjon og støtte i arbeidet med oppgåva, særleg Hilde H, Eva Marie, Lars og Lars L. Elles er eg særst takksam overfor Inger som tok utfordringa med å lesa korrektur på oppgåva, og til Erik for hans tekniske assistanse.

Astrid Sverresdotter Dypvik

Blindern 27. april 2007

Innhald

Forord	1
Innhald	3
Forkortingar	5
1 Innleiing	7
1.2 Problemstilling	9
1.3 Forskingsstatus	10
1.4 Kjelder	11
1.5 Teoretisk utgangspunkt og metode	14
1.6 Ord og omgrepsavklåringar	16
1.7 Avgrensingar	18
1.8 Disponering av oppgåva	19
2 Bakgrunn	21
2.1 Fordringa av tyskarane frå aust og integrasjon i vest	21
2.2 Fire fasar for bearbeiding av fortida	27
2.3 BdV og Adenauer-æraens Vergangenheitspolitik	30
2.4 Vergangenheitsbewahrung	37
3 To konkurrerande museumsprosjekt	43
3.1 Stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen	43
Konsept	43
Stiftingas leiarar og støttespelarar	46
3.2 Markus Meckels alternativ	51
Konsept	51
Støttespelarar	52
3.3 Oppsummering og drøfting	53
4 BdV og dei utanrikspolitiske krava	55
4.1 Fornyng, men ikkje brot	55
4.2. BdVs utanrikspolitiske krav	57
BdV og Polen	61
BdV og Tsjekkia	64
4.3 Oppsummering og drøfting	67
5 Debatten om Zentrum gegen Vertreibungen	69
5.1 Fasar i diskusjonen	69
5.2 Zentrum gegen Vertreibungen som tysk innanrikspolitikk	73
5.3 Zentrum gegen Vertreibungen som utanrikspolitikk	74
5.4 Medias rapportering	76
5.5 Stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen si rolle	78
5.6 Oppsummering og drøfting	80

6 Retorikken til Bund der Vertriebenen	81
6.1 BdV si framstilling av fordrivinga	81
6.2 Topos om offer i argumentasjonen for Zentrum gegen Vertreibungen	85
6.3 Kritikken frå nabolanda	90
6.4 Oppsummering	91
7 Topos om offer og om kritikken frå nabolanda i debatten	93
7.1 Dei konservative støttespelarane til stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen	93
Argumenta frå Polen og Tsjekkia	96
7.2 Dei nye støttespelarane for stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen	97
Topos om tyske offer	98
Element frå ein integrasjonistisk diskurs	99
Innvendingane frå nabolanda	102
7.3 Støttespelarane for Meckel-alternativet	105
Topos om offer	105
Kritikken frå nabolanda	108
7.4 Motstandarane av Zentrum gegen Vertreibungen	110
Topos om offer	111
Kritikken frå nabaoland	112
7.5 Oppsummering	113
8 Oppsummering og avslutning	115
Kjelder	121
Litteraturliste	124

Forkortingar

BdV Bund der Vertriebenen

BHE Bund der Heimatvertriebenen und Entrechteten

BRD Bundesrepublik Deutschland

BK Bayernkurier

CDU Christlich Demokratische Union

CSU Christlich Soziale Union

DOD Deutscher Ostdienst

DDR Deutsche Demokratische Republik

FAZ Frankfurter Allgemeine Zeitung

FDJ Freie Deutsche Jugend

FPD Freie Demokratische Partei

FR Frankfurter Rundschau

NG-FH Neue Gesellschaft – Frankfurter Hefte

PDS Partei des Demokratischen Sozialismus

SPD Sozialdemokratische Partei Deutschlands

SZ Süddeutsche Zeitung

TAZ Die Tageszeitung

VdL Verband der Landsmannschaften

ZgV Zentrum gegen Vertreibungen

ZvD Zentralverband vertriebener Deutscher

1 Innleiing

Om kvelden 30. januar 1945 la det tidlegare *Kraft durch Freude*-skipet Wilhelm Gustloff frå kai i Gdynia ved Austersjøen. Fleirtalet av dei om lag 10 000 passasjerane var sivile; barn, kvinner og gamle menneske på flukt frå den framrykkande raude armé. Etter nokre timar på sjøen vart skipet torpedert av ein russisk u-båt. Wilhelm Gustloff gjekk under i det som er den største skipskatastrofen nokon gong. Berre omlag 1000 av dei 10 000 passasjerane overlevde.¹ Undergangen til Wilhelm Gustloff høyrer også med til dei mest dramatiske einskildhendingane under tyskaranes flukt vestover. Etter 1945 vart nærare 14 millionar tyskarar tvinga på flukt eller fordrivne frå dei tidlegare tyske områda aust for Oder og Neißé og frå Polen, Tsjekkoslovakia, Ungarn, Romania og Jugoslavia.

Den vest-tyske og seinare felles-tyske erindringskulturen om andre verdskrigen har vore gjennom fleire fasar. I Adenauer-æraen på 1950-talet stod dei tyske ofra for krigen i sentrum for offentleg debatt. Den politiske høgresida prioriterte integrasjon og stabilisering i Forbundsrepublikken framfor eit gjennomgripande oppgjær med NS-forbrytarane. Frå 1960-talet vart denne tilnærminga til NS-tida utfordra. Den nye studentgenerasjonen kravde oppgjær med fortida og utforsking av NS-regimets brotsverk. Innanfor historieforskinga kom ein gradvis til å forska meir og meir ut frå eit *gjerningsmannsperspektiv* – NS-regimets forbrytarar sto i sentrum for merksemda.² Denne endringa var også knytt til ein ny politisk kurs overfor nabolanda i aust. Den sosialdemokratiske kanslaren Willy Brandts austpolitikk hadde tilliks med historieforskinga i samtida ein historisk-moralsk dimensjon. Ein kan sjå dette som to periodar, men ikkje i nokon av dei to periodane har erindringskulturen vore einskapleg. Det er meir presist å kalla det konkurrerande fortolkingar av fortida. Særleg var 1960- og 1970-talet prega av store kontroversar.

Dei om lag 14 millionar tyskarane som vart fordrivne frå Aust- og Sentral-Europa har sidan 1970-talet vore eit tema som ikkje har vore i sentrum for interessa for verken forskarar eller samfunnsdebattantar på den tyske venstresida. Historikaren Karl Schlögel har hevda at ein måtte rettferdiggjera det overfor forskarkolleagaer om ein meinte at flukta og fordrivinga var eit viktig tema for historiske arbeid. Han knytte dette til det han kallar frykta for å få applaus

¹ Franzen 2002, s. 95.

² Faulenbach 2002, s. 51.

frå ”feil side”.³ Med ”feil side” siktar Schlögel til organisasjonen Bund der Vertriebenen (BdV) og miljøet kring denne. BdV er ein paraplyorganisasjon for fleire interesseorganisasjonar for fordrivne og etterkomarane deira. Miljøet kring organisasjonen har gjennom fleire tiår vore blant dei som er meir opptekne av å sørgja over dei tyske ofra for krigen enn av å utforska NS-regimets brotsverk og å ta eit oppgjær med desse. Historikarane var altså redde for å driva ei forskning som kunne koma til å vera med på å underbyggja denne organisasjonens historiepolitiske agenda.

På 2000-talet har fordrivinga opplevd ein renessanse i den tyske ålmenta, og tematikken har vorte behandla på mange ulike felt. Då forfattaren Günter Grass publiserte romanen *Im Krebsgang* i 2002 vart han i store delar av den tyske pressa feira som tabubrytar og ein som tok opp eit lenge forsømt tema i den tyske ålmenta.⁴ Boka tek utgangspunkt i Wilhelm Gustloff-tragedien, og tematiserer både fordrivinga av tyskarane frå Aust- og Sentral-Europa etter 1945 og måten denne dramatiske hendinga har vorte hugsa og ikkje hugsa på innanfor den tyske erindringskulturen om den andre verdskrigen. Grass var langt frå den første til å ta opp temaet. I kraft av å vera ein av Tysklands leiande intellektuelle og ein person som har vore ei sentral røyst i den tyske debatten om NS-fortida gjennom fleire tiår, fekk Grass’ bok stor innverknad. Boka hans blir då også av fleire referert til som eit tidsskilje for tematisering av fordrivinga i den tyske ålmenta.⁵

Historikaren Norbert Frei hevdar at Tyskland i dag er inne i ein ny fase for bearbeiding av fortida. Han kallar denne fasen *Vergangenheitsbewahrung*.⁶ Denne fasen er kjenneteikna av at konfliktane mellom høgre- og venstresidas posisjonar i forhold til fortida ikkje er like harde som på 1970-talet, og at ein i dag heller har ein *kultur* for erindring heller enn 1960- og 1970-talets *kamp* om erindring. Historikaren Konstantin Goschler har skildra situasjonen på 2000-talet annleis enn Frei. Han opererer med to idealtypiske forståingar av det å vera offer, og skildrar den første som ein *integrasjonistisk* modell som er knytt til 1950-talet og den tyske høgresida. Denne modellen er knytt til ein overordna offerkategori som har utgangspunkt først og fremst i den eksistensielle grunnerfaringa som ligg i det å vera offer. Her viser ein ikkje kontekstuelle forskjellar mellom ulike typar offer. I sin ytste konsekvens kan det føra til at ein set opp for eksempel offer for fordrivinga mot Holocaustoffer, og gjennom det

³ Schlögel 2003, s. 5.

⁴ Sjå mellom Anna Augstein 2003, s. 48–50.

⁵ Frevert 2003, s. 9.

⁶ Frei 2005.

relativerer Holocaust som brotsverk.⁷ Den andre modellen er ein *partikularistisk* modell. Denne er knytt til 1960-talet, venstresida, oppgjer med fortida og merksemd om tyske brotsverk og tyske gjerningsmenn. Innanfor ein partikularistisk modell skil ein prinsipielt mellom offer for NS-regimets forfølgning og tyske krigsoffer, blant desse også dei fordrivne. Goschler hevdar at det som hender i dag, er at den integrasjonistiske modellen offer opplever ein renessanse.⁸ K. Erik Franzen brukar eit anna omgrepsapparat, og hevdar at 1950-talets diskurs om offer er styrkt.⁹ Eg kjem frametter til å omtala desse to motstridande måtane å omtala offer på som ein *integrasjonistisk* og ein *partikularistisk diskurs*.

Ein indikator på endringane i erindringskulturen er at tyske offer dei siste åra har fått ein meir framtrødande plass innanfor populærframstillingar av historia. Historikaren Ute Frevert hevdar det er tale om ein *erindringsboom* om tyske offer.¹⁰ Den auka merksemda om dei fordrivne tyskarane er ein del av dette biletet. Både innanfor historiefaget, i pressa, gjennom populærvitskaplege publikasjonar og tv-program og i den tyske erindringspolitikken har fordrivinga fått auka plass etter årtusenskiftet. I desse åra har også organisasjonen BdV fått ein meir sentral posisjon i den tyske ålmenta. BdV har vunne støttespelarar utanfor sitt gamle høgreorienterte og konservative miljø. Dessutan har ein idé som opphavleg kom frå BdV om å oppretta eit museum om fordrivingar, eit *Zentrum gegen Vertreibungen* (Sentrum mot fordrivingar), vunne støtte i alle parti med plass i Forbundsdagen, med unntak av ytste venstre fløy *Die Linke.PDS*.¹¹ Planane om å oppretta eit museum var omstridde frå første stund og utløyste i 2003 ein debatt som involverte både politikarar, forskarar og journalistar i både Tyskland, Polen og Tsjekkia. Debatten føregjekk i eit skjeringsfelt mellom historie og erindringspolitikk. I debatten om *Zentrum gegen Vertreibungen*, kven som skal ha ansvaret for museet, og korleis fordrivinga skal framstillast, har endringane og dei motsetnadene som finst på det erindringspolitiske feltet i Tyskland i dag, vorte særleg tydelege.

1.2 Problemstilling

Ideen om oppretting av eit *Zentrum gegen Vertreibungen* vart lansert av BdV i 2000.

Organisasjonen ønskte statleg støtte til museet. I 2002 gjekk regjeringa Schröder inn for å

⁷ Sjå til dømes Benz 1985, s 10.

⁸ Goschler 2005.

⁹ Franzen 2003.

¹⁰ Frevert 2003, s. 6–13.

¹¹ PDS var ei reformert vidareføring av Sozialistische Einheitspartei Deutschlands (SED). PDS skifta i 2005 namn og kallar seg *Die Linke* i vest og *Die Linke.PDS* i dei nye forbundsstatane.

oppretta eit *Zentrum gegen Vertreibungen*, men innanfor dette konseptet skulle den opphavlege initiatoren BdV ikkje ha nokon plass. Den første delen av problemstillinga mi er om korleis deltakarane i debatten om *Zentrum gegen Vertreibungen* (ZgV) omtalar tyske offer. Eg skal også sjå på korleis debattantane omtalar protestane mot eit ZgV frå Polen og Tsjekkia. Spørsmålet eg skal svara på, er om den måten dei tyske ofra blir omtala på i debatten, er eit uttrykk for at ein integrasjonistisk diskurs har fått ein renessanse, i tråd med forståinga til Goschler, eller om det som hender er noko anna – at fordrivinga no blir kontekstualisert på ein ny og annleis måte. Dette ville i så fall vera meir i tråd med Freis skildring av ein ny fase i opparbeidinga av NS-fortida. Kan ein i debatten om *Zentrum gegen Vertreibungen* identifisera ein ny diskurs om tyske offer – ein posisjon bortanfor den *integrasjonistiske* og den *partikularistiske* diskursen om offer?

Den andre delen av problemstillinga er knytt til organisasjonen BdV. Eg skal analysera kor stor grad av høvesvis brot og kontinuitet som finst i måten organisasjonen framstår på etter at CDU-politikaren Erika Steinbach vart leiar i 1999. Her skal eg både sjå på organisasjonens retorikk, den politiske praksisen og samspelet mellom desse. Eg vil også sjå spesielt på korleis BdV plasserer seg i høve til endringane i erindringskulturen.

Forståinga mi av debatten knyter an til historikaren Martin Sabrow sine utleggingar om *Zeitgeschichte* som *Streitgeschichte*.¹² Debatten om ZgV er ein debatt som føregår i media – om eit tema som er knytt til historie, men der diskusjonen berre delvis berører historiefaget. Debatten handlar om kva plass tematikken skal ha i ålmenta, og kven som skal ha fortolkingsretten til tematikken.

1.3 Forskingsstatus

Debatten om *Zentrum gegen Vertreibungen* er vorte mykje referert til i tidsskriftsartiklar dei siste åra, men det har gjerne dukka opp som eit tema litt på sida av hovudspørsmålet i artikkelen.¹³ Det er også vorte publisert korte presentasjonar av diskusjonen.¹⁴ Statsvitaren Samuel Salzborn har analysert diskusjonen om *Zentrum gegen Vertreibungen* i ein tidsskriftsartikkel hausten 2003.¹⁵ Salzborn, som sjølv også var ein aktør i diskusjonen, hevdar at debatten var prega av fråver av substansiell innholdsmessig kontrovers – debatten som ifølgje han burde ha handla om konkurrerande tolkingar av hendingane knytte til flukt og

¹² Sabrow, Jessen og Große Kracht 2003, s. 15.

¹³ Sjå mellom anna Bingen 2005, Urban 2005, Faulenbach 2002 og Jeisimann 2005.

¹⁴ Sjå mellom anna Eckert 2004 og Mechtenberg 2003 og 2004.

¹⁵ Salzborn 2003.

fordriving – enda opp med å handla om kvar museet skulle plasserast. I tillegg hevda han at BdVs posisjon var styrkt fordi kravet deira om eit senter la premissa for diskusjonen.¹⁶ I denne oppgåva legg eg opp til ein breiare gjennomgang enn Salzborn og inkluderer også ein analyse av BdVs politiske praksis i same periode. Eg ser dessutan på debatten ut frå andre forventningar enn Salzborn. Eg ser på det som ein diskusjon om den tyske erindringskulturen, ikkje som ein historiefagleg debatt. Innanfor den tyske erindringskulturen er både spørsmålet om tyske offer og tilhøvet til nabolanda Tsjekkia og Polen substansielt. Den amerikanske kulturhistorikaren Robert G. Moeller har skildra posisjonen dei tyske ofra har i tysk erindringskultur. Han har påvist at tematiseringa av tyske offer som vi ser i dag, ikkje er ny, men at forteljinga om dei tyske ofra tvert om var ein heilt sentral grunnleggingsmyte i den tidlege Forbundsrepublikken.¹⁷ Constantin Goschler og K. Erik Franzen har bae, kvar på sine vis, presentert to diskursar om NS-fortida og fordrivinga og knytt desse til høgre-venstreaksen i tysk politikk.¹⁸

Statsvitaren Pertti Ahonen har studert BdVs innverknad på tysk utanrikspolitikk i 1945–1990, og han hevdar at BdV har hatt ein negativ innverknad overfor nabolanda Tsjekkia og Polen.¹⁹ I 2005 førte Ahonen analysen sin eit tiår lenger fram og konkluderte med at det har vore stor grad av kontinuitet i organisasjonens utanrikspolitiske engasjement etter 1989.²⁰ Samuel Salzborn har skrive to bøker om BdV og dei fordrivnes organisasjonar – og er blant dei få som har skildra ideologien og den politiske praksisen til fordrivnemiljøet etter 1990. Salzborn gjev mykje verdifull informasjon, men er samstundes meir journalistisk enn akademisk.²¹

1.4 Kjelder

Som hovudkjelde til diskusjonen om Zentrum gegen Vertreibungen og den politiske linja til BdV bruker eg tyske avisers dekking av problematikken. Slik får eg best undersøkt problemstillinga – som er knytt til debatten slik han vart ført i ålmenta, og korleis organisasjonen BdV står fram i ålmenta. Eg har valt å bruka eit utval av tyske aviser og

¹⁶ *Salzborn var ein av initiatorene for "Für einen kritischen und aufgeklärten Vergangenheitsdiskurs" som var eit opprop mot begge initiativa for oppretting av eit museum.*

¹⁷ Moeller 2005, 2001 og 1996.

¹⁸ Franzen 2003 og Goschler 2005.

¹⁹ Ahonen 2003.

²⁰ Ahonen 2005.

²¹ Salzborn 2001 og 2000. Salzborn har bakgrunn som journalist i ytre-venstre avisa *Jungle World*. Avisen er ein avleggjar av *Junge Welt*, avisa til Freie Deutsche Jugend.

tidsskift som er knytte til ulike politiske og sosiale miljø, dei fleste av publikasjonane er landsdekkande. Eg har sett på den liberale *Süddeutsche Zeitung (SZ)*, den venstreliberale *Frankfurter Rundschau (FR)*, konservative *Frankfurter Allgemeine Zeitung (FAZ)* og den konservative Springer-eigde *Die Welt*.²² Desse er alle store aviser som høyrer til blant dei viktigaste meiningsdannande avisene i Tyskland. Dessutan har eg teke for meg den intellektuelle vekeavisa *Die Zeit*, venstreorienterte *Die Tageszeitung (TAZ)* som er knytt til det politiske miljøet kring partiet *Bundnis 90/Die Grünen*. Eg ønskte også å bruka Berlinutgåva av Tysklands største avis, tabloidavisa *Bild Zeitung*, men denne diskusjonen vart ikkje ført i avisas spalter, så det lot seg ikkje gjera. I tillegg har eg brukt den regionale avisa *Bayernkurier (BK)* som blir gjeve ut av det konservative partiet *Christlich Soziale Union (CSU)* som er uttalte støttespelarar for Sudetendeutsche Landsmannschaft, ein av BdVs medlemsorganisasjonar.²³ Eg har også sett på tidsskiftet *Die neue Gesellschaft – Frankfurter Hefte* som blir gjeve ut av den sosialdemokratiske Friedrich Ebert-stiftinga. BdVs eigen medlemspublikasjon *Deutscher Ostdienst (DOD)* er også inkludert i kjeldematerialet. På grunn av den store tekstmengda prioriterte eg å gå gjennom *Süddeutsche Zeitung*, *Die Tageszeitung* og *Die Zeit* for heile perioden, dei andre har eg gått gjennom 2003 årgangen til. I tillegg har eg supplert med artiklar frå nyhendemagasinet *Der Spiegel*, trykte intervju frå *Deutschlandradio* og tidsskriftet *Die Politische Meinung* som blir gjeve ut av den konservative Konrad Adenauer-stiftinga. Kjeldematerialet frå avisene inneheld nyhendeartiklar, redaksjonelle kommentarar, kronikkar og lesarbreve.

Avisene eg har sett på, representerer eit mangfald av sosiale og politiske miljø som er tonegjevande i den tyske debatten. Dei gjev dermed oversyn over dei sentrale trekka i dei tonegjevande politiske miljøa sine synspunkt i debatten. Dermed er kjeldene også representative for debatten slik han vart ført i ålmenta. Eg har også valt å inkludera andre typar kjelder i oppgåva mi; pressemeldingar og publiserte talar frå BdV og stiftinga *Zentrum gegen Vertreibungen* og pressemeldingar og talar frå Schröder-regjeringa og referat frå den tyske Forbundsdagen.

Til desse kjeldene er det naudsynt å koma med fleire kjeldekritiske merknader og presiseringar. Innanfor historiefaget er det vanleg å skilja mellom sekundærkjelder og primærkjelder. Forbundsdaysvedtaka og talane er primærkjelder, medan avisomtalar av

²² Axel Springer Verlag er Tysklands største mediekonsern og eig også Bild Zeitung.

²³ Christlich Soziale Union (CSU) er det bayerske systerpartiet til Tysklands kristendemokratar CDU. Sudetendeutsche Landsmannschaft er ein av medlemsorganisasjonane til paraplyorganisasjonen BdV.

vedtaka og talene blir sekundærkjelder. Denne grensegangen er i utgangspunktet lett å forhalda seg til, men i denne oppgåva blir avisrapporteringa både ein sekundær- og ein primærkjelde. Dei er sekundærkjelder fordi det er ei fortolka attgjeving av noko som hende – men dei er samstundes primærkjelde til avisomtalen av kva som hende, og til kva som vart formidla i den tyske ålmenta. Når det gjeld spørsmålet om korleis BdV står fram i ålmenta, fungerer avisene som primærkjelder saman med organisasjonens eigne publikasjonar og pressemeldingar.

Avisene gjev grundige rapportar om viktige hendingar. Samstundes er avisene redigerte etter eigendefinerte nyhendekriterium, interessefelt og vinklingar – ikkje etter kva som hender. Måten ei avis slår opp ei sak på, kan skilja seg mykje frå kva den som saka handlar om, hadde på hjarta. Oppslaget fortel korleis det som hende, vart fortstått og fortolka i eit nyhendeperspektiv og frå avisas val av vinkel. Lesing av fleire aviser parallelt gjev oversyn over kva hendingar som vart rekna som viktige i medieålmenta. Avisene utfyller kvarandre med omsyn til hendingsforløp, og gjev innblikk i kva fortolkingar ulike politiske og sosiale miljø hadde av kva som hende. Avisene publiserte dei mange kronikkane, debattinnlegga, kommentarane og lesarbreva som kom inn i debatten. Desse var skriva med det som mål å bli publiserte i debatten, og dei er dermed primærkjelde til korleis dei ulike aktørane ville framstilla synspunkta sine i den tyske ålmenta. Debattinnlegg og lesarbreva kan i like stor grad vera knytte til instrumentelle retoriske strategiar, og avsendar kan ha ein annan agenda enn det som kjem til uttrykk i meiningsytringa. I denne debatten spelar spørsmålet om kva som er aktørane – og då spesielt organisasjonen BdVs bakanforliggjande motiv ei ikkje ubetydeleg rolle. Eg har ikkje hatt tilgang til interne notat eller andre bakanforliggjande overvegingar som vart gjort av organisasjonane. Men ein analyse av den politiske praksisen til BdV vil gje eit meir utfyllande bilete av agendaen organisasjonen har enn ein analyse som berre inkluderer retorikken.

Spørsmålet om eit Zentrum gegen Vertreibungen er vorte debattert på forskarkonferansar og i *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft*.²⁴ Denne delen vart ført innanfor ei spesialisert forskarålmente, og fell slik utanfor det feltet eg skal analysa, som er debatten slik han vart ført i ålmenta.

²⁴ Sjå mellom anna Naimark 2004, Danyel & Klessmann 2004, Ther 2004 og Bingen, Borodziej & Troebst 2003, s. 277–320.

1.5 Teoretisk utgangspunkt og metode

Det teoretiske og metodiske utgangspunktet mitt for analysen av debatten om Zentrum gegen Vertreibungen er Norman Faircloughs kritiske diskursanalyse. Faircloughs analysemodell eignar seg spesielt til å undersøkje endringar i språkbrukspraksis, og det er primært for å spora endringar eg vil gjera nytte av ei diskursanalytisk tilnærming.

Med *diskurs* meiner eg her språkbruk som sosial praksis. Ein diskurs er *en måte at tale på, der giver betydning til opplevelser ud fra et bestemt perspektiv*.²⁵ Ein diskurs er altså eit mønster for språkbruk som konstituerer ein måte å skildra verda eller delar av verda på. Ein kan til dømes snakka om ein feministisk eller ein marxistisk diskurs, eller om ein partikularistisk og ein integrasjonistisk diskurs om offer. Grunnpremissen for Faircloughs kritiske diskursanalyse er eit skilje mellom diskursiv praksis – produksjon, mottak og fortolking av tekstar – og andre former for sosial praksis. Han meiner at andre sosiale praksisar følgjer andre logikkar. Fairclough reserverer diskursomgrepet til tekst, tale og semiologiske system, og meiner at diskursiv praksis er med på å konstituera den sosiale verda – både sosiale relasjonar og sosiale identitetar. Dermed er tekst og språk med på å både reprodusera kultur og sosial praksis og på å endra denne. Fairclough meiner at det også finst samfunnsmessige fenomen som ikkje har ein lingvistisk- diskursiv karakter. Endringane kan også koma frå andre stader enn innanfrå språkbrukssystemet. Den diskursive praksisen inngår i eit dialektisk samspel med andre praksisar, desse konstituerer i praksis kvarandre gjensidig. Dermed opnar han for at endring kan ha årsaker som er å finna utanfor diskursen. Fairclough meiner såleis ikkje at språkbruken skaper verda, og hans synsmåtar står dermed heller ikkje i tydeleg motstrid til historiefagets forklaringsmåtar for samfunnsmessig endring.

Faircloughs kritiske diskursanalyse er ein modell og ein prosedyre for analyse av tekst i kontekst, både i situasjonskonteksten og i den kulturelle konteksten. Faircloughs modell er omfattande og passar best for ein mangefasettert analyse av små tekstmengder.

Utgangspunktet for oppgåva mi er noko annleis – eg skal analysera store tekstmengder. Dermed må eg gjera tilpassingar for å få eit verktøy som er eigna for analysen min. Eg tek utgangspunkt i Faircloughs forståing av diskurs, og i hans grunnpremiss om samspelet mellom diskursar og andre sosiale praksisar som grunnlag for endring. Faircloughs omgrep *diskursorden* syner til summen av dei diskurstypane (diskursar og sjangrar) som brukast innanfor ein sosial institusjon eller eit sosialt domene. I analysen min er diskursordenen *tematiseringa av NS-tida i den tyske ålmenta*. Den tyske høgresida har hatt ei ganske annleis

²⁵ Philips & Winther Jørgensen 1999, s. 79.

tilnærming til denne problematikken enn venstresida. Historikarane Franzen og Goschler har skildra desse tilnærmingane som to ulike diskursar, den eine er knytt til venstresida i tysk politikk, den andre til høgresida.

Faireloughs reiskap er spesielt eigna for å undersøka endringar. Gjennom språkbruk blir diskursane ikkje berre reproduserte, men også endra. *Artikulering* av ulike diskursar innanfor og på tvers av grensene mellom forskjellige diskursordenar er eit uttrykk for *interdiskursivitet*.²⁶ I *kreativ diskursiv praksis* opptre dei ulike diskurstypene på ein ny og kompleks måte. Dette er eit teikn på, og ei drivkraft i sosiokulturell forandring. Diskursive praksisar der diskursane er blanda på konvensjonelt vis, er derimot eit teikn på og ei drivkraft i oppretthalding av ein dominerande diskursorden.²⁷ Utgangspunktet for analysen min er at den tyske erindringskulturen er i endring, og at posisjonane har vorte forskyvd i høve til tidlegare. Gjennom å leita etter kreativ diskursiv praksis gjennom artikulering av partikularistiske eller integrasjonistiske diskursar innanfor same tekst vil eg kunne sjå kvar endringane innanfor erindringskulturen føregår. Med omgrepet kreativ diskursiv praksis som utgangspunkt vil eg sjå om det har oppstått ein tredje diskurs om dei fordrivne og dei tyske ofra. Eg skal også bruka nokre andre omgrep frå det diskursanalytiske feltet i analysen.

Eg har lånt omgrepet *nodalpunkt* frå Ernst Laclau og Chantal Mouffes diskursteori. Ein diskurs blir etablert gjennom at tyding utkrystalliserast kring nodalpunkt. Nodalpunkt er eit privilegert teikn som dei andre teikna ordnast kring og får tydinga si i høve til. Innanfor diskursordenen for debatten om Zentrum gegen Vertreibungen og den tyske erindringskulturen om NS-fortida, finst fleire diskursar om fortida. Éin er knytt til den politiske høgresida, og éin til venstresida. Holocaust er eit nodalpunkt innanfor den partikularistiske diskursen – fordi Holocaust gjev meining til omgrepa offer og gjerningsmenn, og gjer at dei tyske gjerningsmennene har ei anna interesse enn dei tyske ofra. Innanfor den integrasjonistiske diskursen er universelle menneskerettar nodalpunkt. Dermed blir konteksten for når ei gruppe vart offer, mindre viktig innanfor ein integrasjonistisk diskurs enn det er innanfor ein partikularistisk diskurs om offer.

Eg kjem også til å bruka omgrepet *topos*. Diskursteoretikaren Ruth Wodak definerer dette som ”*recurrent argumentation schemes which are intended to make the audience draw a*

²⁶ Interdiskursivitet er i slekt med Julia Kristevas omgrep *intertekstualitet*. Intertekstualitet inneber eit postulat om at alle tekstar har ei rekkje andre tekstar vevd inn i seg. Intertekstualitet er knytt til tekstsamspel mellom eksisterande tekstar, og normsamspel mellom tekstnormar knytte til ulike normar og sfærar i samfunnet. Etter Tønnesson 2002, s. 221.

²⁷ Philips og Winther Jørgensen 1999, s. 84.

particular inference”,²⁸ altså argumentasjonsskjema som hyppig blir gjentekne for å få publikum til å trekkja bestemte konklusjonar. I framstillinga av kva topos som blir brukt i debatten, vil eg gje eit inntrykk av om påstandane og framstillinga blir gjenteke ofte eller om dei førekjem sjeldan.

1.6 Ord og omgrepsavklåringar

Som bakteppe for forståinga mi av den diskusjonen eg skal analysere, ligg ei oppfatning av at diskusjonen ikkje primært er historiefagleg, men at han føregår i skjeringspunktet mellom historiefaget, med sin vitskaplege metode for oppklåring om fortida, og *minne* som er den kollektive erindringa av historia. Historia om NS-tida er langt framme i det historiske medvitet om fortida, og kan difor seiast å vera eit sentralt stikkord for den tyske sjølvforståinga.²⁹

Det var den franske sosiologen Maurice Halbwachs som introduserte omgrepet *kollektiv erindring*. Han påpeika at minne er ein sosial aktivitet som finn stad i ein sosial kontekst.³⁰ Dette gjer at folk kan *hugsa* ting ein ikkje sjølv har opplevd personleg, men som inngår i ei gruppe sitt felles medvit om deira eigenart. Reinhart Koselleck har kritisert omgrepet kollektiv erindring for å antyda at det finst eit kollektivt subjekt som kan hugsa.³¹ Han påpeikar at det er store individuelle forskjellar. Denne merknaden er særleg relevant i høve til oppgåva mi, fordi forskjellane mellom korleis ulike grupper hugsar historia om fordrivinga er så store. Eg vel likevel å bruka omgrepet kollektiv erindring fordi det peikar på ein fellesskap. Dei ulike tradisjonane for å minnast NS-fortida og fordrivinga på, relaterer seg då også til kvarandre og konkurrerer på eit vis om oppslutnad innanfor den same gruppa.

Minne om fortida, den kollektive erindringa, blir blant anna formidla gjennom det kulturhistorikaren Anne Eriksen kallar historieapparatet. Dette er samfunnets autoriserte leverandørar og forvaltarar av historie; historiefaget og utøvarane av faget, museum, kulturminnevern, skule og andre samfunnsinstitusjonar. Altså ei gruppe institusjonar og aktørar med ein viss offentleg innverknad. Her må eg leggja til at den ”historia” dei formidlar, sjølv sagt ikkje er eintydig.³²

Anne Eriksen skriv om monument at dei representerer ein dialog mellom fortid og framtid, og det same kan seiast om eit museum. Museet er i seg sjølv eit teikn på at noko har

²⁸ Wodak 2006, s. 136.

²⁹ Sabrow, Jessen og Große Kracht 2003, s. 11.

³⁰ Eriksen 1999, s. 86.

³¹ Koselleck 2003, s. 205.

³² Eriksen 1999, s. 14.

hendt, samstundes er det også eit uttrykk for samfunnet si vilje til å hugsa det som er hendt på nettopp denne måten. Det får slik ein dobbel minnefunksjon. Slik blir monument og museum koplingspunkt mellom fortid og framtid. Strid om monument er ofte ikkje knytt til konkret strid om fortida, men til den tydinga fortida skal ha i framtida.³³ Dette spelar debatten om Zentrum gegen Vertreibungen inn i. Spørsmålet er kva tyding dei tyske fordrivne skal ha i framtida og i kva grad dei skal vera til stades i det kollektive minnet om fortida.

Eg kjem også til å bruka omgrepet *etnisk reinsing*. Med dette forstår eg det å fjerna ei nasjonal eller religiøs gruppe heilt eller delvis frå eit bestemt geografisk område.³⁴ Etnisk reinsing er brutalt og involverer ofte vald og drap. Fordringa av tyskarane frå aust var etter denne definisjonen å forstå som ei etnisk reinsing. Sjølv om grensegangane er flytande, og etnisk reinsing kan ha trekk i seg av *folkemord*, er etnisk reinsing vesensforskjellig frå folkemord. Folkemord er handlingar som blir gjorde for å utsletta ei nasjonal, etnisk, rasemessig eller religiøs gruppe heilt eller delvis.³⁵ Intensjonen er ulik. Folkemord er planlagt drap, slik som nazistane drap på dei europeiske jødane.

Eg kjem også til å bruka omgrepet *meisterforteljing*. Omgrepet blir brukt i ei rad ulike tydingar, men eg brukar omgrepet i tråd med Jessen og Sabrow.³⁶ Meisterforteljing er knytt til narrativiteten i historiefaget og til eit poststrukturalistisk behov for å skriva historie pluralistisk. Omgrepet er knytt til subjektivisme, og understrekar konstruksjonskarakteren til historieskrivinga. Det inneber ikkje at historieskriving blir som å skriva skjønnlitteratur. Det impliserer derimot at historiefaget aldri kan visa fram heile fortida, men at fortida alltid blir forstått ut frå notida. Omgrepet syner vidare til at det innanfor ein kulturell fellesskap til ei bestemt tid finst ein dominerande måte, eller dominerande måtar, å fortelja om fortida på. Det oppstår hegemoniale fortolkingsmønster over fortida. Omgrepet meisterforteljing femnar vidare enn historiefaget og inkorporerer også kulturelle minnetradisjonar, medial formidling av historia og politiske markeringar av historia. Dessutan peikar omgrepet også på sosial makt. Ei meisterforteljing er knytt til ei sosial gruppe og blir etablert og sett gjennom av denne. Goschler har skildra to ulike diskursar om tyske offer, knytt til ulike politiske miljø i Tyskland, ein partikularistisk og ein integrasjonistisk diskurs. Desse diskursane er i sin tur knytte til to ulike meisterforteljingar om fortida.

³³ Eriksen 1999, s. 95.

³⁴ Naimark 2003, s. 23.

³⁵ Sitert etter Naimark 2003, s. 23.

³⁶ Jarausch og Sabrow 2002 s. 9-32.

Debatten eg analyserer, blir kalla debatten om Zentrum gegen Vertreibungen – ein debatt om oppretting av eit museum om fordriving, eit senter mot fordrivingar. Zentrum gegen Vertreibungen er samstundes namnet til ei stifting og namnet på det prosjektet stiftinga ønskjer å gjennomføra. I tillegg har den sosialdemokratiske politikaren Markus Meckel teke initiativ til det han kallar eit europeisk Zentrum gegen Vertreibungen. Zentrum gegen Vertreibungen kan dermed både visa til temaet for debatten, ei stifting, eller to konkurrerande museumsprosjekt. For å unngå forvirring, kallar eg stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen for ZgV og prosjektet denne stiftinga vil ha, for Steinbach og Glotz' prosjekt.³⁷ Markus Meckels europeiske Zentrum gegen Vertreibungen blir referert til som Markus Meckels-prosjektet, eller alternativ. Zentrum gegen Vertreibungen i ubestemt form refererer til ideen om eit Zentrum gegen Vertreibungen, uavhengig av initiativtakar.

1.7 Avgrensingar

Eg har valt å avgrensa oppgåva mi til perioden frå opprettinga av stiftinga ZgV i 2000 og fram til regjeringsskiftet i 2005. Med regjeringsskiftet hausten 2005 vart vilkåra for debatten om Zentrum gegen Vertreibungen endra på fleire vis, difor er det grunn til å sjå på tida frå lanseringa av planane i 2000 og fram til regjeringsskiftet som ein eigen periode. Med Angela Merkel (CDU) som kanslar fekk Tyskland ein regjeringsjef som fleire gongar har garantert si sterke personlege støtte til stiftinga ZgV. Partiet CDU står også for ein heilt annan fortidspolitikk enn det den raud-grøne regjeringa gjorde. Kombinert med at det nasjonal-konservative *Lov og Rettferdspartiet* (PiS) kom til makta i Polen har dette også ført til eit endra forhold mellom dei to regjeringane. I tida etter min periode har forskjellane mellom dei ulike konsept for eit Zentrum gegen Vertreibungen også vorte tydelegare. I desember 2005 opna *Haus der Geschichte*³⁸ i Bonn dørene for si utstilling om fordrivinga, og i 2006 sto stiftinga ZgV bak ei utstilling om fordrivinga.³⁹

Den eine problemstillinga i oppgåva mi går som nemnt ut på å identifisera endringar i måten ein snakkar om fordrivinga på. Dette gjer tida der Gerhard Schröder var kanslar, særleg interessant, fordi det var på venstresida dei største endringane hende. Den andre problemstillinga er knytt til organisasjonen BdV og korleis organisasjonen sto fram i pressa i same tid som debatten føregjekk.

³⁷ Etter Erika Steinbach og Peter Glotz, leiarane for stiftinga ZgV.

³⁸ Haus der Geschichte er ei statseigd stifting.

³⁹ Denne utstillinga opna 10. august 2006 i Kronprinzenpalais i Berlin.

I oppgåva tek eg utgangspunkt i organisasjonen BdV og i den striden som har kjenneteikna Forbundsrepublikken om oppgjeret med NS-fortida. Som Warzawapaktland hadde DDR ei heilt annleis tilnærming til fordrivingsproblematikken og til oppgjer med fortida enn Vest-Tyskland. Fordrivinga av tyskarane var eit kjenslevart tema i DDR. Frå 1989 har det sameinte Tyskland måtte etablere ein ny fellestysk erindringskultur, noko som spelar ei rolle som bakteppe for oppgåva, men som rammene ikkje tillet ei inngåande drøfting av. Zentrum gegen Vertreibung har også vorte grundig diskutert i Polen og i Tsjekkia. Den interne diskusjonen i desse landa har eg ikkje sett på, men eg har også sett på det som vart referert i tysk presse om diskusjonen, fordi dette påverka den tyske diskusjonen. Det er store forskjellar innanfor dei mange organisasjonane som er tilslutta BdV og også forskjellar i korleis fordrivingstematikken blir oppfatta i land som Polen, Tsjekkia, Slovakia, Romania, Ungarn og Jugoslavia. Eg har valt å konsentrere meg om tilhøvet mellom Tyskland og Polen og Tsjekkia. Både fordi dette var dei landa som hadde størst tysk folkesetnad før 1945, og fordi det er desse landa som har vore mest framme i diskusjonen. Samstundes har dette vore den mest oppheita debatten. Dermed ser eg ikkje bort frå at gjennom å inkludera fleire land ville ha kunne fått eit anna bilete av BdV og av fordrivinga som kjelde til strid, for tematikken skaper ikkje tilsvarande problem mellom Tyskland og Ungarn eller mellom Tyskland og Kroatia.

Det er BdVs øvste leiing som står i sentrum for analysen, men bayerske CSU og den sudet-tyske rørsle (*Sudetendeutsche Landsmannschaft*) spelar også ei synleg rolle i den overregionale politikken. Og det er desse tre som er dei mest synlege representantane for miljøet i den tyske ålmenta. Ein kan finna fleire eksempel i BdVs lokalforeiningar på gode kontaktar med Polen – desse finst sjølvsagt også på individnivå. I BdVs lokalforeiningar finst det også folk med band til høgrekstreme miljø. Å inkludera alle nivå i BdV ville kunne gje eit meir mangefasettert bilete av BdVs politiske praksis i same periode.

1.8 Disponering av oppgåva

Det første kapitlet presenterer problemstilling, tidlegare forskning om temaet, kjelder, teori, metode og ord- og omgrepsavklåringar.

Det andre kapitlet presenterer den overordna historiske konteksten: fordrivinga, integrasjonen av flyktingane og framveksten av ei organisert rørsle av fordrivne. Kapitlet tek også for seg endringane innanfor den tyske erindringskulturen frå 1950- og fram til 1970-talet, og viser korleis rørsle av fordrivne, som var eit barn av 1950-talet, ikkje var ein del av

den fortidspolitiske nyorienteringa som særleg gjekk føre seg på den tyske venstresida. Rørsla vart gradvis marginalisert.

Det tredje kapitlet tek for seg bakgrunnen for at det oppsto to konkurrerande Zentrum gegen Vertreibungen, og kva som skilde stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen frå det initiativet Markus Meckel (SPD) sto bak. Kapitlet drøftar også stiftinga ZgVs strategi for gjennomføring av konseptet sitt.

Det fjerde kapitlet analyserer BdVs politiske praksis i perioden 2000–2004 og vurderer i kva grad organisasjonen har fornya utanrikspolitikken sin overfor Polen og Tsjekkia under Erika Steinbachs leiing.

Det femte kapitlet tek for seg dei ulike fasane i debatten om Zentrum gegen Vertreibungen. Kapitlet syner korleis debatten både var ein del av tysk innanrikspolitikk og kva utanrikspolitiske konsekvensar han fekk. Kapitlet viser også korleis frontane i debatten gjekk, og analyserer stiftinga ZgVs rolle i debatten.

Kapittel seks tek for seg korleis fordrivinga blir formidla i BdVs blad DOD. I tillegg analyserer eg her kva topos om offer og kva topos om dei utanrikspolitiske konsekvensane av oppretting av eit Zentrum gegen Vertreibungen som blir brukt innanfor BdV-miljøet. Eg vurderer også i kva grad dette er endra i høve til måten miljøet har forhalde seg til denne tematikken tidlegare.

I kapittel sju undersøker eg dei sentrale toposa om offer og om dei utanrikspolitiske konsekvensane av oppretting av eit museum om fordriving i Zentrum gegen Vertreibungen-debatten. Innlegga er inndelte i fire undergrupper etter kva sosiale og politiske miljø forfattaren høyrer til i, og etter kva standpunkt dei tek i diskusjonen.

Kapittel åtte inneheld oppsummering og konklusjonar.

2 Bakgrunn

Dette kapitlet gir eit bakteppe for forståing av debatten om Zentrum gegen Vertreibungen. Kapitlet fortel om fordrivinga av tyskarane frå aust, integreringa av flyktningar og fordrivne i Vest-Tyskland og om framveksten av ei organisert rørsle for fordrivne. Kapitlet tek for seg dei fire fasane i Forbundsrepublikkens bearbeiding av NS-fortida, omtalar framveksten av organisasjonen BdV og vurderer den politiske orienteringa deira i ljøs av politiske og kulturelle straumdrag i samtida. Kapitlet presenterer også dei som har vore i den tyske erindringskulturen sidan 1990-talet.

2.1 Fordrivinga av tyskarane frå aust og integrasjon i vest

21. oktober 1944 erobra den sovjetiske hæren den tyske landsbyen Nemmersdorf i Østpreussen. Innbyggjarane vart massakrerte, og berre éi av 637 overlevde. Dagen etter var landsbyen teke tilbake av Wehrmacht. Nemmersdorf var den første tyske landsbyen som vart innteke av den raude armé. Massakren vart hyppig brukt i NS-regimets propaganda, og det vart ikkje spart på grufulle detaljar. Målet med propagandaen var å gjera folk redde for dei sovjetiske soldatane, og å gje folk vilje til å halda ut og til å kjempa imot. Propagandaen fungerte ikkje etter målsetnaden, for nyhenda om Nemmersdorf sette i gang ei fluktbølge vestover.¹ Fordrivinga av tyskarane kan delast inn i fleire fasar. Den første er den omtala flukta frå den framrykkande raude arméen vinteren 1944. Den neste er den kaotiske perioden like etter dei sovjetiske styrkanes invasjon. Deretter kom ein meir organisert fase der tyskarane vart internerte, fengsla og utviste etter at fordrivinga offisielt var vedteke, og dei nye styresmaktene hadde overteke forvaltninga. Denne varte heilt fram til 1947 då dei fleste tyskarane var ute av Polen og Tsjekkoslovakia.²

På konferansen til sigersmaktene i Potsdam sommaren 1945 vart lagnaden til den tyske befolkninga i Polen og områda aust for elvene Oder og Neißé, Tsjekkoslovakia, Ungarn, Romania og Jugoslavia diskutert.³ Protokollen frå Potsdam slo fast at tyskarane skulle ut av desse områda, og at fordrivinga skulle skje på ein ”ordna og human måte.”⁴ Tanken var at

¹ Franzen 2002, s. 41.

² Etter Faulenbach 2002, s. 44.

³ Fordrivinga vart autorisert gjennom The Potsdam Declaration. Protokollen frå Potsdam hadde ikkje status som folkerettsleg bindande.

⁴ Frå Section XIII The Potsdam Declaration, sitert etter Kramer 2001, s. 5 (mi omsetjing).

utvising var det einaste som kunne sikra stabilitet og varig fred i regionen.⁵ Sigersmaktene viste mellom anna til at ein måtte unngå "eit nytt München" i Tsjekkoslovakia. Ideen om befolkningsutveksling og etnisk homogenitet som ein måte å stabilisera samfunn på stod sterkt i 1945.⁶ Den sterke posisjonen til denne tankegangen, og dei mange tilfella av tvangsforflytting av folkegrupper i Europa på 1900-talet har fått historikaren Philipp Ther til å omtala 1900-talets Europa som *a Century of Forced Migration*.⁷ I dei diskusjonane dei allierte hadde om den framtidige lagnaden til tyskarane vart befolkningsutvekslinga mellom Hellas og Tyrkia, som var heimla i avtalen frå Lausanne i 1923, referert til som eit vellukka førebilete for behandlinga av tyskarane.⁸ I dag er brotsverka og dei store menneskelege lidningane som følgde med den gresk-tyrkiske befolkningsutvekslinga, og som alltid følgjer i kjølvatnet av etnisk reinsing, meir kjende.

Planane om fordriving var lagt på førehand. Dei tre i anti-Hitlerkoalisjonen hadde vorte einige om prinsippet alt på konferansen i Teheran i 1943. Polske og tsjekkoslovakiske eksilpolitikarar spela også ei rolle i utforminga av planane, men det var stormaktene som tok avgjerdene. Stalin var arkitekten bak Oder-Neiße-grensa og vestforskyvinga av Polen. Områda aust for elvane San og Bug, som hadde vorte okkuperte av Sovjetunionen i tråd med Sovjet og NS-Tysklands pakt frå 1939, vart ikkje gjeve tilbake til Polen. Vestmaktene ønskte ikkje denne nye grensa, men ho kom til som ein del av eit kompromiss i forhandlingane. Protokollen frå Potsdam slo fast at områda aust for Oder og Neiße skulle vera under polsk forvaltning inntil vidare. Den endelege avgjerda om grensa skulle fastsetjast på ein fredskonferanse på eit seinare tidspunkt. På grunn av det stadig meir spente forholdet mellom Sovjet og vestmaktene vart denne konferansen aldri heldt, og dei tidlegare tyske områda vart verande under polsk herredøme.⁹

Fram til 1950 hadde det okkuperte Tyskland og seinare BRD og DDR teke imot 11,2 millionar flyktningar.¹⁰ Den amerikanske historikaren Norman Naimark hevdar at så mange som 2,5 millionar forsvann på veg til Tyskland, mange av desse mista livet.¹¹ Sjølv om tala er usikre, er det sikkert at fordrivinga av tyskarane frå aust er den mest omfattande etniske

⁵ Brandes 2003, s. 124.

⁶ *Befolkningsutveksling* er eit ord som er i tråd med denne tidas syn, og høyrest harmlaust ut i høve til det som hender. Nemninga *etnisk reinsing* er meir dekkjande for det som hende.

⁷ Ther 2001, s. 43–72.

⁸ Kramer 2001, s. 2 og Brandes 2005, s. 885–896.

⁹ For meir om dette, sjå Henke 1986, s. 58–82 og Foschepoth 1986, s. 86–110.

¹⁰ Franzen 2002, s. 324.

¹¹ Naimark 2003, s. 27, s. 117 og s. 126. Både desse tala er anslag. Ueinigheitene spelar dessutan også ei rolle i diskusjonen.

reinsinga av ei enkelt folkegruppe i Europa i det 20. hundreåret.¹² Theodor Schieders dokumentasjon av fordrivinga av tyskarane frå Aust-Europa er ei rystande forteljing om brutal sigerherrejustis og hemn; drap, plyndring, vald, valdtekt av kvinner og barn, internering og svolt.¹³ Ein rapport frå den politiske seksjonen i den raude armé i Polen frå august 1945 gjev nokre eksempel på den harde kvardagen for tyskarar i dei områda som var kontrollerte av Polen i tida etter Wehrmachts nederlag. Rapporten oppsummerer at den tyske befolkninga svelt, fleire stader er folk nære ved å døy av svolt. Dessutan blir polakkanes plyndring av tyskarane heile tida verre. Talet på vilkårlege drap på tyskarar aukar, og det er vorte fleire vilkårlege arrestasjonar og lange straffer der dei innsette blir behandla på ein audmjukande måte. Situasjonen var så ille at soldatar frå den raude armé fleire gongar hadde sett seg nøydd til å gripa inn overfor polakkanes eksessar.¹⁴ I Tsjekkoslovakia var situasjonen verre enn i Polen. Tyskarar var råka av vilkårleg vald og forfølgning. Fleire historikarar karakteriserer forfølginga av tyskarar som ekstremt hard.¹⁵ Fleire historikarar har påpeika at den tyske befolkninga no hausta det hatet NS-okkupasjonen og krigføringa hadde skapt.¹⁶ Men det var ikkje berre hat som tok livet av folk. Tsjekkia og særleg Polen hadde nettopp vore åstaden for ein særskild brutal krig og okkupasjon. Ernærings- og bustadssituasjonen var akutt for alle. Svolt og overgrep som følgje av lovause tilstandar råka også tsjekkarar, slovakar, jødar og polakkar. Det var sjukdom, svolt, kummerlege hygieniske tilhøve og påkjenningar i samband med utvising som tok flest liv. Polakkane fekk også oppleve ei anna fordriving. Den polske befolkninga i dei Sovjet-kontrollerte områda aust for elvane San og Bug vart fordrivne. Mange av dei fordrivne polakkane enda opp i dei tidlegare tyske områda aust for Oder-Neiße-lina.

Både Polen og Tsjekkoslovakia straffa tyskarane kollektivt. I dei områda som var kontrollerte av Polen, vart tyskaranes formuar og eigedomar kverrsette gjennom Bierut-dekreta.¹⁷ Også i Tsjekkoslovakia var tyskaranes eigedomar og formue kverrsett. Alle tyskarar og ungararar vart fråtekne statsborgarskapen, og dei måtte utføra tvangsarbeid. Lov

¹² Naimark 2003, s. 22

¹³ Schieder 1984. Dette er eit seksbandsverk som dokumenterer fordrivinga av tyskarane. Bøkene vart første gong publiserte mellom 1953–1962.

¹⁴ Naimark 2001, s. 127.

¹⁵ Naimark 2001, s. 118. Massakren i Aussig (Usti nad Labem) 31. juli 1945 der 2700 tyskarar vart massakrerte etter skuldingar om aktivitet frå den angeveleg nazistiske undergrunnsorganisasjonen Werwolf er saman med dødsmarsjen i Brünn 30. mai 1945 då 30 000 menneske vart tvinga til å gå til fots fram til grensa mot Austerrike, 1700 døde på vegen, er vorte ståande att som nøkkelhendingar innanfor den brutale behandlinga av tyskarane.

¹⁶ Sjå til dømes Naimark 2001, s. 137.

¹⁷ Gjennom lov frå 28. februar 1945 som fastsette kverrsetjing av formuen til tyskarar, og to lover frå 6. mai 1945 og 3. januar 1946 som fastslår kverrsetjing av eigedom.

115 frå 1946 sikrar straffefridom for overgrep som hende i samband med fordrivinga.¹⁸ I Tsjekkoslovakia var politikken knytt til ein tese om ei kollektiv tysk skuld mot Tsjekkoslovakia, sudet-tyskarane vart sette på som forrædarar mot staten. Alle tyskarar som ikkje kunne bevisa at dei var antifascistar, vart utviste. Men dekreta som ramma tyskarane i Tsjekkoslovakia, trefte også den ungarske minoriteten. Dette viser at fordrivinga av tyskarane ikkje berre var knytt til hemn for krigen, men også til ønske om ein etnisk homogen stat. I Polen var det fleire opningar for å bli att.

Dei fordrivne var ei samansett gruppe. Nesten 7 millionar av dei var tyske borgarar frå dei tidlegare tyske områda aust for Oder-Neiße-grensa. Tre millionar kom frå Tsjekkoslovakia. Dei fleste av desse kom frå dei sudet-tyske områda som i dag er ein del av Tsjekkia.¹⁹ 1,4 millionar var *Volksdeutsche*, etniske tyskarar med polsk statsborgarskap.²⁰ Resten var *Volksdeutsche* frå tyske busetjingar i Ungarn, Romania og Jugoslavia. Dei fleste av desse busetjingane var fleire hundre år gamle. Hatet mot dei *Volksdeutsche* var særleg sterkt i 1945, fordi desse hadde vore særleg aktive som overgripingar innanfor NS-regimet. Berre eit lite mindretal av dei fordrivne var folk som hadde kome til dei austeuropeiske landområda som eit ledd i NS-regimets koloniseringspolitikk for Aust-Europa. Dei fleste kom frå rurale område, stader der folk hadde merka lite til dei alliertes bombekrig.

Dei siste åra har det vorte publisert fleire nye studiar om fordrivinga av tyskarane, forskinga om tematikken har hatt ein oppsving.²¹ Eg vil trekkja fram to moment som er sentrale i måten fordrivinga av tyskarane har vorte kontekstualisert på innanfor denne forskinga. Det første punktet er knytt til K. Erik Franzens uttrykk *folkeflyttingskarusell*.²² Uttrykket syner til samanhengane mellom NS-initierte deportasjonar, folkeflyttingar og den seinare fordrivinga av tyskarane. I den tyske Holocaustforskarer Götz Aly si bok *Endlösung* blir dette sambandet grundig skildra.²³ Nazistane sette i gang ein politikk for tilflytting av

¹⁸ Disse lovene er ein del av Beneš-dekreta. Beneš-dekreta omfattar alle dei 143 lovene som vart vedtekne i Tsjekkoslovakia fram til parlamentet kom saman att i mars 1946. Desse danna grunnlaget for rettsordninga i etterkrigstsjekkoslovakia. Dei dekreta som er omtala i teksten, råka ikkje berre tyskarar, men også den ungarske minoriteten og den for ein stor del tyskspråklege jødiske befolkninga i Tsjekkoslovakia.

¹⁹ Dei som vart fordrivne, kalla seg sudet-tyskarar og området Sudetenland. Den tyske busetjinga i området er gamal, men omgrepet sudet-tysk er frå 1918, då desse tyskarane vart ein minoritet i den nyoppretta Tsjekkoslovakiske staten. Ordet kan difor assosierast med tyskaranes nasjonskamp i Tsjekkoslovakia frå 1918 og frametter. For meir om dette, sjå Jaworski 1996, s. 33.

²⁰ Tala er frå Rock og Wolf 2002, s. 32.

²¹ Schlögel 2003. Oppsvingen innanfor forskinga heng også saman med samanbrotet til kommunistregima i aust. Med dette vart arkiv i desse landa tilgjengelege for vestlege historikarar. Dermed kunne mange nye spørsmål utforskast.

²² Franzen 2002, s. 49.

²³ Aly 1995.

tyskarar, fordriving av slaviske folk og drap på jødane i tråd med Generalplan Ost.²⁴ 400 000 tyskarar kom frå dei baltiske landa, Wolyn, Bessarabia og Bukowina til Vest-Preussen og Wartheland, område som etter nazistanes åtak på Polen i 1939 var vorte innlemma i det tyske riket. Samstundes vart polakkar og jødar utviste til Generalgouvernement Polen.²⁵ Mellom 1939 og 1940 vart 940 000 menneske tvangsflytta dit. Etter dette vart store delar av den attverande polske befolkninga i desse provinsane sende til tvangsarbeid i det tredje riket.²⁶ Dette er knytt til ei overordna forståing av det 20. århundret som fordrivinganes hundreår. Fordringa av tyskarane blir av fleire kontekstualisert ut frå ei overordna interesse for tvangsmigrasjon, folkemord og etnisk reinsing. I historikarane Philipp Ther og Ana Siljaks *Redrawing Nations – Ethnic cleansing in East-Central Europe 1944–1948* blir fordrivinga av tyskarane frå aust sett i samanheng med dei andre folkeforflyttingane i Sør- og Aust-Europa i same tidsperiode.²⁷ I boka *Fires of Hatred – Ethnic Cleansing in twentieth Century Europe* har Norman Naimark eit liknande perspektiv, han samanliknar fordrivinga av tyskarane med andre tilfelle av etnisk reinsing og folkemord i Europa i det 20. århundret.²⁸

Det andre momentet er knytt til tesen om ein valdsspiral. Både Naimark og Franzen hevdar at nazistanes okkupasjon var hovudårsak til den brutaliteten som etter krigsnederlaget råka så mange tyskarar. At så mange liv gjekk tapt i samband med fordrivinga, blir sett i samanheng med det hatet nazistanes brutale okkupasjon og krigføring utløyste.²⁹ Brutaliteten i fordrivinga blir likevel ikkje forstått som at tyskarane hausta det dei hadde sådd. Fordringa råka i første rekkje sivilbefolkninga – ikkje SS eller Wehrmacht. Naimark påpeikar også at sjølv om nazistanes okkupasjon av Polen var av ein annleis og langt meir brutal karakter enn okkupasjonen av Tsjekkoslovakia, var fordrivinga frå Tsjekkoslovakia likevel meir brutal enn fordrivinga av tyskarar frå Polen.³⁰

Desse punkta handlar om årsakssamanhengar i samband med fordrivinga, men dei har også andre politiske implikasjonar enn dei meisterforteljingane om fordriving som har rådd grunnen i miljøet kring organisasjonen BdV. Desse meisterforteljingane blir grundigare behandla i kapittel 6.

²⁴ Generalplan Ost er den overordna planen for tysk kolonisering av dei okkuperte landa i aust.

²⁵ Generalgouvernement er den delen av Polen som var under tysk okkupasjon, men som ikkje vart innlemma i det tyske riket.

²⁶ For meir om dette sjå Franzen, 2002 s. 42–55.

²⁷ Siljak og Ther 2001.

²⁸ Naimark 2001.

²⁹ Sjå til dømes Naimark 2001, s. 136 og Ther 2001, s. 55.

³⁰ Naimark 2001, s. 122–138.

Dei fordrivne kom til eit Tyskland som låg i ruinar. Tida etter Hitlertysklands kapitulasjon blir ofte kalla *Stunde Null*.³¹ Omgrepet syner ikkje berre til NS-staten sitt militære og politiske samanbrot, men også til eit kulturelt, politisk og moralsk samanbrot som omfatta heile samfunnet.³² Med krigsnederlaget var elitane innanfor politikk og militære vorte diskrediterte og kriminaliserte. Landet var okkupert av framande makter. Byane var utbomba, bustadnauden var akutt. Matmangel og arbeidsløyse prega dei første åra. I tillegg var så mange som to millionar tyskarar i fangenskap. 1,6 millionar tyskarar var sakna. I 1950 hadde 8 millionar fordrivne kome til Vest-Tyskland.³³ I 1946 var 13,4 prosent av innbyggjarane i dei tre sonene som var okkupert av vestmaktene, fordrivne. Schleswig-Holstein, Niedersachsen og Bayern var dei delstatane som tok imot flest fordrivne i høve til folketallet.³⁴

Dei fordrivne hadde tapt eigedomene sine og mange også resten av eiga si. Mange opplevde ei sosial deklassering. Den første tida måtte dei fordrivne klara seg med naudhjelp. Bustadnauden gjorde at mange måtte bu i flyktningleirar eller dela hus med lokalbefolkninga. Knappe ressursar, kulturelle, religiøse og språklege forskjellar mellom dei fordrivne og dei lokale gav ein spent situasjon mellom dei to gruppene mange stader. Integrasjonen gjekk langt frå knirkefritt dei første åra.³⁵ Då Forbundsrepublikken vart grunnlagt, førde den vesttyske staten ein politikk som tok sikte på integrasjon. Fram til Brandts kanslarperiode (1969–1964) fanst ein eigen minister for dei fordrivne, og dei fordrivnes rørsler vart trekte inn i den politiske prosessen gjennom arbeidet for økonomisk utjamning for krigsoffer. I *Bundesvertriebenengesetz* frå 1953 tok staten på seg ansvar for å støtta bevaring av kultur frå dei austtyske områda, og kunnskap om det austlege Tyskland vart inkludert i skulepensum.³⁶

Dei aller fleste fordrivne kom frå område som hadde vore tyske før krigen eller stader der dei tyske busetjingane var fleire hundre år gamle. Opplevinga av at ein vart jaga frå område der ein hadde rett til å vera, brutaliteten, det at straffa var kollektiv, opplevinga av sosial deklassering og den vanskelege situasjonen i Vest-Tyskland dei første åra sette spor hjå mange. Mange fordrivne var dessutan sterkt traumatiserte, og sat med ei kjensle av at dei hadde betalt den høgaste prisen for krigen. Det at Oder-Neiße-grensa ikkje var folkerettsleg

³¹ Uttrykket er omstridd fordi det berre vektlegg brot. Det finst ein stor grad av kontinuitet innanfor elitane innanfor forvaltning, universitet, politikk og militære. Momentet av kontinuitet var heilt sentralt for den tyske studentrørsla på 1970-talet og for tysk *Vergangenheitsbewältigung*.

³² Olick og Levy 1997, s. 925.

³³ Dolczik, Schüttler og Sternagel 1982, s. 150. Fram til bygginga av Berlinmuren i 1961 kom 2,6 millionar flyktningar frå SBZ/DDR. Mange av desse var fordrivne. Mellom 1950 og 1979 kom også ein million *Aussiedler* (tyskarar busette i Austeuropa som ikkje vart fordrivne, men som seinare utvandra til Tyskland).

³⁴ Franzen 2002, s. 324.

³⁵ I 1949 meinte 61 prosent av lokalbefolkninga at flyktningane og fordrivne var eit forstyrrende element, ifølgje Franzen 2002, s. 224.

³⁶ Moeller 1996, s. 1021.

godkjent gav dessutan håp om at ho kunne endrast, og at dei fordrivne kunne venda tilbake. Dette gav grobotn for framveksten av ei organisert rørsle av fordrivne – ei rørsle som hadde ein dagsorden som var knytt til denne kjensla av audmjuking og historisk urettvise. Soga for dei fordrivne som kom til den Sovjetokkuperte sona som seinare vart DDR, var annleis enn i vest. I aust tok ein sikte på rask integrering og deretter usynleggjing av dei fordrivne. I DDRs offisielle terminologi vart fordrivinga kalla *Umsiedlung* og dei fordrivne *Umsiedler*, eit ord som er meir i tråd med folkeforflytting og som får det som hende til å framstå som langt mindre dramatisk enn det vesttyske *Vertreibung* og *Vertriebene*. Etter 1950 forsvann dei fordrivne og flyktningane ut av den offisielle politikken til DDR. Ettersom overgriparen var dei sosialistiske statane i aust, vart fordrivinga til eit kjenslevart tema i ålmenta. Tematisering av fordrivinga der vert gjerne assosiert med revansjisme, og organisering for dei fordrivne var forbode.³⁷ Ikkje før etter murens fall 1989 vart det igjen mogleg med ei opnare tilnærming til problematikken i denne delen av Tyskland.

2.2 Fire fasar for bearbeiding av fortida

I boka *1945 und Wir. Das Dritte Reich im Bewusstsein der Deutschen*³⁸ presenterer historikaren Norbert Frei fire fasar for omgang med fortida i BRD. Desse fasane kastar ljsover det tyske etterkrigssamfunnet sin måte å oppfatta fordrivinga på.

Den første fasen var prega av politisk reinsing (1945–1949). Dei allierte initierte straffeforfølgjing og oppgjer med forbrytarane i NS-regimet.

Den neste fasen er *Vergangenheitspolitik* (1949–1960). I den tidlege Forbundsrepublikken fekk mange krigsforbrytarar amnesti. Folk som hadde mista jobbane sine på grunn av si NS-fortid, fekk dei att. Adenauer-regjeringas politikk hadde integrasjon som sitt fremste mål.

Vergangenheitsbewältigung er den tredje fasen. Denne er ein reaksjon på Adenauer-regimets integrasjonspolitik. No vart målet å ta eit samfunnsmessig gjennomgripande moralsk og politisk oppgjer med NS-fortida. Dette oppgjeret prega både 1960- og 1970-talet.

Frei meiner å sjå at ein fjerde fase tek til på 1980-talet. Denne fasen kallar han *Vergangenheitsbewahrung*. I denne fasen er dei krasse motsetnadene frå 1960- og 1970-talet tilbakelagde. I staden for kamp om erindringa, har ein no ein kultur for erindring.

³⁷ Franzen 2002, s. 267–292. Fordrivinga vart tematisert i ålmenta, men då gjerne rettferdiggjort eller forklåra, slik som til dømes i DEFA filmen ”Du bist mîn, ein deutsches Tagebuch” frå 1968. Problemativering av fordrivinga var derimot eit sers kjenslevart tema.

³⁸ Frei 2005.

Dei fire fasane er dominerte av ulike alderskohortar. Perioden av politisk reinsing var styrt utanfrå. *Vergangenheitspolitik* er politikken til generasjonane fødde kring 1905, den generasjonen som hadde høyrd til funksjonselitane i NS-staten, og generasjonen frå 1925, der mange hadde vore unge frontsoldatar og var delvis involverte i NS-brotsverka. Krigsbarna og etterkrigsgenerasjonen, dei som i ettertid har vorte kjende som *dei tyske 68-arene* var den viktigaste motoren i *Vergangenheitsbewältigung*. Etter 1970-talet er to nye alderskohortar komne til (1965 og 1985). Dei er alle vaksne opp i ei tid der oppgjeret med fortida er ein del av den kulturelle praksisen. Dette har hendt i ei tid der det framleis finst mange tidsvitne, sjølv om det blir færre av dei. I dag er 80 prosent av den tyske befolkninga fødde etter 1945.³⁹ Fasane er dominerte av kohortane, men dei dannar ikkje absolutte grenser.⁴⁰

Det K. Erik Franzen kallar *1950-talets offerdiskurs* er definerande for 1950-talets rådande syn på NS-tida.⁴¹ I perioden med *Vergangenheitspolitik* hadde folkemordet på dei europeiske jødane og dei brutale brotsverka mot folk i Aust-Europa liten plass både i ålmenta og i forskinga. I den grad det vart tematisert, var det ofte gjennom jamføringar med lagnaden til tyskarane etter krigen – dei fordrivne og krigsfangane.⁴² Som politisk strategi valde Konrad Adenauers regjering rask demokratisering og samfunnsmessig integrasjon framfor eit større moralsk oppgjer, som var det den sosialdemokratiske opposisjonen kravde.⁴³ I regjeringa Adenauer fekk då også folk med NS-fortid topp-posisjonar innanfor regjeringsapparatet.⁴⁴

Det historikaren Edgar Wolfrum kallar ein *ekskulpasjonssolidaritet* oppstod mellom borgarane.⁴⁵ Hitler og ein liten del av NS-eliten vart oppfatta som forbrytarane, krigen hadde vore *Hitlers krig*, medan den vanlege mannen og kvinna hadde vorte forført eller lurt. Psykolog-ekteparet Alexander og Margarete Mitscherlichs diagnose for dette samfunnet – *die Unfähigkeit zu Trauern* – har vorte mykje sitert.⁴⁶ Den manglande evna til å sørgja galt berre ofra for nazismens brotsverk, sorg over tyskaranes tap vart uttrykt i rikt monn. Ekteparet

³⁹ Moeller, Robert 2005, s. 175.

⁴⁰ Eit nærliggjande eksempel på akkurat dette er Günter Grass (f. 1927). Han var med og sette tonen under fasen med *Vergangenheitsbewältigung*. Seinare har han vore med på å definera fasen med *Vergangenheitsbewahrung*.

⁴¹ Franzen 2003, s. 49–53.

⁴² For meir om dette, sjå Moeller, 1996 s. 1028.

⁴³ Wolfrum 2005, s. 154–161.

⁴⁴ Juristen Hans Globke var sekretær for Adenauer (1953–1963) og hadde skrive kommentarane til Nürnberglovene frå 1935. Theodor Oberländer som var fordrivneminister frå 1953–1960, er eit anna eksempel. For meir om Oberländer sjå s. XX.

⁴⁵ Wolfrum 2005, s. 154.

⁴⁶ Mitscherlich, Alexander og Margarete, *Die Unfähigkeit zu Trauern, Grundlagen kollektiven Verhaltens*. Piper, München 1990. Boka vart første gong publisert i 1967, og var ein sentral del av debatten om fortida i åra etter.

hevda at Etterkrigstyskland var uvillig til å konfrontera si eiga skuld for nazismens brotsverk. Den vanskelege fortida vart feia under teppet heller enn snakka ope om. Ei spørjeundersøking gjennomført av den *Allierte Hohe Kommission*⁴⁷ i 1951, illustrerer tankegangen. 1200 BRD-borgarar vart bedne om å seia kven av fem offer-grupper det var viktigast å hjelpa. 96 prosent meinte at krigsenkjer og foreldreause var viktigast, deretter kom offer for luftkrigen og dei fordrivne inn. Berre 68 prosent meinte at BRD burde hjelpa jødar. Jødane var dermed den gruppa som folk var minst villige til å hjelpa.⁴⁸ Dei tyske ofra fekk rikeleg merksemd i dette politiske klimaet.⁴⁹ Krigsenkjene, dei foreldreause ungane, dei tyske krigsfangane, dei fordrivne, ofra for bombekrigen; rekkja av offer-grupper var lang. Den amerikanske kulturhistorikaren Robert G. Moeller meiner forteljinga om dei tyske ofra var ein rådande nasjonal narrativ for Adenauer-æraen, og ein heilt sentral del av sjølvforståinga til tyskarane i etterkrigsåra.⁵⁰ Dei fordrivne var den talmessig største gruppa blant desse, og i tillegg ei gruppe som organiserte seg politisk. Men den ålmenne velviljen til å anerkjenna dei fordrivne som offer førde ikkje alltid til vilje til solidaritet eller hjelp til dei fordrivne i praksis. Den kalde krigen var også med på å skapa meir merksemd om lagnaden til dei fordrivne. Ettersom overgriparen i dei fordrivnes tilfelle tilhørde Sovjet-blokken, fekk dei også meir merksemd i Vest-Tyskland enn ofra for bombekrigen, hevdar Moeller.⁵¹ Adenauer-regjeringa sette også i gang ein *Wiedergutmachungspolitik*, og gav erstatningar til NS-offer. Ikkje alle forfølgde fekk erstatningar; verken homofile menn, tvangssteriliserte, utanlandske slavearbeidarar eller sigøynarar fekk erstatningar, påpeikar Goschler.⁵² Luxemburg-avtalen mellom Tyskland, Israel og Jewish Claims Conference frå 1953 var også eit viktig ledd i denne politikken.⁵³ Wolfrum hevdar at politikken manglar moralsk truverde fordi det låg mykje kalkulering og utanrikspolitik bak.⁵⁴ Det at 1990- og 2000-talets historikarar som Wolfrum og Goschler påpeikar utilstrekkelegheitene i Adenauer-regjeringas *Wiedergutmachungspolitik* er beteiknande for den endringa som har føregått i synet på fortida sidan 1950-talet. På 1950-talet var politikken kontroversiell, men av motsett grunn. Mange i statsapparatet meinte politikken var alt for omfattande og Adenauers line var omstridd også i hans eige parti.

⁴⁷ Allierte Hohe Komission var vestmaktene USA, Storbritannia og Frankrikes organ i Tyskland fram til opprettinga av BRD i 1955.

⁴⁸ Goschler 2005, s. 876.

⁴⁹ For meir om dette, sjå Olick og Levy 1997, s. 921–936.

⁵⁰ Moeller 2001, 29–58.

⁵¹ Moeller 1996, s. 1019.

⁵² For meir om dette, sjå Goschler 1992.

⁵³ Luxemburg-avtalen var BRDs første avtale med Israel, og handla om kompensasjon for integrasjon av 500 000 flyktingar som hadde overlevd Holocaust, og det skulle kompensasjon for tapt eigedom. Tyskland skulle levera varer og tenester til ein verdi av 3,5 milliardar tyske mark.

⁵⁴ Wolfrum 2005, s. 157.

Mange i CDU tykte Adenauer gjekk for langt i å gjera opp med ofra for NS-politikken. Adenauer måtte alliera seg med sosialdemokratane for å få sine *wiedergutmachungs*-tiltak gjennom.⁵⁵ Typisk for tidsånda på 1950-talet er den historievitskaplege storsatsinga *Dokumentation der Vertreibung der Deutschen aus Ost-Mitteleuropa*,⁵⁶ som skulle dokumentera kva som hadde hendt under fordrivinga. Granskingsprosjektet var særskilt omfattande med tanke på den på alle måtar knappe situasjonen i Vest-Tyskland på 1950-talet. Prosjektet vart sett i gang på oppdrag frå fordrivne-minister Theodor Oberländer. Den tonegjevande historikaren Theodor Schieder vart prosjektleiar.⁵⁷ Den politiske baktanken var å gje vitskapleg ryggdekning til å styrkja tyske posisjonar i høve til framtidige forhandlingar om ei revidering av Oder-Neiße-grensa, hevdar Mathias Beer.⁵⁸ Den politiske kulturen i Forbundsrepublikken var likevel langt frå eintydig. Det fanst kritiske røyster, som til dømes filosofen Karl Jaspers, statsvitaren Eugen Kogon og blant sosialdemokratane. Men desse var marginale samanlikna med hovudstraumen.

2.3 BdV og Adenauer-æraens Vergangenheitspolitik

Fram til 1948 praktiserte vestmaktene eit organisasjonsforbod for dei fordrivne. Dei var redde for at organisering ville føra til ei oppbløming av revansjisme. Då organisering vart lovleg, vart økonomisk integrasjon, mellombels eller ikkje, den viktigaste saka for dei tidlege organisasjonane.⁵⁹ Dei fordrivne var organiserte etter forskjellige prinsipp i eit mylder av organisasjonar.⁶⁰ For den økonomiske integrasjonen spela lova om *Lastenausgleich* frå 1952 ei nøkkelrolle. Denne skulle sikra ei utjamning for skader og tap som dei fordrivne hadde lide.⁶¹ Den organserte rørsla av fordrivne fekk mykje å seia for utforminga av *Lastenausgleich*-lovgevinga. Også den raske økonomiske veksten i Etterkrigstyskland, *das Wirtschaftswunder*, var med på å gjera den økonomiske integrasjonen mogleg. På 1960-talet

⁵⁵ Moeller 1996, s. 1017.

⁵⁶ Schieder 1984.

⁵⁷ Theodor Schieder blir rekna som ein av hovudmenne bak Generalplan Ost – planen nazistane laga for kolonisering, fordriving og folkemord i Austeuropa. Han hadde dermed vore direkte involvert i den folkeforflyttinga som danna bakteppet for den fordrivinga han no fekk i oppdrag å utforska. Det same galt også for fleire av hans medarbeidarar, mellom anna krigsforbrytaren Franz Valjavec (Haar 2005). Fleire av forskarane hadde bakgrunn frå same miljø som Schieder sjølv: frå den nasjonalistiske krinsen kring professor Hans Rothfels ved "grenseuniversitetet" i Königsberg.

⁵⁸ Beer 1998, s. 387.

⁵⁹ Spørsmålet om økonomisk integrasjon sørga for taktisk-politiske stider i rørsla fordi integrasjon i praksis ville stå i vegen for målet om seinare retur.

⁶⁰ Organisering føregjekk illegalt før dette. Framveksten av rørsleane er mellom anna skildra av Salzborn 2000.

⁶¹ Lova gjorde ingen av dei fordrivne rike, men ho spela også ei viktig rolle som symbol på ein vellukka integrasjon. Lova vart oppdatert fleire gongar, og utbetalingane føregjekk over ei årrekkje. Schillinger, 1995 s. 231–243.

reknar ein med at dei fordrivne på det økonomiske planet stod meir eller mindre på like fot med dei *Einheimische*.⁶² Organisasjonanes sterke vektlegging av integrasjon stod i motsetnad til rørsle andre hovudstolpe, nemleg krav om retur og krav om revidering av grensa mot Polen.⁶³

Med den etter kvart vellukka økonomiske integrasjonen forsvann ein av hovudstolpene for aktiviteten til den organiserte rørsle av fordrivne. Engasjementet sank. I 1957 klarte ikkje partiet *Block der Heimatvertriebenen und Entrechteten* (BHE), eit interesseparti for dei fordrivne, å koma over sperregrensa på 5 prosent. Partiet fall dermed ut av Forbundsdagen.⁶⁴ I 1958 samla paraplyorganisasjonen *Bund der Vertriebenen* (BdV) organisasjonane *Verband der Landsmannschaften* (VdL) og *Zentralverband vertriebener Deutscher* (ZvD).⁶⁵ Denne organisasjonen vart den største og mest representative organisasjonen for dei fordrivne. Samstundes sokk talet på organiserte fordrivne kraftig i åra etter samlinga. I 1965 var berre ein prosent av dei fordrivne organiserte i *Landsmannschaften*. Organisasjonen evna i liten grad å trekkje til seg dei yngste fordrivne.⁶⁶ Det blir også hevda at medlemene i organisasjonen i liten grad engasjerte seg i dei utanrikspolitiske krava frå leiinga, men at dei var med for å halda kontakten med det gamle miljøet.⁶⁷

Etter at integrasjon ikkje lenger var hovudsaka, kom utanrikspolitiske spørsmål øvst på dagsorden. BdV var, trass i at organisasjonen ikkje var representativ for alle fordrivne, ein sterk maktfaktor i BRD. Fram til storkoalisjonen under Kurt Georg Kiesinger (1966–69) hadde organisasjonen i praksis vetomakt over BRDs austpolitikk, hevdar Ahonen.⁶⁸ Hovudstolpane i utanrikspolitikken til organisasjonen var følgjande:

1. Å hindra godkjenning av Oder-Neiße-grensa

⁶² Weiss 1985, s. 251.

⁶³ Fure 2001, s. 176.

⁶⁴ Valanalysar syner at partiet hadde hatt hovuddelen av veljarane sine blant dei eldste og mest fattige fordrivne; den vellukka økonomiske integrasjonen fjerna partiets veljar grunnlag. BHE hadde sin sterkaste base i den flyktningrike delstaten Schleswig-Holstein. For meir om BHE, sjå Brett 2003.

⁶⁵ VdL var organiserte etter lokal tilhøyrse i dei Austeuropeiske områda og var mest orienterte mot arbeid som galt desse geografiske områda. ZvD var organisert etter geografisk tilhøyrse i BRD og arbeidde mot styresmaktene i forbundsstatene og på riksplan for økonomisk og sosial integrasjon. BdV har denne to-delte organisasjonsstrukturen enno i dag, og har to hovudtypar medlemsorganisasjonar; *Landsmannschaften* som organiserer etter dei gamle heimeområda, og *Landesverbände* som er organisert etter geografisk tilhøyrse i Forbundsrepublikken.

⁶⁶ Strothmann 1985, s. 267 og Ahonen 2003, s. 269.

⁶⁷ Strothmann 1985, s. 269.

⁶⁸ Ahonen 2003, s. 137.

2. Å krevja sjølvråderett og *Heimatrecht* for tyskarar. Dette innebar ikkje berre retten til å venda tilbake, men også til at dei tyske innbyggjarane skal kunne bestemma kva statstilhøyrse områda skulle ha.

3. Rett til kompensasjon for tapte verdier

4. Straffeforfølgning av einskildpersonar som var skuldige i brotsverk mot tyskarar ⁶⁹

Fram til 1960-talet hadde kravet om grenserevisjon og støtte til dei fordrivnes rett til å venda tilbake brei støtte i BRD. ⁷⁰ *Hallstein-doktrina*, som var ein sentral del av BRDs utanrikspolitikk på 1950- og 1960-talet, hindra kontakt med landa i aust, ⁷¹ men Ahonen meiner at denne ikkje åleine kan forklåra det vanskelege tilhøvet Forbundsrepublikken hadde til landa i aust. Han meiner at BdVs innsats som pressgruppe er sentral for forklåra kvifor den harde lina mot landa i aust vart opprettheldt så lenge. BdV var sterkt antikommunistiske, og haldningane deira til *Heimatrecht* og til grensespørsmål var uråd å sameina med eit samarbeid med Polen og Tsjekkia. Krava til BdV, og det tilsynelatande gjennomslaget dei hadde i det vesttyske samfunnet, var også med på å skapa skepsis mot BRD i Warszawapaktlanda. Krava gjorde det lettare for kommunistiske statsleiarar å skapa eit fiendebilete av eit revansjistisk BRD. ⁷² Samstundes var BdVs krav med på å knyta nabolanda tettare opp mot Sovjetunionen, som i denne situasjonen stod fram som garantist for dei nye grensene. Dette skapte ein dynamikk av negativitet mellom Vest-Tyskland og nabolanda i aust.

Det er fleire grunnar til den sterke innverknaden BdV hadde på politikken. Det skuldast eit samspel mellom dei fordrivnes organisasjonar og dei politiske partia. For å vinna stemmer frå den store gruppa av fordrivne, la dei store partia seg tett opptil BdVs politikk. Kanslar Adenauer brukte dessutan spørsmålet om dei tyske austområda instrumentelt: Gjennom å halda grensespørsmålet ope, fekk ein borgarane til å venda seg bort frå landa i aust. Dette sikra integrasjon i BRD og auka den nye vesttyske statens legitimitet overfor eigne borgarar. ⁷³

BdVs innverknad over utanrikspolitikken var først og fremst ei makt over den politiske retorikken. Både Ahonen og Foschepoth har påpeika at forbundskanslar Adenauer, som den realpolitikaren han var, alt tidleg på 1950-talet innsåg at tilbakevending for flyktningane og grenserevisjon var umogleg. Polen og Tsjekkoslovakia låg innanfor

⁶⁹ Sem Fure, 2001 s. 190.

⁷⁰ Det var berre kommunistpartiet (KPD) som aksepterte den nye grensa mot Polen, og KPD hadde liten oppslutnad.

⁷¹ Hallstein-doktrina gjekk ut på å isolera DDR. BRD nekta å ha diplomatiske band til andre land enn Sovjetland som anerkjente DDR som stat. Denne doktrina var sentral i BRDs utanrikspolitikk fram til storkoalisjonen under Kiesinger, og doktrina vart ikkje endeleg forlate før under Brandt.

⁷² Ahonen 2003, s. 141.

⁷³ Foschepoth 1995, s. 110.

innverknadssfæren til Sovjet, og vestmaktene gav inga støtte.⁷⁴ Adenauer prøvde aldri å få gjort om på dette, men krava rådde like fullt grunnen i den politiske debatten i BRD. BdV hadde ikkje positiv kraft til å få gjennomført krava sine, men dei hadde ei negativ kraft over den politiske debatten – og dette hindra tilnærming mellom Tyskland og nabolanda.⁷⁵

Fleire av dei sentrale personane innanfor den organiserte fordrivne-rørsla hadde ei NS-fortid. At dette særleg galt for folk med topp-posisjonar i det politiske partiet BHE, har lenge vore kjent.⁷⁶ Partiet hadde også programfesta at dei ville ha slutt på den kalde avnazifiseringa.⁷⁷ BHE var også det partiet som var liberalt overfor folk med NS-fortid, og som heller ikkje fjerna folk frå posisjonar sjølv om denne fortida vart kjend.⁷⁸ På høgaste nivå i partiet finst fleire eksempel. Hans-Adolf Asbach som hadde bakgrunn frå forvaltninga i *Generalgouvernement*⁷⁹ og Waldemar Kraft som var tidlegare *SS-Hauptsturmführer*, var sentrale ved opprettinga av BHE. Wilhelm Ziegler og Walter Ott hadde båe bakgrunn frå Joseph Goebbels propagandaministerium, og dei var båe seinare representantar for BHE, Ziegler var representant i Landtag i Hessen, Ott var statssekretær i innanriksdepartementet i Niedersachsen. Theodor Oberländer, som også var blant grunnleggjarane av BHE og var fordriavneminister frå 1954 til 1960 og var med i BHE fram til 1956 då han gjekk inn i CDU, hadde også ei omfattande NS-fortid. I 1923 deltok han i Hitlers kuppforsøk, og han gjekk inn i NSDAP alt i 1933. Som leiar for *Institut für Osteuropäische Wirtschaft* var han før og under andre verdskrig ein sterk agitator for tysk ekspansjon i Aust-Europa og ein viktig figur innanfor utarbeidinga av NS-regimets befolkningspolitikk i området. I 1960 måtte han tre tilbake som minister på grunn av skuldningar om at han under krigen hadde vore innblanda i krigsbrottsverk i Ukraina. Han vart frikjend på grunn av mangel på bevis.⁸⁰ I 1964 måtte Hans Krüger, som då også var leiar for BdV, forlata sin posisjon som fordriavneminister på grunn av si NS-fortid.⁸¹ Granskingar gjort av nyhendemagasinet *Der Spiegel* i 2006 syner at BdV i sterkare grad var dominert av tidlegare nazistar enn kva som tidlegare har vore kjent. Av 200 personar med høge verv innanfor BdVs organisasjonar i tida før 1982, hadde meir enn ein tredjedel vore medlemmer i NSDAP eller kunne på andre måtar seiast å ha ei NS-fortid. Blant

⁷⁴ Ahonen 2003 og Foschepoth 1995.

⁷⁵ Ahonen 2003, s. 141.

⁷⁶ Sjø Brett 2003, s. 60–68 for ei drøfting av personmessig og ideologisk kontinuitet mellom NSDAP og BHE i den delstaten der partiet hadde størst suksess – Schleswig-Holstein.

⁷⁷ Stöss 1986, s. 1440.

⁷⁸ Fure 2001, s. 187.

⁷⁹ Den tysk-okkuperte delen av Polen som ikkje vart innlemma i Tyskland.

⁸⁰ Aly og Heim 1997, s. 92–97.

⁸¹ Kjelde til opplysningane om Asbach, Kraft, Krüger, Ott og Ziegler er Klee 2003.

desse 200 var andelen av SS-medlemer omlag tre gongar høgare enn gjennomsnittet for Tyskland.⁸² Hermann Weiss har peika på at høgerradikalt tankegods også hadde stor plass i publikasjonane til dei fordrivnes organisasjonar på 1960-talet. Han peikar på trekk som elitisme, ålmenn kulturpessimisme, motstand mot nonkonformistisk oppførsel, ein hang til å godta irrasjonelle grunngevingar, nasjonalisme, militarisme og *volkstümlich*-tankegods.⁸³ Det er likevel viktig å understreka at BdV og BHE i seg sjølve ikkje var høgreekstremer grupperingar. Frå midten av 1960-talet knytte BdV seg stadig tettare til partiet CDU. Ahonen hevdar at BdV, heller enn å piska opp stemninga blant dei fordrivne, var med på å integrera dei og på å hindra høgerradikalisme.⁸⁴

Frå 1950-talet vart det publisert ei rekkje bøker om fordrivinga, både skjønnlitteratur, erindringsbøker og historiske framstillingar frå miljøet kring den organiserte fordrivnerørsla. Bøkene vart i all hovudsak lesne innanfor det same miljøet. Framstillingane i desse bøkene skil seg frå den nyare forskinga på feltet på fleire punkt. Som bakanforleggjande årsak for fordrivinga vektlegg nyare forskning NS-regimets aggressive krigs-, okkupasjons- og *vernichtungs*-politikk. Bøkene som vart publiserte innanfor fordrivnemiljøet er knytte til ei meisterforteljing som er sentrert kring dei fordrivne som offer. Forhistoria til fordrivinga er nedtona, nazistanes brotsverk i tida før vart gjerne utelete eller relativerte. Innanfor denne tradisjonen har ein i særleg grad fortalt om overgrep som ramma tyskarane utan å sjå det i høve til den tida det fann stad i. Dagens historikarar hevdar at bøkene bar preg av ein tendens til å setja nazistanes brotsverk opp mot fordrivinga for gjennom dette å hevda at fordrivinga var like ille som nazistanes brotsverk.⁸⁵ Sambandet mellom den uforsonlege haldninga til nabolanda i aust, dei mange og tette banda til NS-regimet og den manglande viljen til å ta oppgjær med denne, og den einsidige vektlegginga av dei tyske ofra er trekk som definerte den politiske kulturen kring fordrivnemiljøet på 1950-talet.

Det Franzen kallar *gjerningsmannsdiskursen* fortrenge offerdiskursen som rådande nasjonal meisterforteljing etter harde politiske og moralske konfrontasjonar på 1960- og 70-talet.⁸⁶ Denne diskursen er heilt sentral innanfor den fasen Frei kallar *Vergangenheitsbewältigung*. Fleire faktorar bidrog til denne mentalitetsendringa i synet på NS-fortida. Auschwitz-

⁸² Der Spiegel 33 2006, s. 46–48.

⁸³ Weiss 1996, s. 260.

⁸⁴ Ahonen 2003, s. 269–272.

⁸⁵ Sjø til dømes Ahonen 2003, s. 272; Franzen 2003, s. 52 og Auerbach 1996, s. 277–294.

⁸⁶ Franzen 2003, s. 49–53.

prosessane som byrja i 1963 og rettsprosessen mot Adolf Eichmann i Jerusalem frå 1961–1962 fekk mykje merksemd i tysk presse. Det å spreia kunnskap om NS-tida i heile befolkninga vart utetter på 1960-talet til ei stor politisk-pedagogisk oppgåve. Midt på sekstitalet vedtok kulturministrane i Vest-Tyskland nye retningslinjer for historieundervisninga i skulen. Der fekk NS-tida ein meir sentral plass enn før. Den tidlegare konsentrasjonsleiren Dachau vart gjort om til eit minnesmerke og museum og opna for publikum. På same tid gav *Bundeszentrale für politische Bildung* ut fleire bokseriar om NS-tida og sette i gang fleire møteseriar.⁸⁷ Holocaust og nazistanes brotsverk mot folk i aust, tyske gjerningsmenn og forbrytarar, rykka lenger fram i den politiske og kulturelle diskusjonen i BRD. Også innanfor historieforskinga vart gjerningsmannsperspektivet det dominerande.⁸⁸

Krigsbarna og dei som var fødte like etter 1945, var dei som dreiv desse nye tankane framover. Oppgjeret var prega av konflikt med foreldregenerasjonen – som også i stor grad var generasjonen av gjerningsmenn. Sjølv om fleire frå andre alderskohortar var særleg sentrale i kravet om å ta oppgjer med fortida, var *Vergangenheitsbewältigung* i særleg grad 68-aranes prosjekt. Innanfor denne nye diskursen er Holocaust det viktigaste punktet. Erkjenninga om singulariteten i Holocaust og dei andre grove brotsverka til NS-regimet fekk andre brotsverk som fordrivinga og bombinga av sivile tyskarar til å forblassa – eller i alle fall til å få ein langt mindre sentral posisjon enn det hadde hatt på 1950-talet. Det ultimate brotsverket og sivilisasjonsbrotet Holocaust hamna i sentrum. Dermed hamna dei fordrivne og andre tyske offer i skuggen av Holocaust, både innanfor store delar av den offentlege diskusjonen og innanfor historieforskinga.⁸⁹ Dette danna også grunnlaget for ei ny meisterforteljing om NS-tida, ei forteljing der NS-regimets brotsverk stod i sentrum.

Merksemda om dei tyske gjerningsmennene fortrenge ikkje 1950-talets offerdiskurs. Men det som hadde vore ein del av hovudstraumen på 1950-talet, vart på 1970-talet eit understraums-fenomen. Offerdiskursen levde vidare, mellom anna innanfor historieskrivinga i den organiserte rørsla av fordrivne. Trekka som er skildra frå 1950-talets litteratur blir ført vidare i dei neste tiåra av forfattarar som Edgar Günther Lass, Rolf O. Becker og den

⁸⁷ Bundeszentrale für politische Bildung (BPB) (tidlegare Bundeszentrale für Heimatdienst) vart oppretta som eit ledd i re-education av tyskarane i 1952. BPB skulle verka til å oppdra tyskarane til demokrati gjennom å formidla informasjon om historie og om det parlamentariske demokratiet.

⁸⁸ Faulenbach 2002, s. 51.

⁸⁹ Faulenbach 2002, s. 50f.

amerikanske juristen Alfred M. de Zayas.⁹⁰ Offerdiskursen hadde opphavet sitt i 1950-talet, men han endra karakter på 1960-og 1970-talet. På 1950-talet var han knytt til integrasjon og gjenoppbygging. Frå 1960–70-talet vart han eit motstraumsfenomen – og fungerte som ei motforteljing til og ei distansering frå vektlegginga av dei tyske brotsverka og den pågåande *Vergangenheitsbewältigung*. Denne historieskrivingstradisjonen fekk heile fordrivingstematikken til å bli assosiert med nasjonalisme, og dette er også ein av grunnane til at fordrivingstematikken i liten grad vart utforska av andre enn fordrivnemiljøets egne på 1960-og 1970-talet.⁹¹

Då Willy Brandt vart kanslar i 1969, kom for første gong ein representant for det andre Tyskland, dei som hadde ytt motstand mot NS-regimet, til makta. Brandt sa også i ein tale like etter at han hadde vorte kanslar at han ikkje såg på seg sjølv som kanslar for eit nedkjempa Tyskland, men for eit frigjort land. Brandt let seg ikkje styra av pressgruppene til dei fordrivne, og førde ein ny austpolitikk som hadde avspenning, forsoning og normalisering som mål.⁹² Faulenbach påpeikar at Brandts austpolitikk hadde ein historisk-moralsk dimensjon.⁹³ Brandts berømte knefall framom minnesmerket over Warszawa-gettoen i desember 1970 var ei symbolsk bøn om tilgjeving for NS-regimets brotsverk. Brandt appellerte til folks historiemedvit då han skulle forsvare avtalene: Han hevda at ingenting gjekk tapt med denne avtalen som Hitler-regimet ikkje alt hadde tapt på vegner av Tyskland.⁹⁴ Gjerningsmannsdiskursen var definerande for Brandts austpolitikk. BdVs utanrikspolitiske line om grenserevidering og tanken om *Heimatrecht* hadde hatt stor oppslutnad på 1950- og 60-talet. No tapte standpunkta gradvis terreng.⁹⁵

Brandts austpolitikk møtte på hard motstand å den politiske høgresida – særleg i miljøet kring BdV. Både vektlegginga hans av tysk krigsskuld og godkjenninga av grensa mot Polen sette sinna i kok. Dei organiserte fordrivne var blant dei skarpaste kritikarane. I desse

⁹⁰ Lass, Edgar Günther: *Die Flucht. Ostpreußen 1944/45*, Bad Nauheim, 1964 og Becker, Rolf O. Niederschlesien 1945. *Die Flucht – Die Besetzung*, Bad Nauheim, 1965 og De Zayas, Alfred M: *Die Anglo-Amerikaner und die Vertreibung der Deutschen*. Vorgeschichte, Verlauff, Folgen, München 1977.

⁹¹ Faulenbach 2002, s. 53.

⁹² Hallstein-doktrina vart forlate. Vest-Tyskland anerkjente den nye grensa mot Polen og diplomatiske band til nabolanda i aust kunne opprettast. Moskva-avtalen og Warszawa-avtalen som baa vart ratifiserte i 1971, basisavtalen med DDR frå 1972 og Praha-avtalen frå 1973 danna grunnstammen i den nye austpolitikken. I denne avtalen erklærte BRD for første gong München-avtalen frå 1938 for ugyldig, noko som støytte på heftig motstand i Sudetendeutsche Landsmannschaft.

⁹³ Faulenbach 2002, s. 50 f.

⁹⁴ Etter Wolfrum 2005, s. 159.

⁹⁵ Ahonen 2003, s. 250–258. I 1967 trudde 60 prosent av vest-tyskarane at ein revisjon av Oder-Neiße-grensa var umogleg. I 1969 var dette talet auka til 70 prosent. I 1972 var mindre enn 20 prosent av vest-tyskarane mot Warszawa-avtalen.

miljøa vart han omtala som ein forrædar. Den konfronterande lina til dei organiserte fordrivne var med på å skapa det Dieter Bingen karakteriserer som det bitraste politiske klimaet i BRDs historie.⁹⁶ Medan *Vergangenheitsbewältigung* og Brandts nye austpolitikk etter kvart fekk større oppslutnad innanfor Forbundsrepublikken, heldt BdV fast på si gamle utanrikspolitiske verdsforståing. Den sereigne offer-orienterte meisterforteljninga som rådde i miljøet, var ytterlegare med på å skapa avstand mellom BdV og hovudstraumsoppfatningane. Frå å vera eit barn av si tid på 1950-talet gjekk organisasjonen så og seia ut av si tid og vart ein marginalisert understraum i samfunnet på 1960-talet, hevdar Ahonen.⁹⁷ BdV fekk kallenamnet *die Ewigestrigen* av sine mange kritikarar.

2.4 *Vergangenheitsbewahrung*

Frei hevdar at ein fase av *Vergangenheitsbewahrung* tok til på 1980-talet. Også historikarar som K. Erik Franzen, Franziska Augstein og Bernd Faulenbach hevdar på kvar sine vis at synet på NS-tida no er inne i ein ny fase etter 1960- og 1970-talets oppheita kontroversar.⁹⁸ For spørsmålet om tematikken knytt til fordrivinga er slutten på den kalde krigen avgjerande. For det første fordi Tyskland no fekk eit anna tilhøve til nabolanda i aust. BdV-miljøet som hadde stått langt framme i rekkjene i den kalde krigen på grunn av sitt vanskelege forhold til nabolanda i aust, måtte også forhalda seg til eit nytt Europa. Med slutten på den kalde krigen følgde også sameininga av Tyskland og med dette også eit møte mellom to særskilte erindringskulturar. Ein grunnleggingsmyte i DDR var tesen om at landet var ein antifascistisk stat. I den politiske retorikken la statsleiinga vekt på brotet med fortida. Kommunistanes kamp mot nazismen hadde ein sentral plass i erindringskulturen. Holocaust fekk derimot ein langt mindre sentral plass i DDR enn i BRD frå 1970-talet og utover. DDR var offisielt avnazifisert, men det fann ikkje stad nokon prosess som kunne minna om *Vergangenheitsbewältigung* i Vest-Tyskland. Tvert imot baud myten om ein antifascistisk stat på ein slags frikjenningsmyte for folk i DDR. Skulda for nazismen vart applisert til den kapitalistiske tyske staten.⁹⁹ Denne DDR-tradisjonen vart sterkt miskredittert frå offisielt hald i Forbundsrepublikken.

Sameininga av DDR førde også til ei revitalisering av Hannah Arendts totalitarismeteorologi i Tyskland. Denne teorien om totalitære regime påpeikar strukturelle

⁹⁶ Bingen 2005, s. 12.

⁹⁷ Ahonen 2003, s. 267.

⁹⁸ Sjø til dømes Faulenbach 2004, s. 648–659, Franzen 2003, s. 49–53 og Augstein 2005, s. 160f.

⁹⁹ Wolfrum 2005, s. 161–167.

likkskapar mellom fascismen og Stalinismen. Brukt i ein tysk kontekst førde dette til ei rad samanlikningar mellom NS-Tyskland og DDR, både innanfor academia og i ålmenta. I slike samanlikningar kjem strukturelle likkskapar til syne – og det sereigne med Holocaust og den moralsk-konfronterande måten som var kjenneteiknande for perioden med *Vergangenheitsbewältigung* blir mindre utprega. Mathias Beer hevdar at eit sentralt trekk innanfor denne nye fasen er at oppfatninga av kategoriane offer og gjerningsmann, dei motsetnadene som var kjerneomgrepa i 1970-talets oppheita diskusjon, er i endring. Beer hevdar at ein på 1990-talet har fått ei mindre steil tilnærming til spørsmålet.¹⁰⁰

Dette tyder på ingen måte at det ikkje framleis er kamp om oppfatninga av fortida. Nokre av dei motsetnadene som gjer seg gjeldande i 2000-talets debatt om *Zentrum gegen Vertreibungen* kunne også observerast i *Historikerstreit*, som var 1980-talets generaldebatt om fortida.¹⁰¹ Frontane i diskusjonen følgde i stor grad den politiske høgre– venstreaksen. Debatten starta med filosofen Jürgen Habermas' åtak på dei konservative historikarane Ernst Nolte og Andreas Hillgruber. Hillgrubers bok *Zweierlei Untergang: Die Zerschlagung des Deutschen Reiches und das Ende des Europäischen Judentums*¹⁰² handla om fordrivinga og Holocaust. Nolte hadde postulert ein kausalsamheng mellom det sovjetiske Gulagsystemet og Holocaust. Dei konservative var kritiske til venstresidas intense *Vergangenheitsbewältigung*, deira stadige tematisering av det tredje riket, tysk skuld og understreking av singulariteten til Holocaust vart kritisert. Dei konservative etterlyste det dei kalla ein normal nasjonsidentitet. Nolte snakka om ei *Vergangenheit, die nicht vergehen will*.¹⁰³ CDU-kanslaren Helmut Kohls fortidspolitikk var i tråd med denne kritikken. I *Historikerstreit* kulminerte usemjene om den historiske symbolpolitikken til kanslar Helmut Kohl.¹⁰⁴ Habermas retta mellom anna kritikken sin mot ”*whoever insists on mourning collective fates without distinguishing between culprits and victims*”.¹⁰⁵ Denne kritikken understrekar både singulariteten til Holocaust, at jamføringar mellom Holocaust og fordrivinga blir problematisk, og at nettopp konteksten eit brotsverk finn stad i, også spelar ei rolle for korleis dette skal minnast i offentlegheita.¹⁰⁶ Striden etablerte Holocaust som sentrum for dei vitenskaplege og offentlege diskusjonane om NS-tida. Singulariteten til Holocaust vart tydeleg etablert, noko som også nesten innebar eit forbod mot å samanlikna

¹⁰⁰ Beer 2003, s. 63.

¹⁰¹ For meir om *Historikerstreit*, sjå Eley 1988, Brockmann 1990 og Herbert 2003.

¹⁰² Hillgruber, Andreas: *Zweierlei Untergang. Die Zerschlagung des Deutschen Reiches und das Ende der Europäischen Judentums*, Siedler, Berlin 1986.

¹⁰³ Etter Wolfrum 2005, s. 161.

¹⁰⁴ For meir om Kohls fortidspolitikk: Herbert 2003, s. 94–98.

¹⁰⁵ Sitert etter Moeller 1996, s. 144.

¹⁰⁶ Herbert 2003, s. 96ff.

Holocaust med andre brotsverk, hevdar Herbert.¹⁰⁷ Historikerstreit etablerte likevel ikkje ein felles tysk diskurs om offer og gjerningsmenn. Historikaren Constantin Goschler har skildra to idealtypiske modellar.¹⁰⁸ Høgresidas offerforståing kallar han, som nemnd i kapittel 1, integrasjonistisk. Her er det den eksistensielle erfaringa av å vera offer som står i sentrum. Dette inneber at dei kontekstuelle forskjellane forsvinn, og at offer for NS-regimets forfølging og andre offer for krigen blir symbolsk likebehandla, med dei moglegheitene til å relativera Holocaust som dette inneber.¹⁰⁹

Goschler kallar venstresidas tilnærming partikularistisk. Her står erindringa om Holocaust i sentrum. Innanfor partikularismen er det heilt vesentleg å skilja mellom offer for NS-regimet og offer for krigen – fordrivne, bombeoffer og krigsfangar. Habermas' tese om at ein ikkje skal sørgja over kollektive lagnader utan å skilja mellom offer og gjerningsmenn, er avgjerande innanfor venstresidas partikularisme. Ei anna side ved venstresidas partikularisme er at dei har vore sers opptekne av dei tyske gjerningsmennene og brotsverka deira, ut frå ein idé om å ta oppgjær med seg sjølv. Desse to forståingsmåtane står mot kvarandre i dag. Goschler hevdar at vi i dag ser ein renessanse for ein integrasjonistisk offerdiskurs.¹¹⁰ Å hevda ein tilbakekomst for ein integrasjonistisk fase står i motstrid til Freis utroping av ein ny fase. Men begge perspektiva inneber noko av det same, nemleg at venstresidas partikularisme er på vikande front i ålmenta.

Sjølv om partikularismen er under press, finst det nokre viktige trekk som er knytte til partikularismen og det hegemoniet denne tilnærminga til fortida har hatt i tidlegare tiår. I dag er eit erindringsimperativ for NS-tida konstituerande for BRD.¹¹¹ Ei forståing av Holocaust som eit spesielt tysk ansvar og byrde gjennomsyrrer den politiske kulturen i Tyskland, og har skapt ein retorikk og ritualisert politikk for anger.¹¹² Denne har konsekvensar både for kva minne- og markeringsdagar som finst, korleis politikarar ordlegg seg ved slike høve, og for utanrikspolitikkk overfor land som var råka av NS-regimets krigføring. Dette er den spesifikke tyske erfaringa om Holocaust.

¹⁰⁷ Herbert 2003, s. 104.

¹⁰⁸ Goschler 2005, s. 873–884.

¹⁰⁹ Helmut Kohls initiativ for å gjera *Neue Wache* i Berlins paradegate *Unter den Linden* til eit minnesmerke over alle tyske offer, både dei som var offer for NS-regimet, offer for krigen og offer for Stalinismen i DDR, illustrerer kva historiepolitiske utslag denne forståinga av offer får. Denne samanblandinga av offer for den andre verdskrigen og offer for Stalinismen er også påverka av dei konservatives fortolkingar at Arendts totalitarismeteori.

¹¹⁰ Goschler 2005.

¹¹¹ Wolfrum 2005, s. 160f, Goschler 2005 og Frei 2005, s. 393.

¹¹² Olick og Levy 1997.

Samstundes har Holocaust fått ei anna tyding også i Tyskland innanfor den globaliserte kulturen, der Holocaust fungerer som ein slags universell metafor for vondskap. Holocaust blir tolka og forstått på nye måtar i Tyskland, hevdar sosiologane Daniel Levy og Nathan Sznajder.¹¹³ Universaliseringa av Holocaust har også gjort behandlinga av Holocaust-offer til eit forbilete for andre offer-grupper. Den måten Holocaustoffer har vorte anerkjent, minna og har fått økonomisk oppreising til eit førebilete eller modell for andre grupper som kjenner seg som offer for historisk urett.¹¹⁴ Desse har knytt dette opp mot det dei kallar Schröder-regjeringas normaliseringsprosjekt,¹¹⁵ som dei forstår som ei vidareføring av Kohls prosjekt. Den tyske deltakinga i Natobombinga av Kosovo er ein av merkesteinane her, hevdar dei. Den militære deltakinga på Balkan i Nato-regi i 1999 innebar for det første eit farvel til venstresidas pasifisme. Utanriksminister Joschka Fischer¹¹⁶ knytte dessutan legitimeringa av deltakinga til eit slagord om ”*Nie wieder Auschwitz*”¹¹⁷. Dette slagordet synte ikkje til tyske ugjeringar, men til det universelle ansvaret til eit vitnekollektiv. Auschwitz var ikkje brukt som ein metafor for brotsverk og skuld, men som ein metafor for det å ikkje gripa inn. Også kanslar Gerhard Schröders kritikk av Wehrmachtutstillinga føyer seg inn i dette biletet.¹¹⁸ Historikaren Norbert Frei hevdar også at fortidspolitikken under Schröder har gått meir i retning av den politikken førgjengaren Kohl stod for. Han knyter det mellom anna til Schröders kamp for ein fast plass for Tyskland i FN’s tryggingråd.¹¹⁹

Dei siste åra har det også vore mogleg å identifisera ein erindringsboom om tyske offer, hevdar historikaren Ute Frevert.¹²⁰ Dette har vore framtrekande både i populærframstillingar av historia. Eit av dei viktigaste eksempla på dette er Jörg Friedrichs bok om bombekrigen. Boka vart omdiskutert, særleg var det fleire på venstresida som

¹¹³ Levy og Sznajder 2001, s. 188–195.

¹¹⁴ Levy og Sznajder 2001, s. 235–242 og Goschler 2005, s. 881f.

¹¹⁵ Levy og Sznajder 2001, s. 188–195.

¹¹⁶ Joschka Fischer var ein sentral person i den radikale tyske 68ar-rørsla. Hans standpunkt i denne saka vart difor oppfatta som overraskande.

¹¹⁷ Sitert etter Rathgeb, Eberhard 2005: *Deutschland Kontrovers - Debatten 1945 bis 2005: 417*. Bonn: BpB.

¹¹⁸ Utstillinga var laga i regi av Hamburger Institut für Sozialforschung vart av fleire grunnar sers omstridd, men det er ukontroversielt å hevda at utstillinga tok eit grundig oppgjær med myten om det reine Wehrmacht- myten om at den tyske hæren hadde ført ein rein krig, og at det var SS og politibataljonane som hadde stått bak krigsbrotsverka. Utstillinga dokumenterte at også Wehrmachtssoldatar, og ikkje berre SS- og politibataljonane, hadde vore involverte i krigsbrotsverk på Austfronten. For meir om utstillinga, sjå Möller 2005, s. 11-15.

Utstillinga skapte historiepolitisk kontrovers i Tyskland, med særleg store protestar frå ytste høgre. Men også Schröder kom med kritikk. Til avisa FAZ sa han at ”Aber ich kann es nicht zulassen daß man sagt, eine Armee habe in ihrer Mehrheit solche Verbrechen begehen können”. Utsegnene utløyte ikkje ein stor strid, noko dei ville ha gjort på 1980-talet då partikularismen stod sterkare, hevdar Levy og Sznajder som tolkar dette som eit gjennomslag for dei raud-grønes normaliseringsprosjekt. (Levy og Sznajder 2001, s. 192)

¹¹⁹ Han knyter det vel så mykje til Schröders språkbruk i samband med minnemarkeringar. For meir om dette, sjå Frei 2005, s. 16–22.

¹²⁰ Frevert 2003, s. 6–13.

kritiserte Friedrich for å bruka eit språk som knytte an til språket som blir brukt om Holocaust. Boka vart ein bestseljar, og fekk mykje merksemd i pressa.¹²¹ Guido Knopps tv-seriar om fordriving og om tyske krigsfangar i aust er eit anna eksempel på at tematisering av tyske offer har nådd ut til eit breitt publikum.¹²² Det tonegjevande nyhendemagasinet *Der Spiegel* har laga temanummer både om fordrivinga og om bombekrigen, og har også følgt opp gjennom bokutgjevingar.¹²³ Dette er berre dei mest kjende eksempla. Det finst også ei rekkje andre journalistiske og populærvitskaplege publikasjonar om fordrivinga og om dei områda i Sør- og Aust-Europa der det tidlegare budde tyskarar, skrivne av folk som ikkje høyrer til i BdV-miljøet.¹²⁴ Sidan 1990-talet har også forskinga om fordrivinga fått ein oppsving, både i Tyskland og internasjonalt. Begge desse faktorane ser ut til å setja venstresidas partikularisme under press.

Schröder-regjeringas normaliseringsprosjekt og den generelt aukande interessa for tyske offer har sett partikularismen under press. I tillegg har eit topos om at fordrivinga har vore eit tabutema, eller eit fortrengt tema, fått eit visst gjennomslag i den tyske ålmenta. I 2002 vart dette tabutoposet framført av Günter Grass, nobelprisvinnaren i litteratur som gjennom fleire tiår hadde vore blant partikularismens fremste faneberarar som pådrivar for eit grundigare oppgjer med fortida. I boka *Im Krebsgang* karakteriserer ein av personane venstresidas omgang med dei fordrivne ein *”bodenloses Versäumnis”*.¹²⁵ Når Grass framfører ein slik kritikk blir det lagt merke til. Dette er den politiske og kulturelle konteksten debatten om Zentrum gegen Vertreibungen føregjekk i. Erindringskulturen er i endring, og venstresidas partikularisme er under press.

¹²¹ Friedrich 2002. Friedrichs bok er ei populærvitskapleg utgjeving, Grass' bok er skjønnlitterær.

¹²² Også familiehistorier som er meir prega av ambivalens og utforsking enn avsløring og moralsk fordømming har nådd ut til eit stort publikum. Typiske uttrykk for denne tendensen er bøkene til Uwe Timm og Wibke Bruhns (Timm 2003 og Bruhns 2004). Timm skriv om bror sin som verva seg til SS og døde på austfronten. Bruhns skreiv om faren som vart dømt til døden for medverknad til Stauffenbergs attentat mot Hitler 20. juli 1944.

¹²³ Aust og Burgdorff 2003 og Friedrich 2002.

¹²⁴ Viktige eksempel på dette er Dohrn, Verena: *Reise nach Galizien. Grenzlandschaften des alten Europa*, Berlin 2000; Pollack, Martin: *Galizien. Eine Reise durch die verschwundene Welt Ostgaliziens und der Bukowina*, Frankfurt /M 2001; Ralph Giordano: *Ostpreußen ade. Reise durch ein melankolisches Land*, Köln 2004; Hirsch, Helga: *Die Rache der Opfer*, Berlin 1998; Krowow, Christian von: *Die Stunde der Frauen. Bericht aus Pommern 1944–1947*, Stuttgart 1997; Klier, Freya: *Verschleppt bis ans Ende der Welt. Schicksale deutscher Frauen in sowjetischen Arbeitslagern*, Berlin 1998; Lachauer, Ulla: *Ostpreußische Lebensläufe*, Reinbek 1998; Schieb, Roswitha: *Reise durch Schlesien und Galizien. Eine Archäologie des Gefühls*, Berlin 2000.

¹²⁵ Grass 2004. Grass var ikkje den første. I 1995 vekte Die Grünen/Bundnis -90-politikar Antje Vollmer mykje merksemd då ho deltok på eit arrangement i regi av Sudetendeutsche Landsmannschaft. Her kritiserte ho venstresidas kulde overfor dei fordrivne. Den same kritikken er også vorte sett fram av fleire av forfattarane omtala i fotnote 115. Grass var også sjølv inne på same tematikk i ein tale han heldt i Vilnius i 2000 i samband med eit tysk-polsk-litauisk møte om erindring av fortida.

3 To konkurrerende museumsprosjekt

Dette kapitlet forklårer bakgrunnen for at det oppstod to konkurrerende prosjekt for oppretting av eit Zentrum gegen Vertreibungen. I tillegg analyserer kapitlet kva som skilde stiftinga ZgV frå det initiativet den sosialdemokratiske politikaren Markus Meckel stod bak.

3.1 Stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen

19. mars 1999 vedtok leiinga i BdV at organisasjonen skulla setja i gang arbeidet med eit dokumentasjonsprosjekt om fordriving. Både fordrivinga av tyskarar og av andre folkegrupper skulle tematiserast som ein del av prosjektet. 29. mai same år lanserte BdV-leiaren Erika Steinbach planane for ålmenta. På *Tag der Heimat* vel ein månad seinare fekk BdV støtte til planane sine frå innanriksminister Otto Schily (SPD), støtta frå den sosialdemokratiske politikaren vart av mange politiske kommentatorar oppfatta som oppsiktsvekkjande.¹ Schily retta kritikk mot den tyske venstresida, fordi dei gjennom tiår hadde oversett lagnaden til dei tyske fordrivne.² Denne utsegna ligg tett opptil Grass' kritikk av at fordrivinga har vorte fortrengt. Både Grass og Schily framførte eit topos om tabuisering av fordrivinga. 6. september 2002 vart *Zentrum gegen Vertreibungen* oppretta som ei sjølvstendig stifting med Bund der Vertriebenen Erika Steinbach og den kjende sosialdemokratiske politikaren Peter Glotz som leiarar for stiftinga.

Konsept

Då stiftinga ZgV la fram presentasjonen av måla sine, var det fleire trekk som skilde stiftinga frå BdVs tradisjon. Det første uventa trekket er opningsorda. Det heiter at stiftinga oppstod i forsoningas ånd ”*Aus dem Geist der Versöhnung mit allen Nachbarvölkern (...)*”³ og at stiftinga stilte seg solidarisk med alle offer for fordriving og folkemord. Her er det ikkje dei tyske fordrivne som står i sentrum, men solidaritet med alle offer. Opningsorda knyter også an til ein integrasjonistisk diskurs der det å vera offer er det sentrale, og alle offer blir symbolsk likebehandla, anten dei er offer for fordrivingar eller folkemord.

¹ Otto Schily (f. 1923) har ein meir venstreorientert bakgrunn enn dei fleste SPD-politikarar. Han var aktiv i studentrørsla på 1970-talet (APO). Han var med å grunnleggja partiet Die Grünen og var med der til han melde overgang til SPD i 1989.

² Etter Salzborn 2003, s. 1121.

³ Frå ZgV: Unsere Stiftung: Aufgaben und Ziele.

Stiftinga sette opp fire likestilte mål. For det første skulle senteret visa fram lagnaden til dei fordrivne tyskarane. Denne skulle ikkje berre dokumenterast, framstillinga skulle også gje rom for sorg og empati med ofra. Det blir slått fast at det å minnast denne lagnaden er ei fellestysk oppgåve. For det andre skulle senteret også visa korleis integreringa av dei mange millionane fordrivne hadde påverka og endra Tyskland i etterkrigstida. Det blir hevda at dei fordrivne har gjeve fleire viktige bidrag til det tyske samfunnet – gjennom sine akademiske og økonomiske innsikter og gjennom handverksfaga deira. Den interkulturelle kompetansen til dei fordrivne blir også nemnt – denne skal dei ha fått gjennom hundreår med sameksistens med andre folkeslag. Det blir også hevda at dei fordrivnes tidlege ”*Bekennntnis zu einem Europa, in dem die Völker in Frieden miteinander leben*”⁴ også var eit av deira bidrag. For det tredje skulle senteret ha som oppgåve å dokumentera ”*Vertreibung und Genozid an anderen Völkern, insbesondere in Europa*”⁵ og stilla seg solidarisk med ofra. Her blir Holocaust nemnt som eit singulært brotsverk. Den fjerde oppgåva til senteret var å dela ut ein menneskerettspris til folk eller grupper som hadde sett seg imot etnisk reinsing og folkemord. Då stiftingas eine leiar Peter Glotz presenterte ZgVs mål, understreka han gjerne det universelle at senteret skulle tematisera fordrivingar – ikkje fordrivinga av tyskarane,⁶ og at BdV i dag var vesensforskjellig frå BdV på 1970-talet.⁷ Det som skil seg i frå BdVs typiske meisterforteljingar om fortida er innrettinga mot fordriving som fenomen og jamføringa med andre tilfelle av fordriving. Dette er ein ny samanheng å sjå fordrivinga i. Tidlegare har dei fleste jamføringar av dei fordrivnes lagnad vorte knytt meir eller mindre eksplisitt til dei europeiske jødanes lagnad, påpeikar den amerikanske kulturhistorikaren Robert G. Moeller.⁸ I denne teksten finn ein verken eksplisitt eller implisitt jamføring med Holocaust. Holocaust blir omtala som eit singulært brotsverk, og dermed også som noko som er vesensforskjellig frå fordrivinga.

Men merksemda om fordrivingar som fenomen, tyder ikkje at dei tyske fordrivne ikkje skal stå i sentrum. Historikaren Jorunn Sem Fure har påpeika at ideologien til BdV på 1990-talet ligg i skjeringpunktet mellom ein singulær og ein universell diskurs. På den eine sida understreka organisasjonen det spesielle ved sin eigen lagnad, og framstilte det nærast som taktlaust å hevda at NS-regimets overgrep skulle ha nokon relevans for korleis ein vurderte fordrivinga. Frå 1990-talet trekte organisasjonen parallellar og analogiar til andre tilfelle av

⁴ Frå ZgV: Unsere Stiftung: Aufgaben und Ziele.

⁵ Frå ZgV: Unsere Stiftung: Aufgaben und Ziele.

⁶ Sjå til dømes NG-FH 12 2003, s. 45.

⁷ Sjå til dømes SZ 22.07. 2003, s. 9 og FAZ 11.08. 2003, s. 6.

⁸ Moeller, Robert G. 2005, s. 175. Dette har i sin tur medført skuldingar om relativering av Holocaust frå venstresida.

etnisk reinsing og framstilte gjennom dette fordrivinga av tyskarane som eit eksempel på universell liding. Sem Fure syntte til Erika Steinbachs solidaritet med offer for etnisk reinsing under borgarkrigen i det tidlegare Jugoslavia. Steinbachs solidaritet vart uttrykt gjennom å visa til lagnaden til tyskarane som vart fordrivne frå Balkan nesten 60 år tidlegare. Sem Fure tolka dette som at BdVs agenda gjekk ut på meir enn å visa solidaritet, det handla også om å få fram si eiga historie på den internasjonale agendaen.⁹ Denne retorikken fungerer då også slik at han understrekar at dei fordrivne, og dermed også BdV er ei gruppe av offer.

I presentasjonen av stiftingas mål ligg retorikken opp til denne solidaritets-tanken, men hos stiftinga ZgV er det dei tyske fordrivnes liding som står i sentrum.

To av fire oppgåver for stiftinga ZgV tek spesifikt for seg dei tyske fordrivnes lagnad. I punkt tre blir alle dei ofra som ikkje er tyske, omtala som dei andre (*anderen Völkern*). Det er tyskaranes deira unike historie som får plass i to punkt, alle andre blir behandla i eitt oppsamlingspunkt. Denne sterke vektlegginga av den tyske historia kan gjev det same inntrykket som det Fure peika på i samband med BdVs solidaritet med folk på Balkan, at det å trekkja inn andre folk og hendingar like mykje handlar om å få merksemd om dei tyske fordrivnes lagnad, som det handlar om *fenomenet* fordrivingar. Avsnittet om dei fordrivnes bidrag til Tyskland er også prega av ein selektiv presentasjon av historia, der berre dei positive og ukontroversielle bidraga fordrivnemiljøet har kome med i Tyskland, er inkluderte i gjennomgangen. Å bruka uttrykket *interkulturell kompetanse* er ikkje berre anakronistisk, det overser også ein heilt sentral del av dei fordrivne tyskaranes relasjonar til andre folk. Mange av dei fordrivne hadde slett ikkje levd i fredeleg sameksistens med nabofolka. Både i Polen og i Tsjekkoslovakia hadde den tyske minoriteten på 1930-talet delvis eit særst spent tilhøve til majoritetsbefolkninga. Fleirtalet av dei med tysk forletilhørslse i Polen og Tsjekkoslovakia helsa NS-okkupantane velkomne som frigjerarar. NSDAP hadde særleg stor oppslutnad i delstaten Østpreussen, og *Volksdeutsche* var overrepresenterte blant NS-regimets mest brutale forbrytarar. Dermed gjev eit uttrykk som *interkulturell kompetanse* eit forteikna inntrykk av dei fordrivnes erfaringar av kontakt med andre nasjonalitetar.

Også punktet om dei fordrivnes tidlege vending mot eit Europa der folk lever i fred med kvarandre gjev eit einsidig bilete. Orda viser til *Charta der Heimatvertriebenen* ord om Europa og forsoning.¹⁰ Sjølv om desse orda i charteret høyrer ut som fredsretorikk, er det

⁹ Fure 2001, s. 197–200.

¹⁰ *Charta der Heimatvertriebenen* vart kunngjort i Stuttgart 6. august 1950 og er eit dokument der leiande personar innanfor fordrivne-miljøet definerer det dei meiner er dei fordrivnes posisjon i Tyskland og i Europa. BdV omtalar dokumentet som dei fordrivnes grunnlov. *Tag der Heimat*, som er ein nasjonal minnedag i

ikkje fredsarbeid den rørsla som sto bak charteret har drive med i praksis. I kapittel 2 viste eg at statsvitaren Pertti Ahonen oppsummerar BdVs rolle overfor nabolanda som ein i hovudsak negativ innverknad.¹¹ Dermed gjev også orda om fordrivnemiljøets forsoningsvilje eit forteikna inntrykk av den organiserte delen av dei fordrivne. Stiftinga ZgVs konsept skil seg ut frå BdVs tradisjon gjennom den tydelege understrekinga av problemet med fordrivingar som fenomen, og i det at ein uttrykker solidaritet med andre. Samstundes kan denne inngangen til problematikken tolkast som ein strategi for å setja si eiga historie på kartet.

Stiftingas leiarar og støttespelarar

Også i leiarskapen for stiftinga er det trekk av både kontinuitet og brot i høve til BdVs tidlegare line. Den eine leiaren, BdVs Erika Steinbach, er Forbundsdaysrepresentant for CDU og høyrer til på den nasjonal-konservative fløya i partiet. Alfred Dregger, ein av dei sentrale personane innanfor CDUs nasjonal-konservative *Stahlhelm-fraksjon*, blir ofte trekt fram som den politiske mentoren hennar.¹² Steinbach også i tysk presse omtala som *Stahlhelmerin*.¹³ Steinbach vart fordriven som barn. Ho vart fødd i Rumia (tysk Ramel) i det dåverande *Reichsgau Danzig-Westpreussen* i det tyskokkuperte Polen 25. juli 1943. Far hennar var okkupasjons soldat frå Hessen, mora kom frå Bremen. I januar 1945 flykta ho vestover saman med familien sin, som i Tyskland fekk status som fordriven gjennom *Bundesvertriebenengesetz*.¹⁴

Den andre stiftingsleiaren, Peter Glotz, representerer eit brot med det som har vore typisk for BdV. Han generalsekretær for SPD frå 1980–1987, og redaktør for det sosialdemokratiske tidsskriftet *Die neue Gesellschaft/Frankfurter Hefte* frå 1982 og fram til sin død hausten 2005. Glotz hadde ein variert akademisk karriere. Han var fødd i Eger i Böhmen i 1939 og vart som barn sjølv fordriven saman med familien. Med den sosialdemokratiske bakgrunnen sin var Glotz ein person som hadde stått inne for venstresidas gjerningsmanns-orienterte tilnærming til fortida. Han hadde også støtta Brandts austpolitikk på 1970-talet. Glotz var ein person som

Tyskland, er knytt til offentleggjeringa av dette chartaet. Denne dagen blir årleg markert på den andre søndagen i september.

¹¹ Ahonen 2003, s. 141. Det er ikkje rett å setja likskapsteikn mellom dei fordrivne og organisasjonen BdV. BdV var ikkje representativ for alle dei fordrivne, men han var den største og mest representative organisasjonen, og organisasjonens funksjon var at han skapte problem i Tysklands tilhøve til nabolanda Tsjekkoslovakia og Polen.

¹² Alfred Dregger (1920–2002) var Forbundsdaysrepresentant frå Hessen og tente i Wehrmacht under andre verdskrigen. *Stahlhelm-Fraktion* var CDUs nasjonal-konservative og militaristiske fraksjon. Dregger var blant underskrivarane på oppropet "Gegen das Vergessen" som vart trykt i FAZ i samband med 50-årsjubileet for avslutninga av den andre verdskrigen. Oppropet minna på om at slutten på krigen ikkje berre tydde slutten på NS-regimet, men også byrjinga på fordrivinga og ny terror. Underskrivarane átvara mot å gløyma dette.

¹³ SZ 22.07. s. 3.

¹⁴ Gjennom denne lova blir fordrivnestatusen arveleg, lova opnar for både andre- og tredjegerasjons fordrivne.

vanskeleg kunne mistenkeleggjerast for å ha ein underliggande revansjistisk agenda. Han kunne heller ikkje haldast ansvarleg eller takast til inntekt for BdVs konfronterande politiske line frå tidlegare tider. Dette gav han ein heilt annan posisjon i ålmenta enn BdV og Erika Steinbach. Han vart av fleire oppfatta som ein slags garantist for at dette var noko anna enn det BdV har stått for tidlegare.¹⁵ Også den lange rekka av støttespelarar med ein annan politisk bakgrunn enn BdVs kjernestøttespelarar hadde ein liknande funksjon. Dette gjeld folk som den tidlegare borgarrettsforkjemparen frå DDR, Joachim Gauck,¹⁶ rabbinaren Walter Homolka, den tysk-jødiske historikaren Julius Schoeps, som er leiar for Moses Mendelssohn-senteret ved universitetet i Potsdam, og den ungarsk-jødiske Nobelprisvinnaren i litteratur og tidlegare Auschwitz-fangen Imre Kertész. Som Holocaust-overlevande har Kertész' synspunkt stor symbolverdi i den tyske ålmenta.

Ingen av dei anerkjente forskarane som har publisert studiar om fordrivinga av tyskarane dei seinare åra, støtta prosjektet. Men fleire som dei siste åra hadde publisert journalistiske og populærvitskaplege bøker og filmar om fordrivinga, støtta stiftinga. Dette er folk som har vore med på å skapa det historikaren Frevert kallar *erindringsboomen* om tyske offer. Dette gjeld den tysk-jødiske forfattaren Ralph Giordano, journalisten og Polen-spesialisten Helga Hirsch, Freya Klier, som er forfattar, dokumentarfilmmakar og tidlegare aktivist i fredsrørsla i DDR, og dokumentarfilmmakaren Guido Knopp.¹⁷ Ein annan støttespelar som fekk mykje merksemd var *Die Grünen/Bundnis 90*-politikaren Daniel Cohn-Bendit som stilte opp i juryen for stiftinga ZgVs Franz Werfel-pris. Cohn-Bendit er jødisk og var blant Tysklands fremste 68-erar.¹⁸ Når denne gruppa kommenterte si støtte til stiftinga, var dei også nøye med å plassera seg sjølve utanfor BdV-tradisjonen. Ralph Giordano karakteriserte til dømes BdVs politikk i etterkrigsåra som ein fortreningspolitikk.¹⁹ Samstundes hevda fleire av desse at BdV no hadde endra seg og hadde vorte ein organisasjon som kunne sjå langt vidare enn tidlegare. Dei kan "*über den Tellerrand der eigenen*

¹⁵ Jeisimann 2005, s. 117.

¹⁶ Joachim Gauck er også kjend fordi han frå 1990 til 2000 var utnemnd som leiar for Stasi-arkiva, på folkemunne kalla Gauck-Berhörde etter leiaren sin.

¹⁷ Guido Knopp har laga den populærvitskaplege TV-serien "Die große Flucht" om fordrivinga. Helga Hirsch (f. 1948) har bakgrunn på tysk venstreside. Ho har vore journalist i Polen for liberale Die Zeit og for Springer-avisa Die Welt. Far hennar er frå Breslau. Julius Schoeps (f. 1942) er jødisk. Han vart fødd i Sverige, der han var med familien i eksil. Schoeps bestefar Julius Schoeps var frå Vestpreussen og vart drepen i konsentrasjonsleiren Theresienstadt. Også Ralph Giordano (f. 1923) er av tysk-jødisk opphav og overlevde krigen i undergrunnen i Hamburg.

¹⁸ Daniel Cohn-Bendit er tysk-fransk og vart aktiv i den tyske ausserparlamentarische opposition (APO) etter at han vart utvist frå Frankrike på grunn av si prominente rolle i mai-revolusjonen. Hans bakgrunn er frå ytste venstre i Tyskland.

¹⁹ I NG-FH 4 2004, s. 60.

Geschichte hinauszublicken,” som Giordano uttrykte det.²⁰ Også Schoeps, Gauck og Glotz understreka at BdV no er annleis enn tidlegare.²¹ Denne gruppa viser også til seg sjølv og kvarandres politiske integritet som garantistar for at stiftinga ZgV er noko anna enn BdVs tradisjon.²² Lista over stiftinga ZgVs støttespelarar har vorte endra fleire gongar. Nokre av dei tidlegare støttespelarane har trekt seg, andre har seinare gått inn for konkurrerande prosjekt.²³ Det viktigaste poenget overfor den tyske ålmenta er at stiftinga hadde ei rad støttespelarar som høyrer til i miljø som tradisjonelt ikkje har sympatisert med BdVs saker. Det vanlege støttespelarmiljøet var framleis med. Konservative historikarar som Michael Wolfssohn og Arnulf Baring og den konservative folkerettseksperten Dieter Blumenwitz også. Det same var den amerikanske folkerettseksperten Alfred M. De Zayas.²⁴ BdV hadde gjennom opprettinga av stiftinga ikkje mista dei tidlegare støttespelarane sine, men stiftinga ZgV hadde i tillegg vunne nye som altså hevda at organisasjonen var annleis enn tidlegare. Med dei nye støttespelarane stod prosjektet fram med ein annan politisk valør i ålmenta enn eit prosjekt der berre BdV hadde vore involvert. Salzburg har påpeika at omtalen av stiftinga i stiftingsåret var overvegande positive i tysk presse.²⁵

Stiftinga ZgV og BdV hadde ein dialog med regjeringa i 2000. I byrjinga av september 2000 talte Schröder, som første sosialdemokratiske kanslar nokon gong, på BdVs *Tag der Heimat*.²⁶ Dette var eit skritt for tilnærming mellom regjeringa og BdV. Schröder gav ikkje si støtte til ZgV, men viste til at det føregjekk samtalar mellom stiftinga og regjeringa.²⁷ Dialogen med regjeringa vart etter kvart meir problematisk. 21. september 2000 rapporterte *Süddeutsche Zeitung* at kulturminister Michael Naumann kritiserte Erika Steinbach. Regjeringa hadde vore i samtalar med stiftinga ZgV om ei mellombels utstilling om fordrivinga i Bonn. Samtalene mellom stiftinga og regjeringa skulle halda fram etter denne

²⁰ I NG-FH 4 2004, s. 61.

²¹ Sjå til dømes TAZ 02.10.2003, SZ 17.07. 2003, s. 14.

²² Die Welt 20.09.2003, Die Welt 01.09.2003, Die Welt 03.01.2004.

²³ Micha Brumlik var oppført som medlem av ZgVs *Wissenschaftlicher Beirat* i 2002 (pressemelding frå ZgV frå 15. mai 2002). I 2003 skreiv han under på eit opprop mot oppretting av Zentrum gegen Vertreibungen. Imre Kertész står framleis på lista over støttespelarar, men han skreiv også under Markus Meckels mot-opprop i 2003. Den polske historikaren Witold Stankowski var med i stiftingas *Wissenschaftlicher Beirat* i 2003 (pressemelding frå ZgV 13. august 2003), men trekte seg seinare frå rådet.

²⁴ Alfred M. de Zayas er forfattar av boka *Die Anglo-Amerikaner und die Vertreibung der Deutschen* (1977) som var eit krasst oppgjær med vestmaktenes rolle under konferansen i Potsdam. Boka har status som ein klassikar innanfor den tendensiøse historieskrivingstradisjonen ein finn innanfor fordrivnemiljøet, og blir sjeldan referert til av andre som anna enn eksempel denne litteraturtradisjonen.

²⁵ Salzburg 2003, s. 1121.

²⁶ Bulletin der Bundesregierung nr 53-1 frå 04.09. 2000.

²⁷ SZ 04.09. 2000, s. 6.

utstillinga.²⁸ Men stiftinga ZgV heldt fram arbeidet for realisering av eit museum i sin eigen regi. Naumann kritiserte Steinbach for dårleg stil fordi ho hadde inngått ein avtale utan intensjon om å halda han.²⁹

I det sosialdemokratiske partiet fanst ei positiv haldning til idéen om eit museum. Schily valde å støtta stiftinga ZgVs initiativ. Schröder og Naumann valde ei tilnærming der dei prøvde å minimera ZgVs rolle i prosjektet gjennom å overføra det til ein annan instans – *Haus der Geschichte* i Bonn. Dette viser at stiftinga ZgV trass i nye alliansepartnarar ikkje klarte å få gjennomslag i regjeringa for at ZgV var eit nytt og *annleis* prosjekt enn det BdV tidlegare hadde stått for. Måten Steinbach og stiftinga gjekk fram på i denne saka er også nokså typisk for dei. På den eine sida er Steinbach ein brubyggjar som vann nye samarbeidspartnarar og allierte. Men stiftinga ZgV ville ikkje overlata initiativet eller tematikken til andre – dei ville ha støtte til sitt eige prosjekt.

I mai 2002 kom spørsmålet om eit Zentrum gegen Vertreibungen inn i sentrum av den tyske ålmenta att. 16. mai diskuterte forbundsdagen oppretting av eit Zentrum gegen Vertreibungen. Saka var sett på dagsorden av CDU/CSU-fraksjonen, etter initiativ frå mellom andre Erika Steinbach. CDUs framlegg gjekk ut på at det tyske parlamentet skulle helsa stiftinga ZgV velkomen, leggja grunnlag for samarbeid med stiftinga, stilla eit bygg til disposisjon for utstillinga og gå i gang med å utvikla eit konsept for finansiering av prosjektet.³⁰ FDP leverte eit eige framlegg til diskusjonen.³¹ Det same gjorde regjeringskoalisjonen. Regjeringa gjekk inn for ein europeisk dialog om oppretting av eit *europeisk Zentrum gegen Vertreibungen*. I dette senteret skulle fordrivingar i Europa i det 20. hundreåret tematiserast. Senteret skulle driva dokumentasjon og forskning og samstundes vera eit minnesmerke over det som hadde hendt. I dette vedtaket vart planane frå dialogen mellom regjeringa og stiftinga ZgV vidareført: *Haus der Geschichte* i Bonn skulle setja i gang eit forprosjekt.³²

Regjeringsframlegget gjekk gjennom med stemmene til SPD og Bündnis 90/Die Grünen. Dei andre partia stemte fråhaldande. CDU/CSU og FDP stemte for sine egne framlegg. PDS stemte mot alle framlegga.³³ Med dette hadde *ideen* om eit museum om fordrivingar hadde

²⁸ Denne utstillinga opna i Haus der Geschichte i Bonn i desember 2005 og var ikkje ei utstilling som skapte heftig politisk debatt.

²⁹ SZ 21.09. 2000.

³⁰ Bundestagdrucksache 14/8594.

³¹ Bundestagdrucksache 14/9068. Partiet tok til orde for at forbundsdagen skulle gå inn for å oppretta eit senter, men den eksisterande stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen vart ikkje nemnt spesielt. Framlegget nemner at ein må streba etter internasjonal deltaking og at Forbundsdagen skal ha ansvar for finansiering.

³² Bundestagdrucksache 14/9033.

³³ Bundestagsdrucksache 14/9661.

fått breitt politisk gjennomslag. PDS var det einaste partiet som hadde stemt mot alle forslag i Forbundsdagen. BdV tolka røystinga i Forbundsdagen positivt. I DOD oppsummerte Steinbach at no handla ikkje debatten lenger *om* museet skulle opprettast. Spørsmålet var kvar det skulle vera.³⁴ Med dette var splittinga mellom regjeringa og stiftinga ZgV tydeleg. Ideén om eit museum hadde altså fått gjennomslag hjå regjeringa, men dei gjekk inn for ein plan der ikkje stiftinga ZgV, der BdV sat i leiinga, skulle ha nokon plass. Unionsfraksjonen derimot stemte mot regjeringas framlegg. Dei ville ha eit museum om fordriving der stiftinga ZgV, og dermed også organisasjonen BdV, hadde ein posisjon. Dette viser at både CDU/CSU og BdV anten må ha hatt tankar om at Haus der Geschichte ville tematisera fordrivinga på ein måte dei sjølv ikkje meinte var fullgod – eller at dei hadde ei meir generell frykt for at organisasjonen skulle bli sett på sidelina, eller ein kombinasjon av båe.

På dette tidspunktet byrja også fleire polske og tsjekkiske stemmer å gjera seg gjeldande i den tyske diskusjonen. I samband med røystinga i Forbundsdagen offentleggjorde dei to polske redaktørane Adam Michnik og Adam Krzemiński eit opprop for oppretting av eit europeisk innretta museum om fordringar i den polske byen Wrocław, der det låg i korta at stiftinga ZgV skulle setjast på sidelina.³⁵ Dei viste til byens spesielle historiske føresetnader: I 1945 vart tyskarane fordrevne frå den byen. Seinare busette mange av polakkane som var fordrevne frå områda aust for elvene San og Bug, seg i den forlatte byen. Michnik og Krzemiński sende brev om initiativet sitt både til den tyske og til den polske regjeringa. I ein kronikk i *Die Zeit* drøfta dei to problematikk kring Tysklands oppgjer med fortida, og korleis historia om dei fordrevne kunne kontekstualiserast i ljøs av Holocaust og i ljøs av NS-regimets mange brotsverk mot slaviske folk. Dei tok til orde for ei europeisk ramme for museet, og at fordrivinga ikkje måtte tematiserast innanfor nasjonale rammer.³⁶ Dei to debatterte spørsmålet på ein nyansert måte, men viste eksplisitt sine reservasjonar overfor organisasjonen BdV. Erika Steinbach avviste forslaget Michnik og Krzemiński kontant, og insisterte på at museet måtte ligga i Berlin.³⁷ I sitt tilsvaret på utfordringa frå dei polske redaktørane hevda Steinbach at dette var ei sak som i hovudsak angjekk tyskarar. Steinbach sette museet og fordrivinga inn i ein nasjonal kontekst. Ho oppmoda Michnik og Krzemiński til å heller oppretta eit eige senter

³⁴ DOD 16 2002, s. 3.

³⁵ Adam Krzemiński er redaktør for tidsskriftet *Polityka* og leiar for Polnisch-Deutschen Gesellschaft i Warszawa. Adam Michnik er tidlegare dissident og redaktør for den venstreliberale avisa *Gazeta Wyborcza*. Wrocław (tysk: Breslau) er ein tidlegare tysk by, fram til 1945 var byen hovudstaden i provinsen Schlesien.

³⁶ *Die Zeit* 20.06. 2002, s.11.

³⁷ FAZ 16.05 2002, s. 4.

i Wrocław dersom dei meinte det trengtes.³⁸ Mellom desse to partane vart det ikkje ført nokon dialog.

Frå å vera i skuggen av Holocaust, slik Faulenbach uttrykte det,³⁹ var fordrivinga no med Franzens ord hamna *im neuen Zentrum der Erinnerung*.⁴⁰ Ideen om eit ZgV hadde i 2002 fått stort gjennomslag i tysk politikk. Stiftinga ZgV hadde vunne støttespelarar frå eit breitt politisk miljø, men i stiftingas mål var nokre sider av BdVs omstridde tradisjon vidareført. Posisjonane i debatten byrja bli tydelege. Regjeringa og dei polske debattantane stod på ei side – partia CDU/CSU og stiftinga ZgV med støttespelarar på den andre.

3.2 Markus Meckels alternativ

Regjeringa ønskte eit museum for dei fordrivne, men ikkje eit der organisasjonen BdV hadde innverknad. Dette hadde blitt synleg alt i 2000. I 2003 gjekk sosialdemokratane inn for eit alternativt prosjekt. 14. juli 2003 offentleggjorde forbundsdaysrepresentanten Markus Meckel eit opprop med namnet ”*Gemeinsame Erinnerung als Schritt in der Zukunft. Für ein europäisches Zentrum gegen Vertreibungen, Zwangsaussiedlungen und Deportationen*.”⁴¹ I dette oppropet gjekk han og ei lang rad støttespelarar inn for å oppretta det dei kalla eit europeisk Zentrum gegen Vertreibungen.

Konsept

Det europeiske senteret skulle ifølgje initiatorane vera eit dokumentasjons- og forskingssenter. Senteret skulle ikkje berre ta for seg lagnaden til dei fordrivne tyskarane, men tematisera fordrivingar i eit europeisk perspektiv. Senteret skulle også ha europeiske partnerar alt frå starten. Oppropet følgde opp det vedtaket som vart fatta i Forbundsdagen mai året før. Initiativet fekk brei omtale i tysk presse. Oppropsteksten skilde seg frå stiftinga ZgV på fleire punkt, men det finst òg nokre likskapstrekk. Teksten opna med å omtala fordrivingar, tvangsflyttingar og deportasjonar som fenomen som har forårsaka mykje liding i Europa, og som eit fenomen som må avvisast, til dette punktet var teksten lik det ein kunne finna hos stiftinga ZgV. Men vidare i teksten vart Steinbach og Glotz’ stifting ZgV kritisert. Deira prosjekt vart karakterisert som einsidig tysk-nasjonalt. Oppropet viste til at stiftinga ZgV skapte mistru i nabolanda, åtvare mot at stiftinga ZgV kom til å ”*das Leid der Einen gegen das Leid der Anderen aufzurechnen*” og mot at stiftinga kom til å ta lett på den historiske

³⁸ DOD 16 2002, s. 7.

³⁹ Faulenbach 2002, s. 50.

⁴⁰ Franzen 2003, s. 49–53.

⁴¹ FAZ 15.07. 2003, s. 4.

konteksten fordrivinga hadde føregått i.⁴² Kritikken likna på den kritikken som BdV-miljøet er blitt møtt av dei siste ti-åra til ein den partikularistisk diskurs om offer. Teksten er elles nokså vag på dei punkta der oppgåva for det europeiske senteret blir omtala. Kritikken av stiftinga ZgV var derimot meir presist formulert.

Støttespelarar

Støttespelarane for Meckels initiativ var politikarar og intellektuelle, fleire av dei kom frå Polen og Tsjekkia. Blant underteiknarane var Władysław Bartoszewski og Bronisław Geremek, baa historikarar og tidlegare utanriksministrar i Polen. Baa var også velkjende i Tyskland på grunn av innsatsen deira for forsoning mellom Tyskland og Polen.⁴³ Under den andre verdskrigen var Bartoszewski fange i Auschwitz, og han kjempa også i den polske motstandsørsla. Marek Edelman, som er den siste gjenlevande leiaren for opprøret i Warszawa-ghettoen, skreiv også under. Imre Kertész var også blant underskrivarane.⁴⁴ Dei personlege historiene til Bartoszewski, Edelman og Kertész gjev synspunkta deira ein stor symbolverdi i den tyske ålmenta, der eit erindringsimperativ for Holocaust og den andre verdskrigen er ein integrert del av den politiske kulturen.⁴⁵ Også topp-politikarar frå Tsjekkia skreiv under, både landets visestatsminister Petr Mareš, Petr Pithart, som var leiar for senatet, skreiv under. I Tyskland hadde Meckel også med seg andre enn sosialdemokratar. Hans-Dietrich Genscher (FDP)⁴⁶ og Rita Süßmuth (CDU)⁴⁷ var blant støttespelarane. Den opphavlege støttespelarlista fekk snart følgje av fleire underskrivarar frå academia og det politiske livet i Tyskland, Polen, Tsjekkia og Ungarn. Meckels støttespelarliste hadde fleire internasjonale og tunge namn og både frå academia og frå det politiske livet enn Steinbach og Glotz' alternativ. Nokre tyske konservative og liberale hadde fått plass på lista – elles var dei tyske støttespelarane i hovudsak frå politiske miljø som har stått langt unna BdV. Leiar for *Deutsches Polen Institut* Dieter Bingens vurdering av Meckel-alternativet er at det vart lansert

⁴² Frå erklæringa "Gemeinsame Erinnerung als Schritt in die Zukunft. Für ein europäisches Zentrum gegen Vertreibungen, Zwangsumsiedlungen und Deportationen – Geschichte in Europa gemeinsam aufarbeiten." Heimesida til Markus Meckel: http://www.markusmeckel.de/index.php?option=com_docman&task=cat_view&gid=32&Itemid=56 (lesedato 21. september 2006.)

⁴³ For dette forsoningsarbeidet sitt fekk Bartoszewski dei tyske bokhandlaranes fredspris i 1986.

⁴⁴ Frå pressemelding frå Markus Meckel 14. juli 2003. Kertész hadde tidlegare gjeve støtta si til Glotz og Steinbachs prosjekt, og stod framleis på lista over støttespelarar på nettsida til ZgV. Kertész deltok aldri i den tyske diskusjonen. Mi tolking av hans støtte er at han stødde ideen om eit museum, og at han ikkje tok stilling mellom to konkurrerande alternativ.

⁴⁵ Eit eksempel som illustrerer symbolverdien deira i ålmenta er at Marek Edelmanns synspunkt i debatten vart breitt referert i tysk presse. Edelman vart i oppslaga omtala ut frå si personlege historie. FR 17. juli 2003, s. 5.

⁴⁶ Genscher var utanriksminister og viskanslar under Helmut Kohl (1974–1992)

⁴⁷ Rita Süßmuth er tidlegare Forbundsdagspresident. Hans Dietrich Genscher var innanriksminister frå 1969–1974 og utanriksminister frå 1974–1992.

på eit seint tidspunkt i diskusjonen, og at det var halvhjarta og lite konkret.⁴⁸ Bingens ordval er polemisk, men konseptet var vagt, og kom altså først tre år etter at stiftinga ZgV hadde lagt fram sitt konsept. Zentrum gegen Vertreibungen hadde alt vorte eit etablert omgrep og eit debattspørsmål. Med oppkomsten av dette alternativet er det tydeleg at fordrivingstematikken hadde fått innpass som viktig tema innanfor eit langt breiare politisk miljø enn tidlegare. Med Meckel-oppropet vart den splittinga som alt fanst mellom regjeringa og Steinbach/Glotz-prosjektet for første gong utkrystallisert i to konkurrerande, om enn vage, alternativ. Dette er den situasjonelle konteksten for sommardebatten i 2003 om Zentrum gegen Vertreibungen.

3.3 Oppsummering og drøfting

Då BdV lanserte planane for oppretting av ZgV var det tydeleg at det hadde føregått ei posisjonsforskyving i den tyske ålmenta. Ideen fekk mange uventa støttespelarar. Av dei politiske partia var det berre PDS som ikkje stødde tanken om eit museum. Ideen om å tematisera fordrivinga fekk altså breitt politisk gjennomslag, men stiftinga ZgV fekk ikkje same gjennomslagskraft. Dermed var det ein politisk situasjon der det ikkje lenger berre er BdV-miljøet som var oppteke av minnet om fordrivinga. Både BdV, deira nye støttespelarar og ei rad sosialdemokratar ønskjer å tematisera fordrivinga – om enn på ulikt vis.

I sin kritikk av stiftinga ZgV knytte Meckel-oppropet an til den partikularistiske offerdiskursen. Samstundes er sjølve initiativet, det å ville oppretta eit museum om fordrivinga og dermed oppvurdera minnet om fordrivinga, eit initiativ som kjem på kant med ein partikularistisk offerdiskurs. Det var sett i gang ein kamp om korleis fordrivinga skal forståast. Sommaren 2003 stod to alternativ opp mot kvarandre.

Det var ikkje problemstillingar innanfor historiefaget som utløyste striden. Striden var utløyst av spørsmålet om korleis fordrivinga skal formidlast i ein museumssamanheng, og av spørsmålet om kven som skal gjera det – her er rolla til organisasjonen BdV og det denne organisasjonen blir oppfatta å stå for, eit kjernes spørsmål. Spørsmålet var med andre ord korleis fordrivinga skal minnast og også om kva plass fordrivinga skal ha i formidlinga av den tyske historia i dag og for nye generasjonar. Debatten handla om erindring og medvit om historia – ikkje om historiefaget. Ettersom den tyske regjeringa var involvert, handla debatten også om kva historieoppfatning den tyske staten gjev legitimitet til.

Stiftinga ZgV er tydeleg prega av banda til organisasjonen BdV, samstundes som ho representerer ei politisk nyvinning for organisasjonen. Støttespelarane til stiftinga ZgV la vekt

⁴⁸ Bingen 2005, s. 17.

på brot med BdV-tradisjonen. Men prosjektet knyter seg i stiftingskonsepsjonen klårt til ein integrasjonistisk offerdiskurs, tydke fordrivne står eintydig i sentrum, og teksten er selektiv i omtalen sin av soga til dei fordrivne . ZgV førte ein strategi for å samla støtte til sitt prosjekt, og ville ikkje leggja ned arbeidet til fordel for eit regjeringsinitiert prosjekt.

4 BdV og dei utanrikspolitiske krava

På 1970-talet vart organisasjonen stempla som *Ewiggestrig* fordi dei distanserte seg frå den pågåande *Vergangeheitsbewältigung*. I dag er erindringskulturen i endring, dei tyske ofra for krigen har fått større plass både i populærformidlinga av historia og innanfor historieforskinga. Samstundes har organisasjonen BdV hamna nærare sentrum i tysk politikk. Dette kapitlet spør i kva grad organisasjonen har fornya seg og vurderer brot og kontinuitet i BdVs utanrikspolitiske krav og i korleis BdV-miljøet framstiller fordrivinga.

4.1 Fornyning, men ikkje brot

I dag har BdV om lag to millionar medlemer, fordelt mellom *Landsmannschaften* og *Landesverbände*. *Landsmannschaften* er organiserte etter opphavsregionane i aust og arbeider med kulturbevaring og det som er att av organisasjonens utanrikspolitikk. BdVs *Landesverbände* er organisert etter dei noverande tyske delstatane og arbeider opp mot delstatsregjeringane.¹ Den delen av organisasjonen sitt arbeid som får mest merksemd i den tyske ålmenta, er det som ligg i skjeringpunktet mellom kulturbevaring, erindring og utanrikspolitikk. Då organisasjonen sende spørsmål til partia i samband med Forbundsdaysvalet i 2002, handla tre av sju spørsmål om minner og kulturbevaring.² Etter at BdV tok initiativet til oppretting av eit Zentrum gegen Vertreibungen, er det framfor alt denne saka som har gjeve organisasjonen merksemd i den tyske pressa.

Det er den generasjonen som var barn under fordrivinga som styrar BdV i dag. På 1950- og 1960-talet var det mange eksempel på at framtrekande medlemer i BdV hadde vore NS-medløparar og -karrister. Slik er det ikkje i dag. Då den 55-årige forbundsdaysrepresentanten Erika Steinbach (CDU) vart valt til president for BdV i 1998, var dette ei fornying av organisasjonen på fleire måtar. For det første var ho den første kvinnelege leiaren i det konservative BdV. For det andre har ho klart å gjera BdV om frå å vera ei marginal gruppe på høgre fløy i det politiske landskapet, til å bli ein organisasjon med ein langt meir sentral posisjon i ålmenta.³ Samstundes er kontakten med andre politiske miljø

¹ Salzborn 2000, s. 82.

² Publisert i DOD 17 2002, s. 9–15. Krav var å gjera 5. august til nasjonal minnedag for offer for fordrivinga, krav om støtte til arbeid for bevaring av aust-tysk kultur og krav om støtte til ZgV. Bundesrat gjekk inn for dette 11. juli 2003. Det finst alt to offisielle minnedagar for fordrivinga. *Volkstrauertag*, som er ein minnedag over alle tyske offer, og *Tag der Heimat*. Begge er nasjonale minnedagar.

³ Sjå til dømes SZ 03. 08. 2004, s. 4. og Die Welt 20.08.2003.

betra. Det mest synlege utslaget av den politiske brubygginga under Steinbach, er støtten til stiftinga ZgV. Organisasjonen har framleis nærast kontakt med dei konservative unionspartia (CDU og CSU). I bayersk delstatspolitikk har BdV og organisasjonen *Sudetendeutsche Landsmannschaft* særleg tette band til det regjerande partiet CSU. For det tredje er delar av organisasjonens retorikk endra. Erika Steinbach sett dei fordrivne tyskaranes lagnad inn i ein større samanheng gjennom slagord som ”*Menschenrechten sind unteilbar.*”⁴ På side 43 og 44 i oppgåva blir fleirtydigheita i denne retorikken drøfta, og eg argumenterer for at funksjonen til retorikken er at BdV framleis framstiller seg sjølv som ei gruppe av offer.

Samstundes har BdV heldt fast på delar av den tidlegare erindringspolitiske profilen sin under Steinbach. Organisasjonsleiaren har fleire gongar markert seg som ein skarp retorikar med brodd mot venstresidas partikularistiske offerdiskurs. I nyhendemagasinet *Stern* lanserte Steinbach i 1998 termen *nasjonal masochisme* for å beskriva venstresidas vegring mot tematisering av dei tyske fordrivne og andre tyske offer for krigen.⁵ Under den oppheita debatten som kom i stand i samband med *Hamburger Institut für Sozialforschung* si utstilling ”*Vernichtungskrieg. Verbrechen der Wehrmacht 1941 bis 1944*” ,stod Steinbach i spissen for ei gruppe som ønskte å arrangera eit protestarrangement mot utstillinga, og karakteriserte utstillinga som ei *hetsutstilling*.⁶ Dermed markerte ho seg også som ein kritikar av det etoset om oppklåring av NS-regimets brotsverk som har følgd med den partikularistiske offerdiskursen, her gjorde ho felles sak med krefter på ytste høgre fløy.

Som leiar i BdV har Steinbach markert ei grense mot ytste høgre i eigen organisasjon. 9. november 2001 hevda Paul Latussek, som var leiar for BdV i Thüringen og medlem av den sentrale leiinga til BdV at det ikkje var seks millionar offer i Auschwitz, berre 930 000.⁷ Latussek hadde også tidlegare vekt oppsikt med utsegner som hadde vorte forstått som revansjistiske. På grunn av desse utsegnene vart det sett i gang ei etterforsking av Latussek for *Volksverhetzung*.⁸ BdV-leiar Erika Steinbach gjekk kraftig i rette med Latusseks utsegner straks ho vart konfrontert med dei. Ho bad ikkje om å få gå grundigare inn i saka. Ho hevda heller ikkje at organisasjonen burde venta på kva dommarar ville seia til dette, dette fekk ho

⁴ Salzborn 2003, s. 153. På s. 43 og 44 blir denne nyorienteringa nærare drøfta.

⁵ Salzborn 2000, s. 84.

⁶ FAZ 09. 03. 1997. Alfred Dregger var også med på dette motarrangementet. Også den sosialdemokratiske kanslaren Gerhard Schröder kom med motførestillingar mot arrangementet, men både form og innhald var langt krassare hjå Steinbach.

⁷ Omtala mellom anna i SZ 30.11. 2002, s. 6.

⁸ Han var tiltala etter § 130 i straffelova. Han vart dømt for dette i tysk høgsterett sommaren 2005, ifølgje SZ 04.06. 2005.

også kritikk for av Latusseks støttespelarar.⁹ Utsegnene gjorde at organisasjonen kalla inn til omframnt landsmøte for å fjerna Latussek frå leiinga.¹⁰ Samstundes hadde Latussek støtte i si lokalforeining i Thüringen, så dette viser at BdV også rommar ei gruppering som er meir ytterleggående enn Steinbachs kurs. Organisasjonen i Thüringen er ikkje eineståande på dette feltet. Samuel Salzbom har påpeika fleire overlapp mellom BdV folk og høgre-ekstreme miljø på lokalt plan i BdV.¹¹

Fornyinga Steinbach representerer for organisasjonen handlar både om nye alliansepartnarar, ei meir sentral plassering i ålmenta og til ein viss grad om ein fornya retorikk, sjølv om ein kan disutera kor djupt denne endringa stikk. BdV har iallfall markert seg tydeleg mot krav om moralsk oppgjær og oppklåring om NS-fortida.

4.2. BdVs utanrikspolitiske krav

Tyskland har etter 1989 bygd opp eit nytt forhold til nabolanda i aust. På statleg nivå er samarbeidet mellom Tyskland og Polen etter 1990 vorte så intensivt og mangefasettert som aldri før i moderne historie.¹² Styrketilhøvet mellom Polen og Tyskland er asymmetrisk. Samarbeidet mellom landa hadde i dei første åra også karakter av å vera ein *paternalistisk partnerskap*. Tyskland er ei stabil vesteuropeisk økonomisk stormakt, Polen eit nytt demokrati med svakare økonomi. Tyskland vart ein sterk støttespelar for polsk medlemskap i Nato og EU. Tyskland og Polen har også teke fleire nye steg for forsoning etter andre verdskrigen etter 1990.¹³ Tilhøvet mellom Tyskland og Tsjekkia har vore tungt å byggja opp, tyngre enn i tilfellet med Tyskland og Polen. Dei bilaterale banda mellom landa er på langt nær like godt utbygd som mellom Tyskland og Polen.¹⁴ Men også overfor Tsjekkia har Tyskland på seg ei slags fadderrolle for det svakare økonomisk utvikla nabolandets vestintegrasjon og medlemskap i Nato og EU.¹⁵

Korleis har det så gått med BdVs utanrikspolitiske krav, kravet om revisjon av Oder-Neiße-grensa, straffeforfølgning av forbrytarar, erstatning for tapt eigedom og kravet om retur – *Heimatrecht*? Statsvitaren Pertti Ahonen hevdar at BdV i all hovudsak vidareførte den

⁹ Mellom anna stilte BdVs Landesverband i Thüringen seg bak han.

¹⁰ SZ 29.11. 2001, s. 5.

¹¹ Salzbom 2002.

¹² Etter Bingen 2005, s. 14.

¹³ Sjå til dømes Bingen 2005, s. 14f.

¹⁴ For meir om forskjellane i relasjonen Tyskland–Polen og Tyskland–Tsjekkia, sjå Feldman 1999.

¹⁵ Jf. Den tysk-tsjekiske forsoningserklæringa frå 1997.

utanrikspolitiske lina si etter 1990.¹⁶ Tida har løpt frå kravet om straffeforølgning av forbrytarar. Når det gjeld kravet om Heimatrecht og erstatningar, er dette krav som organisasjonen stadig har sett fram i samband med vestintegrasjonen av Polen og Tsjekkia. Kravet om revisjon av Oder-Neiße-grensa har BdV gav organisasjonen opp i 1991. I 1989 gjekk organisasjonen inn for grenserevisjon.¹⁷ Trass i at både DDR i 1950 og BRD i 1971 hadde gjort avtalar med Polen der grensa frå 1945 vart godkjent, var ikkje desse avtalane folkerettsleg bindande.¹⁸ Grensa vart slege fast i *Zwei plus Vier*-avtalen mellom Tyskland og sigersmaktene frå den andre verdskrigen, og seinare i ein folkerettsleg bindande avtale mellom Polen og Tyskland.¹⁹ Då forbundsdagen ratifiserte den tysk-polske grenseavtalen, stemte 23 unionsrepresentantar med band til BdV mot.²⁰ Erika Steinbach var blant desse.²¹ BdV hadde innverknad på prosessen på det retoriske planet. Verknaden var at prosessen med å få ein folkerettsleg bindande avtale tok meir tid. Det skapte utryggleik i høve til dei tyske posisjonane i Polen. Mønsteret frå den kalde krigen gjentok seg i grensespørsmålet. BdVs påverknad var ein negativ påverknad. BdV godtok situasjonen då den folkerettsleg bindande avtalen var på plass, og har seinare ikkje kome med krav om å gjera om på dette. Men røystegjevinga i Forbundsdagen vart lagt merke til og skapte bitre kjensler overfor BdV i Polen.²²

I spørsmålet om returrett og erstatningar har BdV ført ein kurs der dei har sett fram vagt formulerte krav som stadig har vorte endra. Tidleg på 1990-talet gjekk BdV inn for å krevja at Tsjekkia og Polen måtte fjerna Beneš- og Bierut-dekreta og dessutan også garantera for dei fordrivnes *Heimatrecht* for å kunne få bli med i Nato og EU. Seinare har desse krava blitt omformulert fleire gongar, men BdV har fleire gongar kravd at visse krav frå organisasjonen, ofte vagt formulerte tilvisingar om at offer må få oppreisning, skulle vera vilkår for vestintegrasjonen av nabolanda. Grunngevinga for dette var ikkje knytt til det

¹⁶ Ahonen 2005.

¹⁷ Ahonen 2005, s. 362.

¹⁸ Dette tyder ikkje at grensespørsmålet i realpolitisk forstand nokon gong var eit forhandlingsspørsmål. Men BdV hadde innverknad på CDU-kalslar Helmut Kohls handtering av situasjonen. I arbeidet fram mot avtalen uttrykte kanslaren seg fleire gongar tvitydig om kva han meinte om kvar grensa burde gå. Kohls taktikkeri viser kor mykje makt BdV-miljøet framleis hadde over den utanrikspolitiske retorikken til CDU. Kohls vingling var noko som kunne ha sett Kohls samlingsprosjekt i fare. For drøfting av dette, sjå Ahonen 2003, s. 277f.

¹⁹ *Zwei plus Vier*-avtalen bana veg for gjenforeininga av Tyskland, og vart ratifisert i 1990. Avtalen, som er folkerettsleg bindande om grensene mellom Tyskland og Polen, har namnet *Deutsch-Polnische Grenzvertrag* og vart underteikna 14.11.1990.

²⁰ Meldt i SZ 18. 10. 1991, s. 4. Ti av desse røysta fråhaldande.

²¹ Stuttgarter Zeitung 05. 08. 2004, s. 3.

²² BdV vart også framheva i kommunistanes propaganda som uttrykk for det revansjistiske BRD. Dei negative haldningane var der frå før, men vart heller stadfesta gjennom handteringa av grensespørsmålet.

uavklara eigedomsspørsmålet eller til retten til å returnera, men til moral – og til dei fordrivnes status som offer.²³

Tyskland og nabolanda Polen og Tsjekkia har ulik juridisk vurdering av fordrivinga. Rettsoppfatninga i Tsjekkia går ut på at utvisinga av tyskarane er heimla i avgjerda i Potsdam, utvisinga fullførte så og seia intensjonane i erklæringa. I Tsjekkia meiner ein at Beneš-dekreta om fordriving og kverrsetjing av eigedom er ein legitim del av europeisk rettsorden etter krigen.²⁴ Den tyske rettsoppfatninga er derimot at dette er i strid med internasjonal lov. Tyskarane ser på spørsmålet om eigedomar som vart kverrsette, som eit ope juridisk spørsmål.

Denne usemja vart stadfesta i den tysk-tsjekiske forsoningserklæringa frå 1997.²⁵ Avtalen slo dessutan også fast at landa skulle leggja dette bak seg, og ikkje belasta tilhøvet mellom seg med politiske og juridiske spørsmål om fortida.

Arbeidet fram mot forsoningserklæringa var omfattande og problematisk på grunn av ulik rettsoppfatning om fordrivinga og *Sudetendeutsche Landsmannschafts* krav om erstatningar for tapt eigedom.²⁶ I Forbundsdagen stemte 12 CSU-representantar og sju CDU-representantar mot den avtalen som vart inngått.²⁷ Kanslar Helmut Kohl forsikra då også i etterkant om at eigedomsspørsmålet framleis var ope.²⁸ Dette er grunnen til at Ahonen hevdar at BdV og BdV-organisasjonen *Sudetendeutsche Landsmannschafts* forsoningsprosessen mellom Tyskland og nabolandet Tsjekkia.²⁹

Også i Polen er det ei anna oppfatning av den juridiske sida av fordrivinga enn i Tyskland. Den tyske oppfatninga går ut på at fordrivinga av tyskarane frå dei tidlegare tyske områda aust for Oder-Neiße ikkje berre var inhuman, men at ho også var i strid med folkeretten. Dette har konsekvensar for rettsoppfatninga i spørsmålet om erstatningar til tyskarar som fekk eiga si kverrsett i samband med fordrivinga. Den offisielle tyske politikken

²³ Pressemeldingar frå BdV 28.02.2002, 21.01.2002, 20.02.2002, 21.11.2002.

²⁴ Beneš-dekreta omfattar alle presidialdekret som vart fatta av den tsjekkosllovakiske eksilregjeringa fram til parlamentet kom saman att i 1946. Desse danna grunnlaget for rettsorden i Tsjekkoslovakia etter krigen. Nokre av desse dekreta regulerte konfiskering av eigedomen til tyskarar og ungararar og tok frå dei statsborgarskapen. I 1995 stadfesta tsjekkisk Verfassungsgericht legaliteten i presidentdekret 108, eit dekret som sørgja for konfiskering av eigedom. Meir om dette hjå Götze 1995, s. 1041.

²⁵ I erklæringa tok både Tyskland og Tsjekkia på seg skuld og ansvar – og bad om orsaking for overgrepa sine. Den tsjekkiske orsakinga galt vel å merke berre den *moralske* sida av saka – ikkje den *juridiske*.

²⁶ Sudetendeutsche Landsmannschaft har tette band til CSU og har gjennom dette ein prominent plass i bayersk delstatspolitikk. Bayern erklærte seg også i 1954 som høg beskyttar for sudet-tyskarane. For meir om dette, sjå Feldman 1999, s. 350. Organisasjonens innspel skapte raseri i Tsjekkia og folkeleg press mot regjeringa om å ikkje vera for milde mot tyskarane. For meir om dette, sjå Handl 1997, s. 153.

²⁷ Sju CDU-representantar stemte også fråhaldande, ifølgje Handl 1997, s.165.

²⁸ TAZ 30.01. 1997.

²⁹ Ahonen 2005, s. 363–366.

går ut på at det finst uavklåra eigedomsspørsmål. Desse synsmåtane vart også stadfesta av Utanriksdepartementet i regjeringstida til Kohl. Rettsoppfatninga i Tyskland går vidare ut på at erstatningskrav er ei privatsak, ikkje ei sak for staten. Difor kan ikkje staten på vegner av ein skilde borgarar avstå frå desse krava. Denne rettsoppfatninga gjer at fordrevne som fremjar krav om erstatningar i Tyskland, får til svar at dette ikkje er ei sak for det tyske rettssystemet. I Polen meiner ein derimot at fordrivinga var heimla i avgjerda i Potsdam. Etter polsk rettsoppfatning var kverrsetjinga av tyskaranes eigedom etter 1945 legitim og ein del av nyordninga av Europa etter krigen. Polsk rett anerkjenner ikkje at det finst uavklåra eigedomsspørsmål. Ein ser ikkje på dette som eit forhandlingsspørsmål, og nektar difor å gå inn i samtalar om dette.³⁰

Denne juridiske usemja om eigedomsspørsmål er ein viktig grunn til at BdVs krav i denne retninga vekkjer så mykje merksemd i nabolanda. BdVs utnyttar det juridiske og politiske spelerommet som den tyske rettsoppfatninga skaper. Og dette spelerommet skaper også mistankar i nabolanda om at Tyskland eller tyskarar ønskjer å få tilbake eigedomar, og dermed gjera om på etterkrigstidas ordning av Europa.³¹ Dei gongane BdV har fått CDU/CSU til å setja fram nokre av krava sine, har det skapt diplomatisk bry mellom Tyskland og nabolanda.³² Både sosialdemokratane og dei grøne har gjennom heile 1990-talet avvist alle krav om erstatningar.

Både i Polen og Tsjekia har BdVs ført til tiltak frå høgaste politiske hald. I 1997 vedtok polske Sejm ei lov som overførte dei kverrsette eigedomane som vart overførte til statens eige etter 1945, til private. Dette skulle hindra framtidige tyske krav. Året etter vedtok den polske nasjonalforsamlinga ei generalfråsegn som kravde at EU måtte garantera for Polens territoriale integritet.³³ Dette var svaret på ei fråsegn frå den tyske forbundsdagen der det mellom anna vart hevda at Polens framtidige EU-medlemskap ville kunne lette løysinga av ”framleis opne bilaterale spørsmål.”³⁴ Trugsmålet om tyske restitusjonskrav vart også aktualisert i samband med forhandlingane om polsk EU-medlemskap. I sin avtale fekk Polen

³⁰ At dette er private krav, inneber også at den tyske staten heller ikkje bistår borgarar som fremjar slike krav. Bachmann 2000, s. 856ff.

³¹ Bachmann 2000, s. 861 peikar på at ein i den tyske ålmenta skil mellom den moralske og den juridiske sida av saka, og mellom grensespørsmålet og eigedomsspørsmålet. I polsk ålmente blir det oppfatta som ei einheitleg sak – nyordninga av Europa etter den andre verdskrigen.

³² Også aksjonane til den marginale, høgreradikale organisasjonen Bund für Gesamtdeutschland fekk mykje merksemd på 1990-talet. Gruppa stod bak ei rekkje brev som gav att den tyske rettsoppfatninga om eigedomsspørsmålet. Brev skapte inntrykk av at tyskarar ville koma og krevja tilbake eigedomane sine. Undersøkingar som viser auka polsk skepsis mot Tyskland etter at erstatningskrava vart kjende i polsk ålmente, er refererte i Bachmann 2000, s. 863.

³³ Bachmann 2000, s. 862.

³⁴ Denne fråsegna var ikkje mykje diskutert i forbundsdagen, og var heller ikkje knytt til ein offensiv for tilbakekrevjing av eigedom. Det var CDU som tok initiativ til denne fråsegna.

forhandla fram ei ordning som hindrar utlendingar i å kjøpa grunneigedom i Polen utan samtykke frå det polske innanriksdepartementet i ei overgangsfase på tolv år. Grunnen til dette var redsel for tyske oppkjøparar.³⁵ I Tsjekkia stadfesta landets høgsterett tidleg på 1990-talet gyldigheita til presidialdekret 108 om konfiskasjon av eigedom.³⁶

BdV har elles ein positiv Europa-retorikk. Helsingsfråsegna BdV sendte i samband med utvidinga av EU 1. mai 2004 er typisk for organisasjonen. I denne ønskte organisasjonen nabolanda velkomen i EU, og uttrykte glede over at det kunstige skiljet i Europa er forbi. Teksten inneheld også ein passasje om at dei gamle heimeområda til dei fordrevne er vorte med i EU, og syner til at eit samla Europa alltid har vore eit av måla for dei organiserte fordrevne. Denne positive retorikken har ein klangbotn i BdVs politikk på 1950-talet. Alt i *Charta der Heimatvertriebenen* gjekk organisasjonen inn for eit samla Europa, men for BdV har dette alltid vore knytt til realisering av organisasjonens utanrikspolitiske mål. Også denne gongen var det sameinte Europa framstilt som ein meir eigna arena å gjennomføra BdVs politikk på. Det blir knytt til ønsket om at dette skal kunne hjelpa på uavklåra spørsmål no skal kunne få ei løysing.³⁷ Dermed høyrer BdVs lovprising av Europa også ut som eit trugsmål i nabolanda.

BdV og Polen

Etter 2000 har ikkje BdV fremja erstatningskrav overfor Polen. Men det er verd å merka seg at CSU-leiar, og bdV støttespelar, Edmund Stoiber³⁸ kravde at Polen måtte oppheva Bierut-dekreta før dei kunne få bli med i EU då han var CDU/CSUs kanslarkandidat i 2002.³⁹ Utspelet vart raskt parkert av Wolfgang Schäuble (CDU) som var ansvarleg for utanriks-, trygging- og Europapolitik i CDU/CSU-valkampen dette året.⁴⁰

Selskapet *Preußische Treuhand GMBH und KG* er også ein viktig del av BdVs kurs overfor Polen. *Preußische Treuhand* vart skipa i 2000 av representantar BDV-organisasjonane for *Landsmannschaft Schlesien* og *Ostpreußen*, etter eit initiativ frå *Landsmannschaft Ostpreußen* i 2000. Desse to *Landsmannschaften* har også eigarinteresser i selskapet. Styreleiar i selskapet var Rudi Pawelka, leiar i *Landsmannschaft Schlesien* og CDU-politikar i delstaten Nordrhein-Westfalen. Pawelka var også med i BdVs øvste leiing i 2004. Hans Günther Parplies var varastyreleiar i *Preußische Treuhand* i 2004, samstundes var

³⁵ Polen søkte om ei overgangstid på 18 år.

³⁶ Götze 1995, s. 104.

³⁷ Pressemelding frå BdV 26.04. 2004. Same synspunkt er også referert i DOD 4 2003, s. 19.

³⁸ Stoiber er ikkje sudet-tyskar, men kona hans, Karin Stoiber, er det. Som ministerpresident i Bayern er han dessutan også høg beskyttar for Sudetendeutsche Landsmannschaft.

³⁹ SZ 26.06. 2002, s. 7.

⁴⁰ SZ 02.07.2002.

han nestleiar i BdV.⁴¹ Målet for stiftinga var å stø fordrivne som vil setja fram krav om å få tilbake eigedom som vart konfiskert i samband med fordrivinga. Dette vart sett i gang i samband med at det føregår ei reprivatisering av formuar som vart konfiskerte i det sosialistiske Polen. Idéen bak organisasjonen var – etter eige utsegn – at denne skulle krevja likebehandling for tyskarar i denne prosessen.⁴² I erklæringa frå grunnlegginga av *Preußische Treuhand* står det at om ein ikkje kjem fram til løysingar dei kan stå for i nasjonale domstolar, vil dei føre sakene vidare til Europadomstolen og også eventuelt i USA.⁴³

Som organisasjon har BdV teke avstand frå *Preußische Treuhand*s aktivitet fleire gongar. BdV har også nekta for at det finst band av noko slag mellom BdV og *Preußische Treuhand*.⁴⁴ Dette altså trass i både initiativet til stiftinga kom frå BdVs *Landsmannschaften*, er eigd av dei og at fleire i BdVs toppleiing også har topp-posisjonar i *Preußische Treuhand*. I november 2004 fekk BdV medhald i delstatsdomstolen i Hamburg i at organisasjonen har distansert seg frå *Preußische Treuhand*.⁴⁵ Distanseringa frå *Preußische Treuhand* har vore tydeleg, men av mange oppfatta som lite truverdig på grunn av denne overlappinga.

Samstundes har BdV-leiar Erika Steinbach har vore påfallande upresis i sine formuleringar om kva organisasjonen meiner om retur og erstatningar for tapt eigedom. Denne formuleringa er typisk for henne.

*„das an den deutschen Vertriebenen begangene Unrecht heilen, sich entschuldigen und ihnen ein Recht auf Rückkehr in Würde einräumen,“*⁴⁶

I setninga blir retur nemnt, men det er BdV som offer, deira sår og verdigheit som er i sentrum for utsegnene. Korleis uretten skal lækjast, kva form ei unnskylding skal ha, om denne også inneber erstatningar, og kva som ligg i ei verdig tilbakevending, blir ikkje presisert. Formuleringa kan dermed tolkast til å bety både at BdV ønskjer erstatningar, og til at organisasjonen ikkje gjer det. Organisasjonen har dermed ikkje eksplisitt kravd erstatning, med dei har heller ikkje avvist det i klårttekst.⁴⁷ Organisasjonen har heller aldri tydeleg distansert frå erstatningskrav som tidlegare er sett fram.

⁴¹ Urban 2005, s. 35–37 og TAZ 07.08. 2006.

⁴² FAZ 06.10. 2003, s. 5

⁴³ Det engelske namnet for selskapet er Prussian Claims Society, eit namn som spelar på Jewish Claims Society, som arbeider for oppreisning for jødar som var offer for NS-regimet. Denne parallellen provoserer mange av meningsmotstandarane. Også BdV har kritisert dette namnet for å vera smaklaust.

⁴⁴ Pressemelding frå BdV 23.03. 2004.

⁴⁵ Dom frå 12.11. 2004. Pressemelding frå BdV 17. 11. 2004.

⁴⁶ Der Spiegel 11.01. 1999, s. 44. Sjå også DOD 5 2003, s. 30.

⁴⁷ Pressemelding frå BdV 06.08. 2004 og 23.09. 2004.

BdV-miljøets reaksjon på Gerhard Schröders tale i Warszawa under 60-årsmarkeringa for Warszawaopprøret i 2004 illustrerer organisasjonens uklære kurs i eiedomsspørsmålet. I sin tale sa Schröder at hans regjering ikkje ville tillata at restitusjonskrav frå Tyskland skulle *”die Geschichte auf dem Kopf stellen.”*⁴⁸ Han hevda vidare at Tyskland ikkje ville stø slike krav overfor internasjonale domstolar. Han stadfesta vidare at regjeringa ikkje kunne hindra folk i å setja i gang slike rettssaker, men at hans regjering ikkje såg noko rettsleg grunnlag for det. Erika Steinbach kom med kraftig kritikk av Schröders tale.⁴⁹ Ho refsa Schröder på formelt grunnlag fordi han ikkje stod inne for det som er den tyske rettsoppfatninga. Ho hevda vidare at fleirtalet av dei fordrivne ikkje vil ha erstatning eller eiedomar tilbake. I pressemeldinga blir det heller ikkje sagt eksplisitt kva haldning organisasjonen har til spørsmålet. Ho synte derimot til dei fordrivnes lidningar i samband med fordrivinga.

*”Der BdV und seine Mitgliedsverbände ’wissen sehr wohl, wer den Krieg angefangen hat und wer seine ersten Opfer waren’. Wir selbst haben dafür mehr als andere Deutsche leiden müssen.”*⁵⁰

Seinare på hausten var Erika Steinbach klårare i sin tale: *”Ich wäre bereit, eine Nulllösung mitzutragen, wenn es dem Rechtsfrieden dient”* sa ho til avisa Die Welt i september.⁵¹

Steinbachs utsegner impliserer at materielle erstatningskrav er legitime. Dette er eit syn som ikkje delast av regjeringa. Schröder tolkar den tyske rettssituasjonen annleis, og meiner tyske krav vil vera å snu om på historia.

På den eine sida påpeika BdV den tyske rettssituasjonen og førte ein retorikk der dei fordrivnes lidning, krav om oppreising og retur er sentrale. Dei avviste ikkje at krav om erstatningar er illegitime, men hevda å prøvar å kunne gå inn for ei ”nulløysing”. Organisasjonen nekta å ta stilling til enkeltkrav fordi desse er individuelle og ikkje kollektive. I tillegg reagerer organisasjonen kraftig på Schröders avvising av eiedomskrava. Dei leverer dermed politisk retorikk som legitimerer krav om erstatningar.

På den andre sida tek organisasjonen kraftig avstand frå *Preußische Treuhand*, ein organisasjon som er ein del av fordrivnerørsla og som ønskjer å gjera bruk av det spelerommet dei juridiske usemjene mellom Tyskland og Polen gjev.

⁴⁸ Bulletin der Bundesregierung Nr. 73-1 vom 1. August 2004.

⁴⁹ Også Bayerns sosialminister Christa Stewens (CSU) kritiserte Schröder for å ”dolka dei fordrivne i ryggen”. Ho kritiserte Schröder formelt for å ikkje stå opp for det tyske synet rettssynet om at eiedomsspørsmålet er eit uavklart spørsmål. Pressemelding frå *Bayerisches Staatsministerium für Arbeit und Sozialordnung, Familie und Frauen* 02.08. 2004.

⁵⁰ Pressemelding frå BdV 06.08. 2004.

⁵¹ Die Welt 07.08 2004.

I Polen har oppfatninga vore at *Preußische Treuhand* og BdV opererer saman. BdV spelar rolla som den anstendige som tek seg av rammene – forsvaret av det juridiske rommet og som held minnet om dei fordrivnes lidningar ved like og dermed også sørgar for sympati for dei fordrivne. Det radikale *Preußische Treuhand* prøvar å utnytta den erindringspolitiske og juridiske situasjonen BdV er med på å skapa til å få erstatningar. I debatten om Zentrum gegen Vertreibungen vart Steinbach fleire gongar konfrontert med og heldt ansvarleg for *Preußische Treuhand* av polske debattantar.

Ein grunn til at BdV som organisasjon har valt denne kursen, er for å prøva å famna breiast mogleg politisk. Steinbachs null-løysing var omstridd innerter i organisasjonen og fekk fleire av dei meir radikale til å krevja at ho skulle trekkja seg som leiar.⁵² Samstundes har BdV knytt til seg ei rad nye støttespelarar gjennom stiftinga ZgV som meiner at *Preußische Treuhand*s krav er fullstendig uakseptable.⁵³ Den uklåre kursen kan tolkast som ein måte å tilfredsstilla to sers ulike politiske støttespelargrupper i og utanfor organisasjonen på. Sjølv om intensjonane kan vera annleis enn det organisasjonen blir tillagt, er verknaden av kursen legitimering av erstatningskrava.

Kursen føyer seg også inn i eit heilskapsbilete av BdVs erindringspolitiske strategi: nemleg å gå inn i politiske saker som skaper mest mogleg blest og strid kring tematikken, utan at det å få konkrete sigrar ser ut til å vera viktig. Spørsmålet om erstatningar frå Polen er ei slik sak. Dermed klarer BdV å hamna i midten av den politiske diskusjonen og framføra sin bodskap om dei fordrivne og deira lidning og å krevja oppreising.

BdV og Tsjekkia

Spørsmålet om *Heimatrecht* og erstatningar vart også aktualisert i samband med BdV, *Sudentendeutsche Landsmannschaft* og CSUs kampanje mot tsjekkisk EU-medlemskap. Organisasjonane la vekk presset mot Polens Bierut-dekret og valde frå 2002 å berre konsentrera seg om Tsjekkia og Beneš-dekreta.⁵⁴ Argumentasjonen var knytt til at dekreta var folkerettsstridige og rasistiske. Ettersom Tsjekkia ikkje tok avstand frå Beneš-dekreta, men tvert om hevda at dei var ein del av landets gjeldande rettsorden, ville Tsjekkia innføra eit juridisk uvesen inn i Europa om landet fekk bli med i EU. Den tsjekkiske politikken var ikkje mogleg å sameina med den vestlege demokratiske tradisjonen som elles rådde i EU. BdV hevda at eit moralsk og rettsleg forfall i Europa ville vera konsekvensen om Tsjekkia vart ein

⁵² I SZ 06.09. 2004, s. 4, sjå også Der Spiegel 20.09. 2004, s. 36.

⁵³ FAZ 11.08.2003, s. 6.

⁵⁴ DOD 14 2002 var temanummer om Beneš-dekreta.

del av den europeiske fellesskapen.⁵⁵ BdV la også vekt på at Europa no måtte retta opp i den uretten som den gongen vart gjort mot sudet-tyskarane. Deira liding og posisjon som offer hadde også plass i argumentasjonen.⁵⁶ BdV nemnde aldri andre konsekvensar av opphevinga av dekreta – om dette til dømes skulle gjera det lettare å få kompensasjon for tapt eigedom eller gjera retur mogleg. BdVs argumentasjon var knytt til moral og rettferd – ikkje til konkrete materielle krav. På tidlegare tidspunkt har kravet om erstatningar og returrett vore integrert i organisasjonens motstand mot dekreta.⁵⁷

Fordrivnemiljøet var ikkje dei einaste som ville ta opp striden om dekreta. I samband med Tsjekkias kandidatur til EU-medlemskap kravde både Austerrike og Ungarn at Beneš-dekreta måtte opphevast før Tsjekkia kunne bli med i unionen.⁵⁸ 12. mars 2002 arrangerte dei tyske delstatane Baden-Württemberg, Bayern, Austerrike og Ungarn eit felles møte der dei saman kravde oppheving av Beneš-dekreta.⁵⁹ I tråd med det tsjekkiske grunnsynet på dekreta, hadde tsjekkiske politikarar lite forståing for desse synsmåtane, og dei brukte harde ord. I eit intervju med det austerriske nyhendemagasinet *Profil* hevda den sosialdemokratiske tsjekkiske ministerpresidenten Miloš Zeman at sudet-tyskarane hadde vore ei femtekolonnie for Hitler. Han sa vidare at fordrivinga var ei mild straff for deira forræderi, eit slikt brotsverk har vanlegvis dødsstraff.⁶⁰ Utsegnene til Zeman vart referert i tysk presse, og dei vekte oppsikt og vart omtala som belastande for tilhøvet mellom Tyskland og Tsjekkia.⁶¹ Det skapte også lett diplomatisk forvirring mellom dei to landa, men den raud-grøne regjeringas reaksjon var varsam.⁶² Kritikken frå CSU-leiar Edmund Stoiber var derimot langt kraftigare.⁶³ I CSU-avisa *Bayernkurier* var spaltene fulle av lesarbreve og kommentarar som gjekk hardt ut mot tsjekkiske politikarar.⁶⁴

14. juni 2002 sette Europaparlamentet ned eit utval under leiing av Jürgen Frohwein, som er folkerettsekspert ved Max Planck-instituttet i Heidelberg. Utvalet skulle undersøkje om Beneš-dekreta kunne hindra tsjekkisk EU-medlemskap. Frohwein-utvalet kom 26.

⁵⁵ Erika Steinbachs spalte på side 14/2002 er typisk for dette synet i så måte. Sjå også DOD 22/2002, s. 7f og 14/2002, s. 6.

⁵⁶ Sjå DOD 21/2002, s. 14f.

⁵⁷ Svašek 2002, s. 69f.

⁵⁸ Benes-dekreta om statsborgarskap og kverrsjetjing av eigedom råka også ungararar. Difor engasjerte Ungarn seg i saka. Det var organiserte fordrivne som vann fram med kravet i Austerrike. Jörg Haiders FPÖ var det partiet som fremja kravet mest inderleg. Mellom anna referert i SZ 24.01. 2002, s. 8. og i SZ 28.02. 2002, s. 1.

⁵⁹ FAZ 12.03. 2002.

⁶⁰ Sitert etter SZ 24.01. 2002, s. 8.

⁶¹ SZ 28.02. 2002, s. 1

⁶² Der Spiegel 18.02. 2002, s. 60 og SZ 21.02. 2002, s. 9.

⁶³ Stoiber er ikkje sudet-tyskar, men kona hans, Karin Stoiber, er det. Stoiber er ein varm støttespelar for Sudetendeutsche Landsmannschaft.

⁶⁴ BK frå januar til mai 2002 er full av lesarbreve og redaksjonelle kommentarar som kritiserer Beneš-dekreta og tsjekkiske politikarar i harde ordelag.

september fram til at dei ikkje var det.⁶⁵ CSU og Sudetendeutsche Landsmannschaft var ikkje einige i konklusjonen. Det var heller ikkje BdV. Organisasjonen viste til folkerettseksperter som delte deira vurdering; Martin Nettesheim, Rudolf Dolzer og Dieter Blumenwitz.⁶⁶ I ei pressemelding hevda organisasjonen at konklusjonane til utvalet var skadelege for rettsoppfatninga i Europa.⁶⁷ Då Europaparlamentet stemte om utviding av EU 9. april 2003, stemte alle CSUs ti representantar mot Tsjekkias medlemskap i EU. Fleire av desse representantane var med i Sudetendeutsche Landsmannschaft. Fraksjonen grunnlag røystegjevinga si med å seia at det ikkje var eit nei til det tsjekkiske folket, men ein protest mot at den tsjekkiske staten ikkje hadde greidd å kvitta seg med den nasjonalistiske arven som diskriminerte sudet-tyskarane.⁶⁸ I ein kommentar som skulle forklåra røystinga i Bayernkurier, karakteriserte formannen i CSU-fraksjonen i Europaparlamentet, Markus Ferber, Tsjekkia som eit land som ikkje var moge for EU-medlemskap.⁶⁹ BdV roste røystegjevinga.⁷⁰ I ei personleg erklæring framsett i forbundsdagen beklaga Steinbach at Tsjekkia hadde fått bli med i EU – med tilvising til Beneš-dekreta.⁷¹

Sjølv om grunnlegginga for motstanden ikkje var eksplisitt knytt til eigedomskrav eller til returrett, men sett inn i ein menneskerettssamanheng, skapte ikkje dette meir velvilje i Tsjekkia. Våren 2004 vedtok det tsjekkiske parlamentet å æra Eduard Beneš.⁷²

BdVs handtering av Beneš-dekret-feiden kan tolkast som ei fordekt vidareføring av organisasjonens utanrikspolitiske krav om retur og erstatningar. Beneš-dekreta er Tsjekkias juridiske sperre mot slike krav. Men det blir ikkje sett inn i ein slik samanheng av BdV sjølv. I BdVs retorikk er det sett inn i ein menneskerettssamanheng der dei fordrevne er offer som har lide og skal anerkjennast. Her trekkjer BdV på ei oppfatning av offer – at desse har krav på anerkjening og oppreising, uklårt i kva form, der handteringa av Holocaust-offer er modell.⁷³ Som i tilfellet med BdVs handtering av *Preußische Treuhand* er organisasjonen med på å trekkja i retning av ei juridisk og erindringspolitisk legitimering av erstatningskrav.

⁶⁵ SZ torsdag 26.09. 2002.

⁶⁶ Dolzer er professor i folkerett ved universitetet i Bonn, Nettesheim er professor i folkerett ved universitetet i Tübingen, Blumenwitz er jusprofessor ved universitetet i Würzburg og har også folkerett som sitt spesialfelt. FAZ 11.10. 2002 og DOD 21 2002.

⁶⁷ Pressemelding frå BdV 08.10. 2002.

⁶⁸ Pressemelding frå CSU 09.04. 2003.

⁶⁹ BK 15.04 2003, s. 8.

⁷⁰ DOD 5 2003, s. 3.

⁷¹ Referert i DOD 8 2003, s. 16.

⁷² BdV, Sudetendeutsche Landsmannschaft og CSU protesterte. Sjå mellom anna pressemelding frå BdV 30.04. 2004.

⁷³ Levy og Sznajder 2001, s. 236.

Handteringa av saka føyer seg også inn i BdVs erindringspolitiske strategi om å gå inn i kontroversielle saker som skaper blest kring problematikken og som gjer at BdV slepp til med tematisering av si soge i offentlegheita.

Den rolla BdV har spela både i høve til Polen og i høve til Tsjekkia i desse to sakene, har eintydig hatt som effekt at han har fått fram oppblussing av antityske haldningar i dei to nabolanda. Dei sakene BdV har prioritert, har vore saker der det er eit juridisk og politisk spelerom som gjer at saka får merksemd. Både i Polen og Tsjekkia har BdVs krav vorte tekne på alvor på øvste nivå i politikken og i det juridiske systemet. Dette skuldast nok ikkje berre at ein i Polen og Tsjekkia er langt meir opptekne av kva som hende før 1945 enn det BdV er, og er redde for ei feilaktig framstilling av historia. Det har også å gjera med det asymmetriske makttilhøvet mellom Tyskland og nabolanda å gjera. Skulle Tyskland ønskja å leggja trykk bak BdVs politikk, ville landet ha ei rad maktmiddel til bruk. Det finst ei heil rekkje grunnar til at dette scenarioet er usannsynleg, mellom anna det openberre at Tyskland ville ha slite med å få aksept for slike krav i det internasjonale samfunnet. Men det at spelerommet finst, at det spelar inn i landas oppfatning av si eiga moderne historie, og at Tyskland er ei økonomisk stormakt, er ein heilt avgjerande del av biletet av BdVs tilhøve til nabolanda.

4.3 Oppsummering og drøfting

Det er fleire faktorar som gjer at BdV står fram som ein fornya organisasjon i ålmenta. Både i organisasjonens retorikk og deira samarbeidspartnarar finst nye element. Organisasjonen stiller ikkje lenger dei same utanrikspolitiske krava som under den kalde krigen, sjølv om organisasjonen ikkje godtok grensa mot Polen før i 1991. I organisasjonens retorikk har både retten til retur og retten til ei upresisert oppreising ein plass. Kravet om erstatningar blir ikkje sett fram direkte av organisasjonen, men det finst folk innanfor miljøet som ønskjer dette.

BdV følgjer ei politisk line som legitimerer slike krav. Nettopp dette blir særleg i nabolanda tolka som eit uttrykk for kontinuitet innanfor organisasjonen. I høve til nabolanda iscenesett BdV seg eintydig som ein organisasjon av offer – også om lag 60 år etter at hendingane fann stad. Steinbachs motstand mot Wehrmachtutstillinga og termen om nasjonal masochisme er trekk som viser kontinuitet med BdVs tidlegare historiepolitiske posisjonar. I fornyinga av organisasjonens retorikk har slagordet om at "*Menschenrechten sind unteilbar*" vore sentralt. I høve til å uttrykka solidaritet med andre har BdV slite med å gjera dette på ein truverdig måte. Retorikken bidreg dessutan til det same som har vore på BdVs agenda sidan 1950-talet,

nemleg til å dyrka fram eit bilete av dei fordrivne som offer, og til å tematisera dei fordrivnes lidning og den uretten som vart gjort mot dei. BdV er endra på mange vis, men har ikkje på noko tidspunkt markert avstand til, eller teke oppgjær med organisasjonens verk i tidlegare tider.

I dag er retorikken i stor grad knytt til menneskerettar. Men konsekvensen av BdVs retoriikk er samstundes legitimering av BdVs gamle krav. I tillegg spelar BdV same rolle i høve til nabolanda som tidlegare – som ei eintydig negativ kraft. At BdV ikkje spela ei viktigare rolle som negativ kraft i høve nabolanda mellom 2000–2004 skuldast ikkje organisasjonen sjølv, men at han ikkje hadde støtte i den raud-grøne regjeringa. BdV er ein endra organisasjon, men ikkje ein organisasjon som har brote med fortida si.

Endringane har likevel gjort BdV tvitydige nok til at organisasjonen har vunne støttespelarar i miljø der BdV tidlegare har vorte unisont avvist. Det kan kanskje også ha samanheng med endringar innanfor sosialdemokratiet og at den partikularistiske offerdiskursen er på vikande front.

5 Debatten om Zentrum gegen Vertreibungen

I dette kapitlet presenterer eg fasane i debatten om Zentrum gegen Vertreibungen og drøftar korleis debatten både var ein del av tysk innanrikspolitikk og kva utanrikspolitiske konsekvensar han fekk. Eg drøftar også korleis frontane i debatten gjekk, og analyserer rolla stiftinga ZgV hadde i debatten.

5.1 Fasar i diskusjonen

15. juli 2003 melde *Süddeutsche Zeitung* ”Berlin vor neuem Mahnmal-Streit.”¹ Artikkelen viste til Markus Meckels internasjonale opprop og deira åtvaring mot Steinbach og Glotz’ prosjekt, og til at regjeringa er splitta i denne saka.² Dermed var den store diskusjonen om ZgV i gang. I dei neste vekene og månadene trykte tyske aviser kronikkar, redaksjonelle kommentarar og lesarbrief med innlegg i debatten. På nyhendeplass dekte avisene både tyske og polske politikarar sine utspel.

Dei usemjene som kom til uttrykk i diskusjonen, låg i lufta både i 2000 og i 2002. Frontane gjekk mellom tilhengjarane av Glotz og Steinbachs ZgV, tilhengjarane av Meckel-alternativet og dei som var imot begge. I 2003 var motsetnadene mellom Meckel-flokken og stiftinga ZgV vorte tydelegare: Det fanst to initiativ og to leirar som hadde teke stilling i diskusjonen. Alternativa var også knytte til stader. Berlin stod mot Wrocław/Breslau eller eventuelt ein annan stad utanfor Tyskland. At frontane var klårare, og støttespelarar mobiliserte for Meckel-alternativet, som no stod fram som eit tydeleg konkurrerande prosjekt, kan vera grunnen til at diskusjonen blussa så sterkt opp sommaren 2003. I oktober utropte avisa *Berliner Zeitung* denne debatten til den nye tyske historiepolitiske debatten.³

I debatten er det mogleg å observera tre fasar. Den første fasen går frå byrjinga av juni og fram til september. I denne fasen deltok tyske og polske politikarar i debatten, og tysk presse dekte stillingstakinga deira som om posisjonane var nye, noko dei ikkje var. Det vart arrangert paneldiskusjonar, avisene flomma over av kronikkar, redaksjonelle kommentarar og lesarbrief om oppretting av eit fordrivingsmuseum. På same tid føregjekk det ein debatt om same problemstilling i Polen, denne fekk også mykje merksemd i den tyske pressa. I juli stod eit opprop til forsvar for eit europeisk ZgV på trykk i *Gazeta Wyborcza*, ei av Polens mest

¹ SZ 15.07. 2003, s. 1.

² SZ 16.07. 2003, s. 2.

³ Salzborn 2003, s. 1121.

innverknadsrike aviser.⁴ Underskrivarane var intellektuelle, politikarar og journalistar. I løpet av juli og august trykte fleire tyske aviser nyanserte innlegg av polske intellektuelle som filosofen Leszek Kolakowski, Polens tidlegare utanriksminister Władysław Bartoźsewski og politologen Piotr Buras. Desse innlegga var prega av innsikt i tysk historie og den tyske erindringskulturen.⁵ Avisene melde om at det fanst motstand i Polen mot alle formar for tysk tematisering av fordrivinga, Meckel-alternativet åtvåra i juni mot det same. Men artiklane om og av polakkar som stødde oppretting av eit museum om fordrivingar, var i fleirtal.⁶ Dei tyske avisene var også samstemte i forklåringane sine av kva den polske motstanden botna i. Frykt for tysk revansjisme,⁷ ein ufølsom tysk omtale av historia, slik historikaren Anna Wolff-Poweska og den liberale politikaren Donald Tusk uttrykte det.⁸ Diskusjonen utvikla seg etter kvart også med ein eigen dynamikk. Politikaranes utspel fekk historikarane på banen, noko som igjen fekk andre akademikarar til å kasta seg inn i diskusjonen og så vidare. Rapportane om diskusjonen i Polen påverka også den tyske diskusjonen.⁹

Frå september gjekk debatten inn i ein fase som var langt bitrære. Frå no vart den store motstanden i Polen mot alle formar for museum, og særleg mot eit museum der BdV hadde innverknad, langt meir synleg. Denne bitre tonen fekk den tyske presidenten Johannes Rau til å uttrykka si uro over tonen og stilen i debatten.¹⁰

I september reiste Erika Steinbach til Polen for å delta på debattmøte om oppretting av ZgV i regi av avisa *Rzeczpospolita*, den tredje største avisa i Polen. Tyske aviser rapporterte om at Steinbach no var i "hola til løva" og at ho vart møtt av stor motstand.¹¹ Mykje av kritikken Steinbach vart møtt med, var krass og personfokusert. Ei avis spurde retorisk om ho som barn hadde vaska seg med såpe laga av polakkars lik. Seint på hausten tok ordføraren på fødestaden hennar, Rumia (tidlegare Ramel i Vestpreussen) initiativ til å erklæra Erika Steinbach som persona non grata på staden.¹² Same veke som Steinbach besøkte Polen, laga det konservative og populistiske nyhendemagasinet *Wprost*, ei fotomanipulert framside av Erika Steinbach i SS-uniform, ridestøvlar og pisk. På biletet kunne ho sjå litt ut som ei S/M-

⁴ Omtala i FAZ 25.02. 2003, s. 6. Blant desse var Wrocław borgarmeister *Rafal Dutkewicz*, leiaren for den polske historikarorganisasjonen Wojciech Wresinski og journalistane Adam Michnik og Adam Krszemiński.

⁵ SZ 01.09. 2003, s. 2. og Die Zeit 18.09. 2003.

⁶ Sjå til dømes SZ 02.09. 2003, s. 11 og SZ 01.09., s. 5.

⁷ FAZ 19.09. 2003, s. 12, FR 17.07. 2003, s. 5 og SZ 29.08. 2003, s. 11.

⁸ FAZ 18.09. 2003, s. 8.

⁹ Salzborn 2003.

¹⁰ SZ 08.09.2003, s. 7.

¹¹ FAZ 18.09. 2003, s.1, FR 18.09., s. 5. og SZ 18.09., s. 17.

¹² FR 29.10. 2003, s.6.

domina, og ho sat på ryggen til kanslar Gerhard Schröder. Tittelen på framsida var *den tyske trojanske hesten* – og at Tyskland skuldar Polen fleire milliardar dollar for øydeleggingar under krigen.¹³ Magasinet hevda at Schröder og Steinbach fremja same sak, og at polakkane som hadde stødd Meckel-alternativet, hadde fått pengar frå tyskarar for å gjera det. *Wprost* trykte eit ekstra høgt oppslag og brukte framsida i reklameplakatar som mellom anna hang på alle busskur i Warszawa.¹⁴ Dette skremmebiletet av eit revansjistisk Tyskland har klangbotn i kommunistanes anti-tyske propaganda frå den kalde krigen og vann tydeleg gjenklang i store delar av folket, for det vart meldt om at utgåva selde godt.¹⁵ Framsida vart slått stort opp i det meste av tysk presse. Konservativ *Frankfurter Allgemeine Zeitung* tolka oppslaget som eit uttrykk for ein usunn debattkultur i Polen, medan radikale *Die Tageszeitung* tolka det som uttrykk for reint hat mot Tyskland, skapt av Erika Steinbach.¹⁶ Referata frå tysk presse om debatten i Polen gjev inntrykk av at diskusjonen i Polen handla om BdV, deira historiesyn, organisasjonens politiske line i høve til nabolanda, om restitusjonskrav og om *Preußische Treuhands* band til BdV.¹⁷ Etter Steinbachs besøk i Polen rapporterte tysk presse, både den konservative og den liberale, at nyansane i den polske diskusjonen hadde forsvunne. I diskusjonen skilde ein ikkje lenger mellom dei to alternativa, og tilhengjarane av Meckel-alternativet var under press.¹⁸ Dieter Bingen har kommentert at ein i debatten mellom Tyskland og Polen fall tilbake i gamle tankemønster som galt som overvunne.¹⁹ Stereotypiane og revansjistfrykta hadde teke overhand. Det var dermed tydeleg at debatten skapte betydeleg dårlegare klima mellom Tyskland og Polen.²⁰

I denne fasen kom også eit nytt initiativ på banen. 4. september vart eit opprop som gjekk imot både Meckel og Steinbach-Glotz-prosjektet trykt i *Frankfurter Rundschau*. 116 personar hadde skrive under. Hovudtyngda av desse var akademikarar, dei fleste av dei var tyske, polske og tsjekkiske. Premissa for kritikken var akademiske; dei åtvare mot at eit museum ville gje eit einskapleg historisk bilete av hendingane, dei åtvare mot fare ved statleg sanksjonering av ein versjon av historia av omsyn til dei ulike erfaringane til dei europeiske nasjonane, mot avkontekstualisering av fortida og mot negasjon av årsakssamanhengane som førte til fordrivinga – særleg NS-regimets *Volkstums-* og *Vernichtungspolitik*. Oppropet var mellom anna underteikna av historikarane Eva Hahn, Hans Henning Hahn og Micha Brumlik,

¹³ *Wprost* 38 2003, s. 1.

¹⁴ *FAZ* 20.09. 2003, s. 40.

¹⁵ *FAZ* 20.09. 2003, s. 40.

¹⁶ I *FAZ* 18.09. 2003, s. 8, *SZ* 18.09. 2003, s. 17, *FR* 17.09. 2003, s. 3, *TAZ* 19.09. 2003, s. 12.

¹⁷ *FAZ* 16.09. 2003, s. 5.

¹⁸ *SZ* 02.09. 2003, s. 11, *SZ* 29.09. 2003, s. 1, *SZ* 01.09, s. 5.

¹⁹ Bingen 2005, s. 16.

²⁰ *SZ* 14.10. 2003

statsvitaren Samuel Salzborn, Warszawa-getto helten Marek Edelman, Polens tidlegare utanriksminister Bronislaw Geremek og presse mannen Adam Michnik.²¹ Både Edelman, Geremek og Michnik hadde endra standpunkt – i juli hadde dei gått inn for Meckels opprop. Kritikken mot museet som blir sett fram i oppropet, følgjer ein akademisk og i hovudsak historiefagleg logikk, og han råka begge alternativa. 30. oktober presenterte dei to presidentane Alexander Kwasniewski og Johannes Rau ei felles erklæring om Zentrum gegen Vertreibungen. I erklæringa tok dei til orde for ein alleuropeisk innsats for dokumentasjon av fordrivinga.²² Ho inneheldt også ord om forsoning mellom dei to landa.

Etter dette roa debatten seg mykje, og erklæringa innleidde ein tredje, mindre intensiv fase av debatten. Avisene trykte enno debattinnleg om spørsmålet, men den intensive fasen var over.²³ I desember 2003 vart det framleis arrangert godt besøkte paneldebattar om oppretting av museet under parolen ”*Gedenken ohne Grenzen.*”²⁴ Frontane var framleis like steile som før. *Süddeutsche Zeitung* ga sin rapport frå ein paneldebatt i desember den treffande tittelen ”*In einer Landschaft des Verdachts.*”²⁵

Fram til regjeringsskiftet i 2005 endra ikkje frontane i debatten seg. Debatten blussa opp hausten 2004 i samband med ein større diskusjon om erstatningar til dei fordrivne for tapt eigedom i Polen, aktualisert av ein tale kanslar Gerhard Schröder heldt i samband med 60-årsjubileet for Warszawa-opprøret.²⁶ Debatten vart sett i samband med oppretting av eit Zentrum gegen Vertreibungen, noko som skapte eit press mot stiftinga ZgV for å få dei til å forklåra synet sitt på erstatningar. 14. september rykka fleire av støttespelarane til Zentrum gegen Vertreibungen, med journalisten Helga Hirsch i spissen, ut i pressa og sa at dei sa frå seg all rett til erstatningar.

Den raud-grøne regjeringa arbeidde vidare for å realisera prosjektet sitt, Meckel-prosjektet. Kulturstatsråden Christina Weiss tok initiativ og fekk stabla på beina eit europeisk nettverk mot fordrivingar. Her var regjeringsrepresentantar frå Austerrike, Polen, Tsjekkia og Slovakia involverte.²⁷ Sjølv om debatten om ZgV har vore særskild kontroversiell i fleire av desse landa, førte ikkje etableringa av stiftinga til stor offentleg oppstandelse eller debatt. Dermed vart det nok ein gong tydeleg at det ikkje var sjølve fordrivinga som var problematisk for nabolanda, men BdVs syn på fordrivinga.

²¹ Meldt i FR 04.09. 2003, s. 9.

²² SZ 30.10. 2003, s. 1.; FAZ 30.10.2003, s. 1 og FR 30.10. 2003, s.1.

²³ Sjø til dømes SZ 23.01. 2004, s.2 og TAZ 03.01. 2004, s. 12.

²⁴ SZ 13.12. 2003, s. 50.

²⁵ SZ 17.12. 2003, s. 8.

²⁶ SZ 06.09. 2004, s. 6.

²⁷ Die Welt 30.06. 2004.

I tida fram mot regjeringsskiftet såg stiftinga ZgV ut til å mista litt av det fotfestet dei hadde hatt i 2003. Ikkje berre fordi Weiss fekk i stand det andre alternativet. Det første teiknet på dette var at fleire representantar for den katolske kyrkja vende seg mot initiativet. I Berlin la erkebiskop Georg Sterzinsky ned veto mot at stiftinga skulle få bruka St. Michaels-kyrkja i bydelen *Mitte* til utstillinga si, med tilvising til at det ikkje var samfunnsmessig semje om prosjektet. I september 2005 uttala også samanslutninga av katolske biskopar seg mot stiftinga ZgVs prosjekt med tilvising til at prosjektet såg ut til å ville rekna lidning og brotsverk opp mot kvarandre.²⁸ Dette er ei avvising frå eit miljø som mange innanfor BdV har tilknytning til. BdVs sterkaste støttespelarparti CDU har størst oppslutnad blant katolikkar, og religion står sterkt blant BdVs medlemmer. I august 2005 døde Peter Glotz, som hadde fungert som ein slags garantist for stiftinga overfor sosialdemokratane og overfor venstresida. Dermed såg stiftinga ut til å vera svekka i ålmenta i tida før regjeringsskiftet.

5.2 Zentrum gegen Vertreibungen som tysk innanrikspolitik

Som *Süddeutsche Zeitung* rapporterte, var den raudgrøne regjeringskoalisjonen usamde i spørsmålet om *Zentrum gegen Vertreibungen*.²⁹ Splittinga var ikkje større enn at det var innanriksminister Otto Schily, som alt i 1999 hadde markert seg som ein støttespelar for Steinbach og Glotz' ZgV, som meinte noko anna enn det regjeringspartia hadde stemt for i Forbundsdagen 16. mai 2002.³⁰ Kulturstatsråd Christina Weiss var ein varm talsperson for Meckel-alternativet, og tok fleire gongar ordet i debatten.³¹ Kanslar Gerhard Schröder og utanriksminister Joschka Fischer (Bündnis 90/Die Grünen) stødde initiativet frå Meckel, men brukte meir tid på å åtvara mot Steinbach/Glotz-initiativet. Dei nemnde BdVs historiesyn som problematisk. Kanslaren hevda ZgV kunne koma til å vektleggja den uretten tyskarar hadde vorte utsett for, alt for einsidig.³² Fischer gjekk hardare ut.³³ I eit mykje sitert intervju med *Die Zeit* hevda han at "*der BdV taugt nicht als Museumsdirektor*" fordi organisasjonen stod for ei "*Täter-Opfer Verkehrung*."³⁴

CDU hadde stemt for eit forslag om støtte til Glotz/Steinbach-prosjektet i 2002, og partileiar Angela Merkel understreka fleire gongar i løpet av debatten at både ho og heile

²⁸ FAZ 22.09. 2005.

²⁹ SZ 22.07. 2003, s. 9.

³⁰ SZ 17.07. 2003, s. 7.

³¹ SZ 31.07. 2003, s. 6. og i *Die Zeit* 01.10. 2003.

³² SZ 14. 08 2003, s. 6.

³³ FR 02. 10 2003, s. 4. og SZ. 19. 08. 2003, s. 6.

³⁴ *Die Zeit* 28.08. 2003, s. 6.

CDU-fraksjonen støtta Berlin-planane.³⁵ I eit intervju med *Frankfurter Allgemeine Zeitung* grunn gav ho si støtte til stiftinga ZgV med at ho meinte det var viktig for Tyskland å minnast dei tyske ofra, men at ein gjennom dette ikkje måtte gløyma dei tyske brotsverka under krigen.³⁶

Innanriksminister Schily prøvde å mekla mellom Meckel og Glotz/Steinbach-fløyen, utan at dette førde fram. Han delte ikkje regjeringspartias grunnleggjande skepsis til å involvera BdV i prosjektet. Han drøfta ikkje historiesynet til BdV i sine innlegg, men hevda tvert om at det ikkje var nokon reell motsetnad mellom eit nasjonalt og eit europeisk senter. Schily prøvde å vera fleksibel. Han åtvare mot låsing av konflikten i form av ei fast plassering.³⁷ 25. september oppmoda han, resultatlaust, Steinbach om å gå bort frå plassering av senteret i Berlin.³⁸

I tysk politikk på regjerings- og forbundsgradnivå var Glotz/Steinbach-prosjektet framleis prosjektet til dei konservative – med eitt unntak – Otto Schily. Venstresida støtta Meckels alternativ, men kanslaren og visekanslaren brukte meir tid på å argumentera mot Glotz/Steinbach-prosjektet enn på å fremja Meckel-alternativet. Det er interessant å merka seg at til tross for at ingen av synspunkta til politikarane var nyhende, standpunkta var kjende frå før, så vart utsegnene deira slått opp på nyhendeplass i avisene i 2003. Ein kan forklåra dette med at politikaranes synspunkt i denne saka er spesielt viktige, og at dei difor kjem på nyhendeplass, og med pressa sin tendens til dramatisering.

5.3 Zentrum gegen Vertreibungen som utanrikspolitikk

I august og starten av september 2003 melde tysk presse om at den polske regjeringa ikkje var motstandarar av eit museum om fordriving. Men både president Aleksander Kwaśniewski og statsminister Leszek Miller uttala at eit museum måtte ha ein europeisk karakter. Skepsisen blant polske topp-politikarar retta seg ikkje mot tematisering av fordriving, men mot Steinbach/Glotz-prosjektet. Reservasjonane deira overfor stiftinga ZgV vart tydeleg formidla i tysk presse.³⁹ Kritikken deira var knytt til same topos som den tyske regjeringas kritikk: Både åtvare mot forsøk på å skriva om historia om den andre verdskrigen, særleg det som var knytt til den overordna forståinga av kven som var offer og kven som var gjerningsmenn. Statsminister Miller uttala at det ville vera eit vesentleg problem om senteret berre tok for seg

³⁵ SZ 11.09. 2003, s. 4 og 22.08. 2003 og i FR 23.08. 2003.

³⁶ FAZ 22.08. 2003, s. 3.

³⁷ FAZ 06.09. 2003 og FR 30.09. 2003, s. 17 og FR 17.07. 2003, s. 5.

³⁸ FR 25.09. 2003, s. 4.

³⁹ FR 30.08. 2003, s. 5; FAZ 16.09. 2003; s. 5, FR 30.08. 2003, s. 6; FR 17.09. 2003, s. 3.

fordrivinga av tyskarane, og at Polen aldri ville tillata at historia om andre verdskrig vart skrivne om.⁴⁰ 30. august vedtok Sejm ei erklæring der dei bad EU og Europaparlamentet om å gå imot forsøk på å ”spyla vekk” ansvaret for den andre verdskrigen.⁴¹ Den polske europaministeren Danuta Hübner brukte harde ord om stiftinga ZgV. Ho omtala museumsplanane som ein provokasjon på eit møte i Weimarer Dreieck.⁴² Jamt over var tonen frå den polske regjeringa mildare enn dette. Den polske og den tyske regjeringa drøfta saka fleire gongar denne hausten. 30. august rapporterte *Süddeutsche Zeitung* om at både den tyske kanslaren og den tyske presidenten Johannes Rau hadde vore i kontakt med den polske regjeringa for å drøfta debatten om *Zentrum gegen Vertreibungen*.⁴³ Schröder drøfta også saka personleg med statsminister Miller.⁴⁴ Miller uttala at trass i at debatten var ei belastning for tilhøvet mellom dei to landa, trudde han likevel ikkje at relasjonane ville ta varig skade av diskusjonen.⁴⁵ Den polske regjeringas innretting mot dialog viste seg også gjennom at Miller tok avstand frå det polske magasinet *Wprost*s fotomanipulasjon av Erika Steinbach og Gerhard Schröder. Han kalla biletet smaklaust, og beklaga det personleg.⁴⁶ Dette understrekar den polske regjeringas vilje til diplomati om problemstillingane – å orsaka oppslag i den frie pressa høyrer ikkje med til internasjonal diplomatisk kutyme. 30. oktober presenterte dei to presidentane Kwaśniewski og Rau ei felles erklæring om *Zentrum gegen Vertreibungen*. I erklæringa tok dei til orde for forsoning og for ein alleuropeisk innsats for dokumentasjon av fordrivinga.⁴⁷ Rapportane i den tyske pressa gjev inntrykk av to regjeringar som i prinsippet er einige. Båe kunne godta eit museum med europeisk innretting, men eit museum der stiftinga ZgV ikkje hadde nokon plass. Innvendingane mot stiftinga retta seg mot det same, mot BdVs historiesyn. Dei gjev også inntrykk av to regjeringar som satsar på dialog og forsonande ord og på å motverka dei kontroversane som blir skapte av at grupperingar i dei to landa har sterkt motstridande interesser. Trass i at regjeringane ikkje såg ut til å ha så mange usemjer seg imellom, vurderte det tyske utanriksdepartementet i 2004 diskusjonen som eit av dei fremste problema i tilhøvet mellom Tyskland og Polen.⁴⁸ Også historikaren Dieter Bingen, som er leiar for det tyske Polen-instituttet i Darmstadt, hevda dette i ein analyse av tilhøvet

⁴⁰ SZ 01.09. 2003, s. 5; FAZ 30.08. 2003 og FAZ 12.09. 2003, s. 2.

⁴¹ FR 30.08. 2003, s. 6.

⁴² FR 15.09. 2003, s. 6.

⁴³ SZ 30.08. 2003, s. 6.

⁴⁴ FR 23.09. 2003, s. 1.

⁴⁵ FAZ 22.09. 2003, s. 5.

⁴⁶ FAZ 22.09. 2003, s. 5 og FR 22.09. 2003, s. 5.

⁴⁷ SZ 30.10. 2003, s. 1; FAZ 30.10.2003, s. 1; FR 30.10. 2003, s.1.

⁴⁸ Regierung Online: Auswärtiges Amt: Politische Beziehungen zwischen Deutschland und Polen 27.09. 2004.

mellom Tyskland og Polen frå 1945 og fram til i dag.⁴⁹ Med regjeringsskiftet i Polen i 2005 kom Rett- og rettferdspartiet (PiS) til makta, eit konservativt, katolsk-nasjonalt parti som var sterke motstandarar av stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen. Partiet hadde også ein langt krassare tone overfor Tyskland enn kva som tidlegare hadde vorte uttala frå offisielt hald i Polen. Tysk presse oppsummerte at PiS' valkamp var prega av antityske haldningar. Stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen og frykta for tysk revansjisme var blant PiS' hovudankepunkt.⁵⁰ Med dette skiftet var grunnlaget for politisk dialog om fortida svekka.

Tsjekkkiske politikarar var meir avvisande til planane om eit Zentrum gegen Vertreibungen enn dei polske. Statsminister Vladimír Špidlas argumentasjon er typisk i så måte: Det var vanskeleg å visa fram tyske offer utan å framstilla historia skeivt, og han frykta at fordrivinga av tyskarane ville bli avkontekstualisert om dette vart framstilt i eit museum.⁵¹ Avvisinga frå tsjekkarane var ikkje unison: Senatspresident Petr Pithart og visestatsminister Petr Mareš støtta Meckel-alternativet.⁵² Schröder diskuterte *Zentrum gegen Vertreibungen* under eit statsbesøk i Tsjekkia tidleg i september 2003. Elles spela dei tsjekkiske synspunkta lita rolle i det tyske ordsiftet. For alle dei tre regjeringane var same topos framtrekande i motstanden mot stiftinga ZgV, nemleg kritikken av korleis dei trur at offer- og gjerningsmann vil bli framstilte, og korleis fordrivinga blir kontekstualisert. Dermed går det fram at stiftinga ZgV og deira støttespelarar ikkje vart trudd av polske og tsjekkiske politikarar i at dette var eit konsept som skilde seg nemneverdig frå det som tidlegare hadde kome frå BdV.

5.4 Medias rapportering

Dei fleste avisene trykte redaksjonelle kommentarar som tok stilling i diskusjonen om Zentrum gegen Vertreibungen. Stillingstakinga følgde den politiske høgre–venstreaksen. Stiftinga ZgV vart støtta i konservative *Frankfurter Allgemeine Zeitung*.⁵³ *Die Welt* var positive til stiftinga. Radikale *Die Tageszeitung* var særskild kritiske til stiftinga.⁵⁴ Venstresideavisa *Frankfurter Rundschau* og liberale *Süddeutsche Zeitung* var kritiske til stiftinga ZgV på kommentarplass.⁵⁵

⁴⁹ Bingen 2005, s. 16.

⁵⁰ TAZ 21.10. 2005, s. 10; FAZ 27.10. 2005, s. 4; SZ 25.10. 2005, s. 1; Die Zeit 06.10. 2005.

⁵¹ Die Zeit/Deutschlandfunk 37 2003. Dette vart også referert i FAZ 25.10. 2003, s. 7; i FR 28.08. 2003, s. 9 og i FR 01.09. 2003, s. 5.

⁵² SZ 18.07. 2003, s. 8.

⁵³ Sjå til dømes FAZ 02.08. 2003, s. 1; 19.07. 2003, s. 31 og 16.07. 2003, s.10.

⁵⁴ Sjå mellom anna TAZ 19.09. 2003, s. 12 og TAZ 16.10. 2003, s. 6.

⁵⁵ FR 31.07. 2003, s. 5 og SZ 23.08. 2003, s. 12.

Eit topos frå tilhengjarane av stiftinga ZgV fekk breitt gjennomslag. Også i *Süddeutsche Zeitung*, som elles var kritiske til stiftinga ZgV, vart det på redaksjonell plass hevda at det stiftinga ZgV stod for, var noko som var vesensforskjellig frå BdVs tradisjon. Avisas Polen-korrespondent Thomas Urban trekte til dømes fram Daniel Cohn-Bendit, Ralph Giordanos og Julius Schoeps støtte til stiftinga ZgV som eit uttrykk for at stiftinga var noko anna enn eit historierevisjonsprosjekt, slik dei polske kritikarane hevda.⁵⁶ Dermed fekk ZgV og deira støttespelarar eit visst gjennomslag for sitt forsøk på å framstilla seg som noko anna enn BdV.

I løpet av debatten vart det utkrystallisert tre standpunkt; tilhengjarane av stiftinga ZgV, forsvararane av Meckel-alternativet og dei som var mot alt. Interessant nok refererte pressa ofte ikkje til dette tredje standpunktet som ei gruppe. Oppropet som gjekk mot begge alternativa, vart heller ikkje sitert i dei andre avisene, trass i at det fyller fleire nyhendekriterium. Saka var alt prioritert i redaksjonane, kjende folk var involverte, det var konflikt – og fleire folk som no meinte noko anna enn det dei hadde meint tidlegare. Dette kan også seia litt om premissen for diskusjonen i pressa. Det handla mykje om kvar og korleis – spørsmålet var ikkje om, dermed fall dette innspelet utanfor debatten.

I nyhendeartiklar vart dei to fløyene sette opp mot kvarande. Mange omtala debatten som ein debatt mellom Meckel- og Steinbach/Glottz-fløya i nyhendeartiklar. Også fleire redaksjonelle kommentarar tok utgangspunkt i at ein no hadde to syn som stod opp mot kvarandre, eller refererte til ein strid mellom to leirar.⁵⁷ Interessant nok trykte også *Frankfurter Rundschau*, som elles var den avisa som hadde best dekking av den fløya som gjekk imot alle alternativ, også redaksjonelle kommentarar som tok utgangspunkt i at striden stod mellom to partar og to måtar å laga museum på.⁵⁸ Også nyhendemagasinet *Der Spiegel*, som elles ikkje tok stilling, framstilte debatten som ein strid mellom stiftinga ZgV og Meckel-alternativet.⁵⁹ *Die Tageszeitung* redaksjonelle kommentarar tek derimot utgangspunkt i at det å ikkje oppretta eit museum også er eit alternativ.⁶⁰ Dette understrekar at debatten av fleire altså vart forstått som ein debatt om kvar og korleis, og ikkje som ein debatt om eit museum skulle opprettast, og at toposet om at fordrivinga treng å tematiserast i den tyske ålmenta fekk breitt gjennomslag.

⁵⁶ SZ 02.09. 2003, s. 11 og i SZ 01.09. 2003, s. 5.

⁵⁷ Sjå til dømes Die Welt 29.09. 2003; SZ 30.08. 2003; SZ 08.09. 2003, s. 4; SZ 17.09. 2003; SZ 13.12. 2003, s. 15.

⁵⁸ FR 31.07. 2003, s. 5.

⁵⁹ Der Spiegel 39 2003 og Der Spiegel 32 2003, s. 36–37.

⁶⁰ TAZ 17.07. 2003, s. 7.

5.5 Stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen si rolle

Glötz spela ei tilbaketrekt rolle i debatten, det var framfor alt Erika Steinbach som forsvarte senteret. Det er likevel mogleg å identifisera ein forskjell både i tone og stil mellom dei to stiftingsleiarane. I sine få innlegg i debatten polemiserte Glötz mot det han meinte var kritikaranes forelda bilete av BdV. I intervju tok han avstand frå BdVs rolle i den tyske austpolitikken.⁶¹ Glötz hevda at organisasjonen no hadde endra seg. ”*Heute sieht das wieder anders aus, das Klima hat sich sehr verändert*” hevda han i eit intervju.⁶² I eit anna intervju hevda han at resten av venstresida heldt fast på ein gamal konflikt i ein situasjon der det ikkje lenger var nokon grunn til å vera så kritiske mot BdV. ”*Da hat sich wirklich was getan, und dass muss man auch honorieren.*”⁶³ Han brukte også ein del av taletida si til å iscenesetja seg sjølv som sosialdemokrat, og dermed som respektabel person, og hevda til dømes at ingen kunne mistenkja han for å villa trekkja fordrivinga ut av den konteksten ho høyrde til i.⁶⁴ Han gjekk også god for Erika Steinbach overfor debattantar som hevda at problemet med stiftinga ikkje var Peter Glötz, men Steinbach og BdVs deltaking.⁶⁵ Han var ikkje fastlåst i forhold til plassering av eit museum, han understreka at mykje kunne ein bli einige om på eit seinare tidspunkt.

Steinbach var den som i størst grad fronta stiftinga ZgV. Ho brukte konsekvent hardare ord enn Glötz. Til dømes kalte ho Meckel-prosjektet ein forhindringsstrategi og eit motprosjekt.⁶⁶ Ho hevda også at Meckel gjennom sitt opprop hadde skulda for dei polske protestane, fordi han gjennom sitt arbeid hadde villeidd polakkane med omsyn til kva som var ZgVs mål.⁶⁷ Dette hevda ho også i eit intervju med *Junge Freiheit*⁶⁸, eit blad som på det tidspunktet var kategorisert som eit blad som høgreekstremt av *Verfassungsschutz* i delstaten Nordrhein-Westfalen.

Steinbach heldt fast på ZgV-konseptet gjennom heile diskusjonen. Kvar gong konseptet møtte kritikk, gjentok ho at arbeidet kom til å halda fram – uendra. Ei typisk Steinbach-formulering om dette er at stiftinga held fram arbeidet sitt ”*mit oder ohne Bundesregierung, mit oder ohne polnische Begleitung*” men ”*im Geiste der Versöhnung*”.⁶⁹ Då det europeiske nettverket mot fordriving vart lansert av kulturminister Christa Weiss, veik

⁶¹ NG-FH 12 2003, s. 45.

⁶² SZ 17.07. 2003, s. 14.

⁶³ SZ 22.07. 2003, s. 9.

⁶⁴ NG-FH 12 2003, s. 45 og FAZ 11.08. 2003, s. 6.

⁶⁵ FAZ 11.08. 2003, s. 6.

⁶⁶ FR 16.07. 2003 og Die Welt 16.07. 2003, sjå også Salzborn 2003, s. 1125.

⁶⁷ FAZ 18.09. 2003, s. 1.

⁶⁸ FAZ 11.08. 2003, s. 1 og s. 6; TAZ 19.09. 2003 og FR 16.07. 2003, s. 4.

⁶⁹ FR 15.10. 2003, s. 6.

heller ikkje stiftinga ZgV frå prosjektet sitt. Steinbachs reaksjon på opprettinga var at det ikkje kunne erstatta deira stifting, men at det kunne bli ein viktig partnar.⁷⁰ Her var det ikkje brubyggjaren Steinbach som var synleg, men ei Steinbach som ikkje søkte kompromiss.

Steinbachs strategi for diskreditering av polske debattantar er også ein del av dette biletet. Alt før ho reiste til Polen, kom Steinbach med krasse karakteristikkar av diskusjonen i landet. Ho snakka om eit grunnlaust ”*Amkolauf in Polen*”.⁷¹ På dette tidspunktet rapporterte den tyske pressa mest om intellektuelle polakkars forsvar for Meckel-alternativet. Etter sitt besøk i landet kalla ho den polske diskusjonen uverdigg og ”*nur in einigen Punkten rationell nachvollziehbar*”⁷² – og ho etterlyste ”*Besonnenheit*” i diskusjonen.⁷³ Som nemnt vart Steinbach utsett for krasse personangrep i Polen. Samstundes var det ingen andre i den tyske ålmenta som kom med ein liknande kritikk på noko tidspunkt. Dei krasse karakteristikane føyer seg dessutan inn i eit større bilete. Steinbach oversåg i all hovudsak dei polske debattantane som gjekk inn for Meckel-alternativet. Ho kommenterte berre den delen av den polske diskusjonen som var mest ytterleggåande og Tyskland-fiendtleg.

Steinbach er ein driven politiskar, og denne retoriske strategien kan ha vorte valt av fleire grunnar. For det første gjer ein det enkelt for seg sjølv, fordi ein unngår dei meir intellektuelt krevjande diskusjonane, samstundes som ein truleg kalkulerer med at det er lite å henta i å føra diskusjonen. Mange har uansett ei skeptisk grunnhaldning til BdV og alt organisasjonen er involvert i. For det andre kan ein gjennom å framstilla motstandaren som aggressiv og uforsonleg mobilisera sympati i visse delar av den tyske ålmenta. For det tredje kan ein sjå strategien i samband med BdVs line overfor Polen elles. I 1990 stemte organisasjonen mot Oder-Neiße-grensa, i åra etter mobiliserte organisasjonen mot EU-medlemskap for Polen. Dermed kan ein også tolka Steinbachs nedsetjande karakteristikkar som uttrykk for organisasjonens negative tilhøve til Polen. Dessutan spelar framstillinga av polakkar som irrasjonelle inn i eit hav av negative stereotypiar om Polen som finst i Tyskland. Når ein vurderer måten stiftinga ZgV stod fram på i ålmenta, kan ein sjå parallellar til den teksten som presenterer stiftinga ZgVs oppgåver. Peter Glotz har éin tone og stil, Erika Steinbach ein annan, og det er denne som dominerer. Ho gjer jobben på typisk BdV-hardliner-mánér, både med omsyn til retorikk og med omsyn til den manglande viljen til forhandlingar.

⁷⁰ SZ 03.05. 2004.

⁷¹ SZ 08.09. 2003, s. 7.

⁷² FR 15.10. 2003, s. 6 og FAZ 15.10. 2003, s. 4.

⁷³ SZ 15.10. 2003, s. 6.

5.6 Oppsummering og drøfting

Debatten om Zentrum gegen Vertreibungen var lagnaden til dei fordrivne ikkje lenger i skuggen, men i sentrum for den erindringspolitiske diskusjonen i Forbundsrepublikken. At SPD og Die Grünen gjekk inn for eit museum om fordrivinga tyder likevel ikkje at høgre-venstreaksen i erindringspolitikken er forsvunne. Høgre-venstreaksen finst framleis, og med unntak av ZgVs støttespelarliste er venstresida samstemte i avvisinga si av BdV og ZgV. Men posisjonane er forskyvd slik at tematikken også blir omfamna av venstresida.

Rammene for diskusjonen slik han framstod i pressa, var også trongare enn meiningsmotsetnadene. Dei som gjekk imot eit museum uavhengig av kven som stod bak, var lite siterte i debatten. Dessutan vart toposet om at fordrivinga har vore tabuisert i liten grad problematisert av andre enn den gruppa som var motstandarar av begge prosjekta.

Salzborn hevdar i oppsummeringa si av debatten i 2003 at diskusjonen vart brote ned til eit spørsmål om plassering, og at debatten mangla substans og relevans for historiefaget. Eg har vist at debatten ikkje vart utløyst av usemjer innanfor historiefaget. Det var spørsmålet om korleis historia om fordrivinga skulle formidlast innanfor historieapparatet som fekk diskusjonen i gang. Spørsmålet om lokalisering var også eit symbol for større substansielle usemjer. Eit ja til Berlin tydde også å gje den tyske statens konsesjonar til ZgV og BdVs syn på historia. Eit ja til eit senter utanfor Tyskland var eit nei til BdVs tradisjon, og eit ja til noko som var meir uklårt definert.

At dei politiske posisjonane er forskyvd slik at dei aller fleste i debatten tok til orde for eit museum, treng ikkje å tyda at BdV har fått meir definisjonsmakt, slik Salzborn hevdar. Som eg har vist, tok alle som gjekk inn for Meckels alternativ samstundes avstand frå organisasjonen BdV. Dermed kan det henda at BdV i staden er i ferd med å mista definisjonsmakta over fordrivinga og at fordrivinga i ålmenta heller er i ferd med å lausrivast frå organisasjonen BdV og narrativane deira. Dette ville i så fall vera ein parallell til det som har hendt innanfor forskning på fordrivinga, der tematikken ikkje lenger straks blir forbunde med BdVs litteraturtradisjon. I neste kapittel skal eg sjå på i kva grad BdV-tradisjonen er den som definerer måten fordrivinga blir omtala på.

6 Retorikken til Bund der Vertriebenen

Dette kapitlet tek for seg korleis fordrivinga blir formidla i BdVs blad Deutscher Ostdienst (DOD). I tillegg analyserer kapitlet kva topos om offer og kva topos om dei utanrikspolitiske konsekvensane av oppretting av eit Zentrum gegen Vertreibungen som har vorte brukte av BdV-miljøet. I dette kapitlet vurderer eg også i kva grad desse toposa er endra i høve til måten miljøet har forhelddt seg til denne tematikken tidlegare.

6.1 BdV si framstilling av fordrivinga

Det at dei fordrivne har vore gjennom store lidingar, er offer, og at dette ikkje må gløymast, har gått som ein raud tråd gjennom historieskrivinga som har rådd grunnen innanfor BdV-miljøet. I dag omtalar BdV seg som ein organisasjon for offer, og understrekar at organisasjonen er den som talar ofras sak.¹ Dette trekket er heilt essensielt i måten organisasjonen framstiller seg sjølv på.

Minnemarkeringar om dei fordrivne i samband med offisielle minnedagar som *Volkstrauertag* og *Tag der Heimat* har ein viktig plass i historieformidlinga til BdV. I talen sin på *Tag der Heimat* i 2004 las Steinbach til dømes opp ei sær s brutal augevitneskildring om døyande og vanskjøtta barn i ein interneringsleir for tyskarar i Jugoslavia, i dag Knićanin nord i Serbia.² I Steinbachs tale frå 2004 heiter det til dømes at:

”Wir gedenken der Männer und Frauen, die ihr Leben ließen, um andere zu retten. [...]

Wir gedenken der Verhungerten und Verdursteten, weil sich ihrer keiner erbarmte.

Wir gedenken die Kinder, die ihre Mütter verloren, weil sie in ferne Welten verschleppt wurden, der Mütter, die ihre Kinder nicht retten konnten.”³

I denne repeterande og høgtidsstemte forma vart menn og kvinner som ofra liva sine for andre, dei som svalt i hel på grunn av manglande nestekjærleik og barn og mødrer som mista kvarandre, minna. I minnemarkeringane til BdV tyr Steinbach ofte til eit messande, høgtideleg språk, gjerne med bibelske metaforar.

I sitatet overfor snakkar Steinbach om det å gje livet sitt for andre – som Jesus. Sekvensen munnar ut i ei forsikring om at dei døde ikkje skal gløymast: *”Wir werden unsere Toten*

¹ DOD 8 2003, s. 5 og Erika Steinbach: Tale på Tag der Heimat 2002, i: Tag der Heimat 2002, s. 7.

² Talen inneheldt også eit forsvar for Zentrum gegen Vertreibungen.

³ Sitert frå: BDV: Tag der Heimat 2004 – Dialog Führen – Europa gestalten, s. 9.

niemals vergessen, Sie haben einen Platz in unseren Herzen.”⁴ I talen sin i 2003 omtala Steinbach dei fordrivne som dei som ”(...) *umherirrten, und den Weg zur wohnlichen Stadt nicht fanden*”. Desse orda er lånt frå salme 107,4.⁵

Desse eksempla oppsummerar måten fordrivinga blir omtala ved slike minnemarkeringar – lidinga og det grufulle er eit fast element, det same er forsikringane om at dette aldri skal gløymast, og språket er høgtideleg og rikt på metaforar.

Forteljingar om liding, død og overgrep i samband med fordrivinga er også eit stadig tilbakevendande tema i organisasjonens publikasjon DOD. I dei 32 utgåvene av DOD eg har gått gjennom, fann eg 31 historiske artiklar om fordriving eller omtaler av bøker som fortel om fordrivinga. Typisk for desse artiklane er tematisering av einskildaspekt innanfor tematikken som for eksempel personlege forteljingar eller vinklingar som blir hevda å vera den gløymde historia innanfor fordrivinga. Døme på dette er titlar som ”*Frauen in Ostpreußen – die vergessenen Opfer*”⁶, eller som det heiter i ein artikkel om interneringsleirar for tyskarar i Polen ”*Ein bisher kaum beachteter Aspekt der Vertreibung*”.⁷

Nokre få av artiklane går ut over det å visa fram dei tyske ofra, og går i retning av ei høgreradikal historiefremstilling. Det mest framtrudande eksempelet på dette er ein artikkel om overgrepa mot den tyske befolkninga i Bydgoszos (tysk: Bromberg) 3. september 1939, som DOD kallar *Bromberger Blutsonntag*. Denne er så oppsiktsvekkande at eg vil bruka litt plass på han. Bromberger Blutsonntag viser til hendingar den polske landsbyen Bydgoszos to dagar etter den tyske invasjonen av Polen. Denne dagen fann ein massakre på dei tyske innbyggjarane i landsbyen stad. Hendingane vart brukte i nazistanes propaganda for å rettferdiggjera nazistanes brutale åtgjerder mot den polske befolkninga i ettertid. Det var NS-regimets propagandaapparat som fann på nemninga Bromberger Blutsonntag.⁸ Artikkelen omtalar episoden som omstridd, og hevdar at striden gjeld polske historikarars manglande vilje til oppklåring. Artikkelen kjem vidare med ei årsaksforklaring som trekkjer i retning av eit høgreradikalt historiesyn. Polsk propaganda hadde før krigsutbrotet gjennom propagandaen sin framstilt den tyske hæren som dårleg utrusta og med veike soldatar. Vidare heiter det at

⁴ Tag der Heimat 2004, utgjeve av BdV 2004.

⁵ BdV Tag der Heimat i 2003 Rede der BdV-Präsidentin Erika Steinbach MdB zum Tag der Heimat am 6. September 2003. Pressemelding frå BdV 06.09. 2003.

⁶ DOD 3 2003, s. 18.

⁷ DOD 16 2002, s. 26.

⁸ Benz 1992, s. 48.

”Trotz dieser Behauptung aber dominierte der vermeintlich schwache Gegner von Anfang an den Kriegsverlauf.”⁹

Artikkelen understrekar at den polske hæren på førehand var mobilisert og bruker orda *krig* og *krigsforløp*. Når ein ser dette i samanheng med formuleringa om Tyskland som Polens angjeveleg svake motpart, gjev artikkelen inntrykk av at dette var ein konflikt mellom to partar, og ikkje ein tysk invasjon av Polen. Mot slutten av artikkelen vedgår forfattaren at sett overfor dei grufulle brotsverka som følgde etter september 1939 er ”*Bromberger Blutsonntag*” til samanlikning eit lite brotsverk. Men her blir det ikkje presisert kven som var overgripar og kven som var offer etter 1939. Artikkelforfattaren konkluderer med at eit brotsverk er eit brotsverk og at desse hendingane difor må hugsast. Artikkelen diskuterer ikkje at det er dei høgreradikale som har vore opptekne av å minnast denne dagen, at NS-regimet brukte hendinga til å rettferdiggjera tyske brotsverk, eller at høgreradikale seinare har brukt hendinga til å bagatellisera dei same brotsverka. Han beklagar derimot at NS-regimets overdrivingar om kva som hadde hendt, gjorde at *Bromberger Blutsonntag* ikkje blir hugsast. Gjennomgåande for DOD er også å kalla fordrivinga av tyskarar frå Jugoslavia i regi av Avnoj for eit folkemord.¹⁰ Verken Schieder eller Suppan bruker dette omgrepet om fordrivinga av tyskarane frå Jugoslavia.¹¹ Dette føyer seg inn i eit bilete der miljøet ikkje sparer på spissformuleringar og overdrivingar når det gjeld omtalen av kor ille fordrivinga var.

Når det gjeld BdV-miljøets heilskaplege framstillingar av fordrivinga, konkluderer dei undersøkingane som er gjorde, med at det ikkje har vore store endringar i høve til måten miljøet kring organisasjonen har framstilt fordrivinga på sidan 1990-talet. På oppdrag frå dåverande kulturstatsråd Michael Naumann evaluerte historikaren Agnete von Specht i 1999 alle musea som er støtta av den tyske regjeringa gjennom paragraf 96 i *Bundesvertriebenengesetz*.¹² Det eine av musea var eit galleri, dei fire andre var historiske museum som alle hadde tette band til Landsmannschaften. I rapporten kritiserte von Specht tre av fire historiske museum for å ha ei mangelfull og einsidig framstilling av NS-tida. Fleire av dei som jobba med utstillingane, sa at dei opplevde eit press frå Landsmannschaften, noko

⁹ DOD 3 2004, s. 10.

¹⁰ DOD 10 2002, 11 2004, 12 2003. Det er DOD som bruker uttrykket folkemord. Andre omtalar det som fordriving.

¹¹ Schieder (red.) 2004 og Suppan 2003.

¹² Lova regulerer tilhøve som gjeld dei fordrivne. Paragraf 96 slår fast at staten har ansvar for bevaring av kultur frå områda tyskarane vart fordrivne frå.

som gjorde at dei berre indirekte kunne tematisera NS-regmiets brotsverk i framstillingane. Nettopp dette har vorte trekt fram som kjenneteiknande element innanfor miljøets historieforståing sidan 1950-talet. Von Specht meiner at manglane har samband med Landsmannschaften si sterke innverknad over musea.¹³

Også studiar av historieframstilling innanfor einskilde Landsmannschaften gjev ikkje inntrykk av at det har vore grunnleggjande endringar. Volker Zimmermann, som har skrivne om historiebiletet i sudet-tyske organisasjonar, finn ikkje noko brot i retorikken i publikasjonane frå 1990- og 2000-talet i høve til tidlegare tider. Typiske trekk er ifølgje Zimmermann at undertrykking av tyskarar i Tsjekkoslovakia mellom 1918 og 1938 får stor plass. Omtale av NS-okkupasjonen av Böhmen og Mähren og dei følgjende dette fekk for andre folkegrupper enn tyskarane, får lite plass, og blir ofte bagatellisert eller ufarleggjort.¹⁴

Toposet om at fordrivinga har for liten plass i ålmentas oppfatning av historia, blir også framført i DOD. Ein finn til dømes påstandar om at fordrivinga er ein kvit flekk i det tyske historiske medvitet,¹⁵ glede over at fordrivinga endeleg er vorte eit samfunnspolitisk tema¹⁶, og om at fordrivinga rett og slett har vore eit tabutema.¹⁷ Eit anna trekk som særpregar retorikken til BdV, er den kjensleladde omtalen deira av offer- og offermatikk. I BdV-miljøets argumentasjon for Zentrum gegen Vertreibungen har kjensler som *Mitleid, Trauer, Ehrfurcht, Misstrauen* og *Schmerz* plass. Samstundes fordømmer organisasjonen meiningsmotstandarar kraftig og i kjensleladde vendingar. Eksempel på dette er at BdV anklaga den sosialdemokratiske presidentkandidaten Gesine Schwan for å vera *hjärtalaus* då ho talte mot BdV og ZgV under eit besøk i Polen. Seinare kalla organisasjonen Schwans meiningar umoralske.¹⁸ Steinbach kritiserte også Schröder for å *krenka* dei fordrivne med talen sin i samband med 60-årsjubileet for Warszawa-opprøret.¹⁹

Påpeikinga av fordrivinga som gløymd tema er eit trekk som peikar i retning av å vera ei motforteljing til det gjerningsmannsorienterte historiesynet og forskningstradisjonen som følgjer med ein partikularistisk offerdiskurs. Det er ikkje noko i BdVs publikasjonar eller pressemeldingar som peikar mot ein måte å sjå sin eigen lagnad på som går ut over det å

¹³ Bestandaufnahme der nach § 96 BVFG vom Bund institutionell geförderten Landes- und Spezialmuseen. Rapport laga på oppdrag frå *Der beauftragte der Bundesregierung für Kultur und Medien* 1999.

¹⁴ Zimmermann 2005.

¹⁵ Sjå til dømes DOD 14 2002, s. 28 eller BK 12.08. 2003, s. 2. Konrad Badenheuer, BK 02.10. 2003, s. 7 og Erika Steinbach i BK 25.09. 2003, s. 2.

¹⁶ Erika Steinbach i tale på Tag der Heimat 2002 s. 3.

¹⁷ Konrad Badenheuer, BK 02.10. 2003, s. 7 og Erika Steinbach i BK 25.09. 2003, s. 2.

¹⁸ Pressemelding frå BdV 17.03. 2004. I samband med presidentvalkampen i 2004.

¹⁹ Pressemelding frå BdV 06.08. 2004.

utforska overgrep mot tyskarar og å minnst eigne offer. DOD skriv ikkje om dei nye perspektiva på fordrivinga, som ein finn hjå forskarar som til dømes Philipp Ther, der fordrivinga av tyskarane blir sett i samanheng med dei andre fordrivingane som føregjekk i same periode. Fordrivinga av polakkar frå aust-Polen blir heller aldri nemnd. BdV omtalar bøker om fordriving – berre slike som held seg innanfor ei ramme der fordrivinga av tyskarane står i sentrum.

DOD står ved første gjennomlesing ikkje fram som eit magasin for omskriving av historia. Dei fleste artiklane handlar om andre tema enn dette, men det er fråveret av andre perspektiv i dei artiklane som omtaler fordrivinga, som gjev dette inntrykket. BdVs tematisering av liding har vorte granska av den britiske antropologen Maruška Svašek. Ho granska den sudet-tyske rørsle og brukte omgrepet *valt traume* for å skildra deira måte å bearbeida den brutale fordrivinga på.²⁰ Eit valt traume er, med hennar ord *”die kollektive Erinnerung an ein Unglück zu beschreiben, das die Vorfahren einer Gruppe einmal betroffen hat.”*²¹ Altså det å oppretthalda minnet om ei ulukke som har treft forfedrane til ei gruppe. På 1950- og 60-talet var det den generasjonen som sjølv hadde opplevd fordrivinga som skapte denne kulturen. I dag blir han ført vidare innanfor *Sudetendeutsche Landsmannschaft*, ein organisasjon der det stadig blir færre som personleg har opplevd fordrivinga. Det valte traumet gjer at gruppa umedvite byggjer opp ein identitet, gjerne gjennom generasjonar, knytt til dette traumet og til denne lidinga. I BdVs omtale av seg sjølv som ein offerorganisasjon, den store plassen ofras liding har både i publikasjonane og i talar, og den ritualiserte måten lidingane tidvis blir omtala på, og den kjensleladde kritikken av meiningsmotstandarar er trekk som stemmer overeins med eit valt traume. Eg kan ikkje seia noko om i kva grad BdVs medlemmer identifiserer seg med dette kollektivt valte traumet. Men desse trekka frå eit valt traume blir formidla gjennom organisasjonens arrangement og medlemsblad.

6.2 Topos om offer i argumentasjonen for Zentrum gegen Vertreibungen

Eit sentralt topos i retorikken for Zentrum gegen Vertreibungen er at dei fordrivne har lide, og at dette ikkje må gløymast. Ofra må få oppreising – gjerne i form av minnesmerket Zentrum gegen Vertreibungen. Det blir til dømes hevda at ein må hindra at brotsverket blir gløymd,

²⁰ Svašek 2002.

²¹ Omgrepet kan gje assosiasjonar til noko konstruert. Dette handlar ikkje om at det ikkje finst eit reelt traume, men om korleis traumene blir bearbeida i eit kollektiv.

eller at alle må kjenna til den lidinga dei fordrivne var gjennom.²² Minnesmerket Zentrum gegen Vertreibungen blir det som kan hindra gløymsla.²³ Også Johann Böhm, som gjennom mange år har vore sentral i den sudet-tyske rørsla, gjer denne samankoplinga av liding og anerkjenning i sitt forsvar for ZgV.

*”Es geht in der Tat darum, die Opfer ins Recht zu setzen. Diese haben gelitten, ihnen muss geholfen werden.”*²⁴

Ofra må få oppreising. Fordi dei har lide, må ein hjelpa dei, hevdar Böhm. Overskrifta oppsummerer argumentasjonen treffande *”Den Opfern Recht geben.”* Ein påstand om at ofra må anerkjennast kjem også fram i lesarbrev i *Bayernkurier*.²⁵ Steinbach hevdar at fordrivinga er så tung at det er uråd å leggja henne bak seg.²⁶ Steinbach rettar også krav mot nabolanda om at dei må ta ansvar *”für die Heilung des Vertreibungsunrechts.”*²⁷ Fleire gongar hevdar folk i BdV-miljøet at senterets oppgåve er *Heilung*.²⁸ Det er dei fordrivne som skal lækjast. Dette toposet høyrer til innanfor ein integrasjonistisk offerdiskurs. Det er liding og det å vera offer som er det sentrale og som rettferdigger kravet om lækjing. Konteksten for at dei fordrivne vart offer, blir ikkje nemnd.

Eit topos som avviser at kontekst er viktig når ein snakkar om dei fordrivnes lagnad, blir også gjenteke. Steinbachs understreking av *”die Unteilbarkeit von Menschenrechten“*, blir ofte brukt for å argumentera for at ein berre skal snakka om dei fordrivnes lagnad, ikkje om historiske samanhengar.²⁹ Det å snakka om dei fordrivne blir hevda å vera ei universell menneskerettssak.³⁰ Både på kommentarplass og i lesarbrev i *Bayernkurier* blir det hevda at eit brotsverk er eit brotsverk uansett kva samanheng det skjer i.³¹ Også dette toposet høyrer til innanfor ein integrasjonistisk offerdiskurs. Det same gjer Steinbachs utvisking av forskjellane mellom offer for krigen og offer for NS-regimet.

²² Otto von Habsburg i DOD 1 2003, Steinbach i BK 4. juni 2002 s. 2, sjå også intervju med Jesko von Samson DOD 16 2002, s. 11, også på kollokvium i Darmstadt, sitert i DOD 1 2003, s. 7 og Adolf Wolf i DOD 2 2004, s. 33, pressemelding frå BdV 16.05. 2002.

²³ DOD 5 2003, s. 17.

²⁴ Sjå t.d. Johann Böhm i BK 26.02. 2004.

²⁵ Lesarbrev i BK 18.09. 2003, s. 14. hevdar at alle offer har krav på same anerkjenning, uansett kva samanheng dei er vorte offer i.

²⁶ Erika Steinbach, sitert i DOD 16 2002, s. 5.

²⁷ Erika Steinbach i DOD 17 2002, s. 2.

²⁸ Erika Steinbach i tale på Tag der Heimat 2002, s. 6 og i Die Zeit 30 2003, pressemelding BdV 09.12. 2003.

²⁹ Erika Steinbach i DOD 9 2003, s. 3; Erika Steinbach, Tale til Tag der Heimat 2002, s. 4 og Erika Steinbach tale: Tag der Heimat 2004 s. 9, same poeng blir gjenteke t.d. i BdVs pressemelding frå 3.11. 2003 og i pressemelding frå BdV 16.05. 2002.

³⁰ DOD 5 2003, s. 30 og pressemelding frå BdV 16.05. 2002.

³¹ Alfred Maurice De Zayas i BK 04.09. 2003, s. 2 og lesarbrev i BK 09.06. 2004.

”Ich weiss aus eigenen familiären Erfahrungen was es bedeutet, Opfer des Nazi-Regimes gewesen zu sein.“³²

Ho nemner ikkje noka hending, så ut frå samanhengen ser det ut til at ho meiner fordrivinga gjer familien til NS-offer. Nokre tek også avstand frå å omtala kontekst. Innanfor ein partikularistisk offerdiskurs ville ein ha kalla Steinbachs familie offer for krigen. Det å vera offer for NS-regimet er reservert for dei som vart forfølgde av regimet.

Miljøet kring BdV har tidlegare vorte heftig kritisert av venstresida for å prøva å relativera Holocaust gjennom å trekja parallellar mellom fordrivinga og Holocaust. Steinbach har ved fleire høve trekt parallellar som er i dette grenselandet. I eit av dei første intervju om planane for Zentrum gegen Vertreibungen hevda Steinbach at senteret måtte vera ”in geschichtlicher und räumlicher Nähe” til *Denkmal für die Ermordeten Juden Europas* som Forbundsdagen 25. juni 1999 hadde vedteke å oppretta som den tyske statens sentrale minnesmerke over Holocaust.

”Im Grunde genommen ergänzen sich die Themen Juden und Vertriebene miteinander. Dieser entmenschte Rassenwahn hier wie dort, der soll auch Thema in unserem Zentrum sein”³³

Desse utsegnene vart sitert i fleire av dei store avisene.³⁴ Steinbach har også vekt merksemd gjennom å kalla interneringsleiren Lamsdorf (Lambinowice)³⁵ i Polen for *Vernichtungslager* for tyskarar.³⁶ På tysk høyrer ordet *Vernichtungslager* til vokabularet for Holocaust. Steinbachs ord vart difor av meiningsmotstandarar oppfatta som eit forsøk på å setja likskapsteikn mellom Lamsdorf og Auschwitz. Språkbruken om Holocaust og fordriving er gjennomdiskutert og politisert i Tyskland. Grensegangane frå universalisme til relativering av Holocaust er uklære – og Steinbachs argumentasjon for å ha eit minnesmerke i nærleiken av *Denkmal für die Ermordeten Juden Europas* og i enno sterkare grad omtalen av Lamsdorf er utseigner som bae er i grenseland – og etter mange si meining over grensa for relativering av Holocaust. I sin analyse av debatten hevdar Salzborn at Steinbachs ønske om at fordrivingsmuseet skulle vera ved *Denkmal für die Ermordeten Juden Europas* viser at BdV

³² LVZ 29.05. 2000, s. 3.

³³ LVZ 29.05. 2000, s. 3.

³⁴ Intervjuet vart sitert i fleire landsdekkjande aviser, mellom anna i SZ 07.08. 2000, s. 4.

³⁵ Lamsdorf/ Lambinowice var ein interneringsleir under polsk forvaltning for tyskarar frå 1945–1946. Tyskarane vart brutalt behandla. Leirkommandanten Czesław Gęborski vart fleire gongar trekt for retten i Polen på grunn av den brutale styringa av leiren.

³⁶ Eckert 2004, s. 8 og FAZ 08.05. 2000. Dette er elles ikkje første gongen Lamsdorf har vorte kalla *Vernichtungslager* i dette miljøet. Dette er også tittelen på ei bok. Esser, Heinz: *Die Hölle von Lamsdorf. Dokumentation über ein polnisches Vernichtungslager*, Dülmen 2000. (Førsteutgåva kom i 1968.)

søker å bli forstått som offer på lik line med dei europeiske jødane.³⁷ Rainer Eckert påpeikar at Steinbachs omtale av Lamsdorf som *Vernichtungslager* gjev mindre truverde til museumsprosjektet.³⁸ Utsegner som gjekk i denne retninga, dominerte på ingen måte BdVs retorikk, men dei er å finne. Ettersom problemfeltet er så politisk betent og samstundes nettopp er BdVs kjernefelt, er ingen grunn til å tru at ordvalet er tilfeldig. Difor er det ein interessant observasjon at BdV har nokre innslag i sin offer-retorikk som kan tolkast – og som av mange i offentlegheita blir tolka som forsøk på å stilla fordrivingsoffer på same line som Holocaustoffer.

At det å *minnst* fordrivinga er ei tysk oppgåve eller plikt er eit topos i argumentasjonen fordrivnemiljøet bruker for ZgV. I ei pressemelding frå BdV heiter det at tyskarane treng å bearbeida denne historia.³⁹ Denne oppfatninga vart også uttrykt på lesarbrevplass i *Bayernkurier*.⁴⁰ Både Steinbach og andre i BdV-miljøet har fleire gongar understreka at det å oppretta eit senter i eit anna land er eit forsøk på å vri seg unna eit genuint tysk ansvar.⁴¹ Steinbach hevdar også at andre eigentleg ikkje har noko med kva Tyskland vel, å gjera. I sitt opne brev til den polske presse mannen Adam Michnik,⁴² hevdar Steinbach at det å oppretta eit museum om fordrivinga er ei tysk oppgåve.⁴³ Dette gjer at Michnik ikkje kan bestemma korleis dette skal vera.

BdV-miljøet bruker også eit topos om at stiftinga har ei europeisk oppgåve. I namnet *Zentrum gegen Vertreibungen* har fordrivingar fleirtalsform. I dette ligg eit signal om at ein går ut over det tysk-nasjonale og inn i det internasjonale. BdV-miljøet omtalar stiftinga ZgV som grunnleggjande europeisk innretta, og hevdar at målet med stiftinga er at ho skal tematisera fordrivingar.⁴⁴ Eit av hovudargumenta for meiningsmotstandarane av stiftinga ZgV er, som tidlegare nemnt, at konseptet var for tysk-nasjonalt og for lite europeisk.⁴⁵ I DOD blir denne

³⁷ Sjø t.d. Salzborn 2003, s. 1123f.

³⁸ Eckert 2004, s. 8.

³⁹ Pressemelding frå BdV 16.05. 2002.

⁴⁰ Lesarbrev i BK 16.10. 2003 s. 8.

⁴¹ DOD 3 2002 s. 3, DOD 16 2002 s. 5, Erika Steinbachs tale Tag der Heimat 2002 s. 4 og 5, DOD 8 2003 s. 5, DOD 5 3003 s. 30 og SZ 04.06. 2002 s. 2.

⁴² Michnik er utgjevar av den venstreliberale *Gazeta Wyborcza* som er blant Polens største dagsaviser. Han er essayist og forfattar og tidlegare antikommunistisk dissident.

⁴³ Erika Steinbach i DOD 16 2002 s. 7.

⁴⁴ Pressemelding frå BdV 16.05. 2002; Erika Steinbach BK 25.09. 2003, s. 2; signaturen K.B. i BK 28.08. 2003; Konrad Badenheuer i BK 12.08. 2003, s. 2; Erika Steinbach i intervju med Deutschlandfunk, publisert i Die Zeit 30 2003; Erika Steinbach, Tag der Heimat 2004 Reden Und Grußworte s. 4; FAZ 18.09. 2003.

⁴⁵ Tilhengjarane av meckel-alternativet seier at dei vil ha eit europeisk senter, i motsetnad ZgVs nasjonale.

kritikken kontant tilbakevist med tilvising til at grunnidéen er internasjonal.⁴⁶ Det blir også hevdet at det ikkje finst nokon motsetnad mellom det å vera nasjonal og det å vera europeisk, og at motparten bruker skinnargumentasjon.⁴⁷ Erika Steinbach har også karakterisert innvendinga om at senteret er for nasjonalt innretta som den aller tåpelegaste innvendinga.⁴⁸ I dette spørsmålet går fordrivnemiljøet ikkje inn i debatt med motparten.

Topos om offer som har lide og skal ha oppreising, at kontekst ikkje er viktig fordi ”*Menschenrechte sind unteilbar*” og at det er ei særleg tysk oppgåve å minnas dei fordrivne, er kjernepunkt i BdV-miljøets argumentasjon for Zentrum gegen Vertreibungen. I 40 av 44 innlegg som argumenterte for stiftinga ZgV hadde ein eller fleire av desse toposa ein framtrødande plass i argumentasjonen.⁴⁹ Alle måtar å omtala dei fordrivne på er i tråd med ein integrasjonistisk diskurs, med innslag som trekkjer i retning av historieskrivinga til det yteste høgre. Organisasjonen argumenterer klårt og tydeleg for at fordrivinga må bearbeidast innanfor ei tysk ramme og for at målet med bearbeidinga er lækjing. Dette kan både forståast som at ofra blir lækja på denne måten, eller at det er Tyskland som må lækjast.

Samstundes framfører fordrivnemiljøet eit topos om fordrivingar som problem og ei europeisk tilnærming til tematikken. Dette står ikkje i direkte motstrid til tematisering av fordrivinga i Tyskland, men ettersom Steinbach diskvalifiserer argumentasjon som blir framført av polakkar med tilvising til at debatten er ein tysk debatt, framstår toposet underleg og åleine. Den europeiske ålmenne tilnærminga til fordrivingar er til stades i retorikken, men det er framleis den tyske sida av tematikken som er BdVs primære interessefelt. I Svašeks studie av den sudet-tyske rørsle er dei institusjonaliserte forteljingane om liding sentrale for å rettferdiggjera dei moralske, juridiske og politiske krava sudet-tyskarane har til *Heimatrecht*.⁵⁰ I BdV-miljøets argumentasjon for stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen fungerer lidinga og offerposisjonen på eit liknande vis. Forteljingane om liding og offer blir kopla direkte til eit krav om ei moralsk og politisk oppreising – og vidare til støtte til stiftinga ZgV – gjerne i eit kjensleladd språk. Offerposisjonen som organisasjonen dyrkar fram, blir med andre ord brukt som eit politisk instrument.

⁴⁶ Erika Steinbach, sitert i DOD 16 2002, s. 5; Erika Steinbach, DOD 4 2004, s. 3; Hermann Schäfer i DOD 16 2002.

⁴⁷ Erika Steinbach i BK 25.09. 2003, s. 2.

⁴⁸ Erika Steinbach, tale på Tag der Heimat 2004, s. 12.

⁴⁹ Dette inkluderer fleire teksttypar: nyhendesaker, møtereferat, saksinnlegg og kommentarar.

⁵⁰ Svašek 2002, s. 76–77.

6.3 Kritikken frå nabolanda

Spørsmålet om kva konsekvensar opprettinga av senteret vil ha for tilhøvet til nabolanda blir også via merksemd. BdV-miljøet bruker fleire ulike topos for å svara på dette. Eit topos som er mykje framme med omsyn til denne problemstillinga, er at miljøet tek til orde for dialog og forsoning, og at det å skapa forsoning er eit mål for stiftinga ZgV.⁵¹

Samstundes framførde BdV-miljøet eit topos om at den raud-grøne regjeringa var feige fordi dei la for stor vekt på kjenslene til folk i nabolanda. I DOD bad Steinbach om at forbundskanslaren burde ha like mykje medkjensle for sine eigne borgarar som det han hadde for folk i Polen.⁵² I FAZ var ho enno krassare og hevda at Schröder var redd for naboane.⁵³ Eit lesarbrev i *Bayernkurier* hevda at regjeringa er illojal mot sine eigne borgarar fordi dei viser større medkjensle med gjerningsmenn og forbrytarar enn med dei tyske ofra for krigen.⁵⁴ Det å hevda at alle andre enn tyskarar får sympati i Tyskland – fordi alle berre er opptekne av Tysklands skuld og av omsynet til nabolanda, er eit topos som utelukkande blir framført på tysk høgreside. Hausten 2003 heldt CDU-politikaren Martin Hohmann ein tale med utgangspunkt i same topos.⁵⁵ For Hohmanns del vart dette toposet kombinert med ei rad antisemittiske topos. Talen sette i gang ein debatt som enda med at CDU ekskluderte Hohmann på grunn av antisemittisme. Steinbach har aldri vorte skulda for å vera antisemitt, men Hohmann og Steinbach høyrer elles til på same fløy i spørsmål om erindrigspolitik i partiet CDU, og begge hadde Stahlhelm-fraksjonens Alfred Dregger (1920–2002) som sin politiske mentor.⁵⁶

I BdVs retorikk finst også eit topos om at problemet med tilhøvet til nabolanda er knytt til uvilje i nabolanda. I eit djupnintervju med Deutschlandfunk der eitt av to hovudemne var forsoning, hevda Steinbach at vanskane med forsoninga låg i Tsjekkias uvilje med å ta eit oppgjær med Beneš-dekreta.⁵⁷ BdV-miljøet trekkjer ofte også fram at stiftinga ZgV under arbeidet med konsepsjonen sende brev til ambassadane til landa tyskarane var vorte fordrivne frå. Her skreiv dei at stiftinga ønskjer ein konstruktiv dialog med dei for å bearbeida fortida.

⁵¹ I FAZ 18.09. 2003, s. 1 og 6.

⁵² DOD 9 2003, s. 6.

⁵³ FAZ 18.08. 2003.

⁵⁴ Lesarbrev i BK 18.09. 2003, s. 14. (Dette er eit velkjend argument frå konservative. Dette var også eit sentralt poeng i den berømte Hohmann-talen)

⁵⁵ Die Hohmann Rede im Wortlaut. Publisert på nettsidene til nyhendemagasinet Stern 12. november 2003. <http://www.stern.de/politik/deutschland/?id=515592> (lesedato 5. desember 2006)

⁵⁶ Dregger er omtala på side XX.

⁵⁷ Intervju i Deutschlandfunk. Gjeve att i Die Zeit 30 2003.

Initiativet fekk berre svar frå Russland.⁵⁸ Det er også vorte sett fram skuldingar mot nabolanda frå fordrivnemiljøet om at nabolanda ikkje vil ta oppgjær med si eiga historie og at dei ufarleggjer fordrivinga og skjular brotsverka sine ved å visa til protokollen frå Potsdam.⁵⁹

BdV-miljøet har også skulda Markus Meckel og initiativtakarane til dette oppropet for å ha skulda for uroa i nabolanda fordi dei har skapt eit skremmebilete av BdV.⁶⁰

Når det gjeld tilhøvet til nabolanda understrekar BdV-miljøet ofte vilja og ønsket dei har om forsoning. Samstundes framfører dei topos om at tyskarar blir vanvyrda i eige land, og topos om at andre – anten det er Markus Meckel eller nabolanda – har skulda for eit dårleg tilhøve. Desse toposa er sjeldnare, men er topos som er sær omstridde i det tyske samfunnet elles. Dei kan difor ikkje vera topos som blir uttala i vanvare, men må vera kalkulerte. I dei toposa som er konfronterande og nasjonalpopulistiske, blir BdVs line overfor nabolanda ført vidare.

6.4 Oppsummering

Det er mykje i BdVs retorikk som slett ikkje er kontroversielt. Verken toposet om ”*die Unteilbarkeit von Menschenrechten*“ eller toposet om at offer skal ha oppreising, er omstridde. Understrekinga av at organisasjonen ønskjer dialog og forsoning med nabolanda er heller ikkje noko som skaper strid. Samstundes finn ein innslag av nasjonale topos som elles berre finst på ytre høgre – forsøk på å diskvalifisera polakkar, kontroversielle parallellar mellom fordrivinga og Holocaust og topos om at tyskarar ikkje blir respekterte i eige land. Desse toposa er sers omstridde i den tyske ålmenta, og blir sett fram kalkulert ved nokre høve.

BdV har ikkje slutta å vera ein organisasjon for nasjonal offerdyrking. Dette aspektet blir i sterk grad vidareført i måten organisasjonen framstiller seg sjølv og i måten dei omtalar fordrivinga på. I måten BdV tematiserer og fortel om fordrivinga på, er det ikkje noko som tydar på at BdVs gamle meisterforteljingar om fordrivinga er i ferd med å bli erstatta av ei ny. Det er fordrivinga som brotsverk og dei som offer som dominerer innanfor BdVs meisterforteljing om fortida. Sjølv om ein innanfor historiefaget har byrja kontekstualisera og utforska på nye måtar, blir ikkje dette reflektert i måten tematikken blir framstilt på innanfor BdV-miljøet.

⁵⁸ Pressemelding frå BdV 17.03. 2004; Erika Steinbach på Tag der Heimat 2004, s. 12; FAZ 08.09. 2003, s. 5. Dette er også omtala på heimesidene til ZgV under temaet *Chronik unsere Stiftung*: <http://www.zgv.de/aktuelles/?id=39> (lesedato 14.09.06) og i BK 25. 09. 2003.

⁵⁹ DOD 8 2003, s. 5. og BK 02.10. ,s. 7.

⁶⁰ Jf. TAZ 19.09. 2003.

BdV-miljøet driv dermed eit vekselspel mellom menneskerettsdiskurs, ei kjensleladd iscenesetjing av seg sjølve som offer og det å framføra høgreradikale topos i retorikken sin og i historieskrivinga si.

7 Topos om offer og om kritikken frå nabolanda i debatten om Zentrum gegen Vertreibungen

Dette kapitlet undersøker argumenta som vart brukte i debatten om Zentrum gegen Vertreibungen, med vekt på kva topos som vart brukt om offer og kva topos som vart brukt om kritikken som kom frå nabolanda Polen og Tsjekkia. Debattantane er inndelte i fire undergrupper, etter kva standpunkt dei tok i diskusjonen. Den første gruppa er dei konservative – dei som frå tidlegare tider danna grunnfjellet i organisasjonen BdV og stiftinga ZgVs støttespelarar. Den andre gruppa er stiftinga ZgVs støttespelarar som ikkje er frå dette ”tradisjonelle” støttespelarmiljøet, den tredje er tilhengjarane av Meckel-alternativet, og den fjerde gruppa er dei som er imot begge forslaga til eit Zentrum gegen Vertreibungen. I analysen ser eg etter kreativ diskursiv praksis for å identifisera kva grupper som omtalar tematikken på ein ny måte og set hendingane inn i ein ny samanheng.¹

7.1 Dei konservative støttespelarane til stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen

Dei konservative er grunnfjellet av BdVs støttespelarar. Partia CDU og CSU har tette band til rørsla. Partia har dessutan ein fortidspolitikk som ligg langt nærare BdV enn venstresida sin. Den integrasjonistiske offerdiskursen har først og fremst vore knytt til høgresida i tysk politikk.² I denne gruppa er det tre topos om offer som er mest framtrekande.

Det første sentrale toposet er tabu-toposet. Dette går ut på å hevda at dei fordrivne, og dermed dei tyske ofra, har vorte fortagde eller fortrenge. Dette blir delvis uttrykt gjennom polemisering mot ei venstreside som dei hevdar har oversett dei tyske ofra. Eit eksempel på dette finst i ein redaksjonell kommentar i *FAZ* blir det hevda at kritikarane av ZgV trur at dei fordrivne ikkje kan framstilla soga si på anna vis enn nasjonalistisk ”*und ihre Rolle darin als die von Opfern.*”³ På redaksjonell plass i *FAZ* blir det også hevda at venstresida meiner at ”*wer sich zu deutsche Schuld bekennt, darf nicht über deutsche Opfer reden.*”⁴ I andre

¹ I *kreativ diskursiv praksis* opptrer dei ulike diskurstypene på ein ny og kompleks måte. Omgrepet er forklåra nærare i kapittel 1.5.

² Goschler 2005. Han opererer med ein *integrasjonistisk* modell som er knytt til 1950-talet og den tyske høgresida. Denne modellen er knytt til ein overordna offerkategori som har utgangspunkt først og fremst i den eksistensielle grunntilfaringa som ligg i det å vera offer. Her viser ein ikkje kontekstuelle forskjellar mellom offer.

³ *FAZ* 16.07. 2003, s. 10.

⁴ *FAZ* 19.07. 2003, s. 31 og *FAZ* 29.08. 2003, s. 33.

redaksjonelle kommentarar kjem tabu-toposet til uttrykk på andre vis. Det blir til dømes hevda at det tidlegare ikkje har vore plass til å snakka om dei tyske ofra.⁵ Kritikken frå denne gruppa ramar også forbundskanslar Gerhard Schröder:

*”Die Vorstellung, ein Volk warte nur darauf, sich die eigene Schuld wieder auszureden, ist des Mannes unwürdig, der es regiert,”*⁶

Dette skriv ein av journalistane i *FAZ*. CDU-utanrikspolitiske talsmann Friedbert Pflüger spurde retorisk om det er rett *”(…), das unendliche Leid der Vertreibung zu verschweigen.”*⁷ Ein redaksjonell kommentar i *FAZ* hevdar at fordrivinga var tilnærma tabuisert på 1970-talet, og at minnet om henne har vore fortrent til no.⁸ CSU-leiar Edmund Stoiber la også fram liknande synspunkt på *Tag der Heimat* i 2002.⁹ Ein annan påstand som vart framført i kommentarane i *FAZ* var at dei fordrivne ikkje har fått sin rettmessige plass i historia.¹⁰ I fleire av innlegga i *FAZ* og *Bayernkurier* blir det hevda at ZgV skal løysa ei forsømt oppgåve i samfunnet, nemleg det å minnast *ofra* for flukt og fordriving.¹¹

Tabu-toposet blir ikkje uttrykt med så mykje moralsk indignasjon og tilvising til lidning som i BdV-miljøet. Det at dei fordrivne er offer som har lide, blir sjeldan framheva. Ein stad blir dei fordrivnes *”Leid und Verlust”* oppsummert i to ord.¹² Tonen som rår er meir ironiserande og stikkande overfor venstresida og deira overdrivne frykt for revansjisme, enn forarga over at dei fordrivne er offer som har vorte gløynde.

Det andre toposet som kjem hyppig føre, er toposet om at eit offer er eit offer uansett, altså det som er kjernen i måten ein forstår offer på innanfor ein integrasjonistisk diskurs. Dette blir uttrykt i eit topos om at alle offer er offer uansett kva samanheng det hende i, eller ved symbolsk likebehandling av offer for krigen og offer for NS-regimet.¹³ I ein redaksjonell kommentar i *FAZ* hevdar skribenten at eit offer er eit offer uansett.¹⁴ Det er det universelle som står i sentrum. Patrick Bahners, som er *Feuilleton*-redaktør i *FAZ* skriv at det må markerast at *”ein Verbrechen ein Verbrechen bleibt, was immer seine Ursachen und Folgen*

⁵ *FAZ* 04.08. 2003, s. 1 og *FAZ* 19.09. 2003, s. 12.

⁶ *FAZ* 15.08. 2003, s. 33.

⁷ *Die Welt* 20.10. 2003.

⁸ *FAZ* 19.07. 2003, s. 31.

⁹ *Tag der Heimat 2002 – Reden und Grußworte*, s. 18. Utgjeve av BdV 2002.

¹⁰ Sjå til dømes *FAZ* 16.07. 2003, s. 10

¹¹ *FAZ* 19.09. 2003, s. 12, sjå også *FAZ* 04.08. 2003, s. 1 og *Bayernkurier* 02.10. 2003, s. 7.

¹² *FAZ* 18.09. 2003, s. 1.

¹³ For symbolsk likebehandling sjå til dømes Dieter Althaus (CDU) *Tag der Heimat 2004. Dialog führen – Europa Gestalten* s. 17 BdV 2004.

¹⁴ *FAZ* 29.08. 2003, s. 33.

waren.”¹⁵ I ein annan kommentar blir det vist til forfattaren og ZgV-støttespelaren Ralph Giordanos ord om at ”*Humanitas ist unteilbar*”.¹⁶ Ein liknande påstand blir sett fram av Alfred M. de Zayas, som meiner at alle offer må minnast med ærefrykt, og at eit brotsverk er eit brotsverk same kva samanheng det hender i.¹⁷ Han polemiserer dermed mot venstresidas vektlegging av konteksten fordrivinga hende i. Både CDU-leiar Angela Merkel og andre konservative hevdar dessutan at senteret skal ha ei universell oppgåve, nemleg fordømming av fordrivingar på generelt grunnlag. CDU-leiar Angela Merkel hevda at senteret skal stå som eit minne over uretten.

”(...) ein Zeichen setzen um an das Unrecht der Vertreibung zu erinnern und es für immer ächten”¹⁸

Den same påstanden blir sett fram i ein redaksjonell kommentar i FAZ.¹⁹

Det tredje toposet som er sentralt i dei konservatives argumentasjon, er at dei tyske ofra for krigen må bli hugsa. Sju av ti redaksjonelle kommentarar i FAZ inneheldt dette toposet. Den tyske oppgåva blir sagt å vera at landet no må forsona seg med si eiga historie og sine eigne offer. Det finst fleire utsegner av denne typen.

”(...)Deutschland das Bedürfnis, das Recht und die Pflicht hat, sich seiner ganzen Geschichte zu stellen – und sich mit den Vertriebenen zu versöhnen”²⁰

Tyskland må slutta fred med dei fordrivne gjennom å oppretta senteret,²¹ eller at det er ei æressak for Forbundsrepublikken å sikra erindringa for framtida.²² Eller at alle folk treng å minnast sine skjebnetimar for seg sjølv.²³ Merkel seier at ein må få visa fram denne delen av saga, og at Tyskland må ”(...) uns damit auseinandersetzen haben, daß auch Deutschen unrecht geschehen ist.”²⁴ CDU-leiaren gav uttrykk for at det internasjonale ikkje er det viktige, men det nasjonale:

”ich habe überhaupt nichts gegen ein europäisches Projekt, aber das ersetzt nicht ein nationales Projekt.”²⁵

¹⁵ FAZ 16.08. 2003, s. 33.

¹⁶ FAZ 19.07. 2003, s. 31.

¹⁷ I Die Welt 18.08. 2003 i Bayernkurier 04.09. 2003, s. 2 gjentek han same poeng.

¹⁸ Tag der Heimat 2002 – Reden und Grußworte s. 26. Utgjeve av BdV 2002. Sjå også Edmund Stoiber (CSU) i Tag der Heimat 2004. Dialog Führen – Europa gestalten s. 25 BdV 2004, og Angela Merkel i Tag der Heimat 2004. Dialog Führen – Europa gestalten s. 32 BdV 2004.

¹⁹ FAZ 19.07. 2003, s. 31.

²⁰ FAZ 18.09. 2003.

²¹ FAZ 16.07. 2003, s. 10.

²² FAZ 15.08. 2003, s. 33.

²³ Die Welt 20.10. 2003.

²⁴ FAZ 22.08. 2003, s. 3.

²⁵ FAZ 22.08. 2003, s.3.

Her blir det tydeleggjort kva funksjon stiftinga ZgVs museum kunne ha i den tyske samanhengen – nemleg som eit prosjekt for forsoning med seg sjølv. Ein annan hevdar at landet no endeleg må få lov til å hugsa den gongen dei var offer.²⁶ Dette synspunktet blir gjenteke fleire gongar i materialet.²⁷ Også den konservative historikaren Arnulf Baring og Hessens ministerpresident Roland Koch (CDU) hevdar at senteret har eit oppdrag som må løysast i Tyskland og som angår tyskarar.²⁸ I ein kommentar til den polske avismannen Adam Michniks innspel i debatten gjekk Koch så langt at han sa at dette er ei sak som folk frå andre land ikkje bør blanda seg opp i.²⁹ Men det er ingen som hevdar at stiftinga ZgV berre skal fylla ei nasjonal oppgåve.

Tabu-toposet, toposet om at ein ikkje skal skilja mellom offer for krigen og offer for NS-regimet og toposet om at ein i Tyskland har eit ansvar for å minnst dei tyske ofra, er alle topos som stadfestar ein integrasjonistisk offerdiskurs. Dei konservative støttespelarane gjer ei symbolsk likebehandling av ulike typar offer, tabu-toposet og toposet om at tyskarar må minnst dei tyske ofra fungerer også som polemikk mot venstresidas partikularisme.³⁰

Argumenta frå Polen og Tsjekkia

Innvendingane frå nabolanda blir drøfta. Dette spørsmålet blir svart på med eit topos om at ein i Polen har misforstått og at dei mistenkeleggjer ZgVs motiv. Det blir til dømes hevda at det er ein føresetnad at Tyskland forsonar seg med seg sjølv, og sine fordrivne, for at landet skal kunne forsona seg med nabolanda.³¹ Fleire konservative støttespelarar for stiftinga ZgV hevdar at polakkar som Włodzimierz Borodziej og Władysław Bartoźewski har ein debatttone som hindrar samarbeid med fordrivne.³² Ein redaksjonell kommentar i *FAZ* oppsummerer reaksjonane i Polen slik:

*„das Hauptmotiv für die Ablehnung des Berliner Zentrums bestand darin , daß man in Polen zu wissen glaubte, dort solle staatlich sanktionierte, museale Geschichtsklitterung betrieben werden.“*³³

Artikkelforfattaren hevdar at reaksjonane i Polen ville ha vore annleis om dei hadde forstått kva det handla om.

²⁶ *FAZ* 29.08. 2003, s. 33.

²⁷ *BK* 16.05. 2002, i *DOD* 1 2003, s. 7. Adolf Wolf i *DOD* 2 2004, s. 33, pressemelding frå *BdV* 16.05. 2002.

²⁸ *DOD* 16 2002, s. 11 og i *DOD* 2 2004, s. 33.

²⁹ *DOD* 2 2004, s. 33.

³⁰ Goschler 2005. Goschler hevdar at ei partikularistisk tilnærming til fortida er knytt til 1960-talet, venstresida, oppgjer med fortida og merksemd om tyske brotsverk og tyske gjerningsmenn. Innanfor ein partikularistisk modell skil ein prinsipielt mellom offer for NS-regimets forfølging og tyske krigsoffer.

³¹ *FAZ* 04.08. 2003, s. 1.

³² *FAZ* 16.07. 2003, s. 10 og 19.07. 2003, s. 31.

³³ *FAZ* 19.09. 2003, s. 12.

”daß es nur um eine stärkere Einbeziehung des Vertriebenenschicksals in die deutsche Erinnerung gehen könne, glaubten nur wenige.”³⁴

Den polske kritikken blir dermed avfeia som overdrive og grunnlaus.³⁵ Blant dei konservative blir debatten omtala som ein diskusjon i den tyske ålmenta som dei andre – polakkane – ikkje kan å forstå. Dei konservative avviser at stiftinga ZgV ikkje er internasjonal. Samstundes argumenterer ein ikkje for kva funksjon stiftinga kunne ha for Europa. Den delen som angår Tyskland og tysk ålmente blir derimot presisert og forklåra. Dermed står dei konservative fram som ei gruppe som primært er opptekne av det tyske perspektivet, ikkje av eit europeisk perspektiv på fordrivingstematikk, og som set omsynet til forsoning med seg sjølv over omsynet til forsoning med nabolanda. Det nasjonale perspektivet som blir kombinert med topos frå ein integrasjonistisk offerdiskurs, har vore dei tyske konservatives måte å nærma seg fordrivingsproblematikk på. Dette er med andre ord ein konvensjonell måte å artikulera denne problematikken på. Det ligg nært opp til både Helmut Kohls fortidspolitik og til dei posisjonane som vart lagt fram av dei konservative i 1980-talets *Historikerstreit*. I denne delen har det ikkje vore mogleg å finna nye topos frå andre felt eller mogleg å identifisera kreativ diskursiv praksis.

7.2 Dei nye støttespelarane for stiftinga Zentrum gegen Vertreibungen

Både Peter Glotz, forfattaren Ralph Giordano, borgarrettsforkjemparen Joachim Gauck, journalisten Helga Hirsch, dåverande innanriksminister Otto Schily, forskaren og journalisten Ulrike Ackermann, journalisten Rupert Neudeck, leiaren for det tyske kulturrådet Olaf Zimmermann og historikaren Julius Schoeps er støttespelarar for stiftinga ZgV, og kjem frå miljø som tidlegare har stått langt unna BdV.³⁶ Det var i all hovudsak Erika Steinbach som gjekk i bresjen for stiftinga ZgV. Dermed vart rolla til denne gruppa litt underleg – det vart stadig vist til deira støtte til stiftinga, samstundes gjorde dei seg i liten grad gjeldande i

³⁴ FAZ 19.09. 2003, s. 12 og FAZ 22.09. 2003, s. 5.

³⁵ Sjå også FAZ 30.10. 2003, s. 10 og 22.09. 2003, s. 5. og 18.09. 2003, s. 1 for fleire eksempel på det same.

³⁶ Fleire av støttespelarane har familiære band til dei aust-tyske områda. Helga Hirsch (f. 1948) har bakgrunn på tysk venstreside. Ho har vore journalist i Polen for liberale Die Zeit og for Springer-avisa Die Welt. Far hennar er frå Breslau. Rupert Neudeck (f. 1939) er sjølv fordriven frå Danzig. Han er journalist og har vore leiar for hjelpeorganisasjonen Cap Anamur. Julius Schoeps (f. 1942) er jødisk. Han vart fødd i Sverige, der han var med familien i eksil. Schoeps' bestefar Julius Schoeps var frå Vestpreussen og vart drepen i konsentrasjonsleiren Theresienstadt. Også Ralph Giordano (f. 1923) er av tysk-jødisk opphav og overlevde krigen i undergrunnen i Hamburg. Ulrike Ackermann er politisk liberal sosialforskar, journalist og forfattar, Olaf Zimmermann (f. 1961) er leiar for det tyske kulturrådet. Støttespelarane representerte slik eit politisk spekter som stod langt unna BdVs i hovudsak konservative andre støttespelarar.

debatten. Difor er det heller ikkje så mange kjelder til denne gruppa. Fordi argumentasjonen også er sprikande, bruker eg namna på forfatarane gjennomgåande.

Eit sentralt trekk i denne gruppa er eit topos som plasserer dei sjølve utanfor BdV-tradisjonen, nett slik også den sosialdemokratiske leiaren for stiftinga ZgV, Peter Glotz, gjorde. Ralph Giordano karakteriserte til dømes BdVs politikk i etterkrigsåra som ein fortreningspolitikk.³⁷ Også Schoeps og Gauck undestrekar at BdV no er annleis enn tidlegare.³⁸ Denne gruppa viser også til seg sjølv og til kvarandre sin politiske integritet som garantistar for at stiftinga ZgV er noko anna enn BdVs tradisjon.³⁹

Topos om tyske offer

Sentrale element innanfor den partikularistiske diskursen dukkar opp som topos i retorikken. Dette gjeld toposet om at fordrivinga må visast fram i den historiske samanhengen ho hende i, det er altså eit tilsvar til den sedvanlege kritikken av BdVs selektive historiesyn. Fordrivinga må ”*in den politischen Kontext gestellt werden,*” som Peter Glotz fleire gongar gjentek.⁴⁰ Julius Schoeps understrekar også at fordrivinga må setjast inn i sin samanheng, og trekkjer fleire gongar Hitlers politikk fram som årsak til fordrivinga.⁴¹ Også Ralph Giordano påpeikar at fordrivinga står i ein kausalsamanheng med NS-regimets krigføring.⁴²

Det andre partikularistiske toposet som ofte dukkar opp, er toposet om det problematiske ved å framheva tyske offer. Peter Glotz seier til dømes at polakkar, tsjekkakar, slovakar og andre som var ”*Opfer der Hitlerschen Aggression*” fryktar at tyskarane vil snu om på historia.⁴³ Helga Hirsch framstiller dilemmaet slik: ”*Wenn die Deutsche Opfer sind, was wird dann aus dem Opferstatus der Polen?*”⁴⁴ Også Schoeps er inne på denne problematikken i eit innlegg der han forklarar si støtte til stiftinga ZgV. Han kallar innlegget sitt ”*Angst vor dem Tabubruch.*”⁴⁵

Eit topos som stadfestar singulariteten til Holocaust som ”*das größte Verbrechen in der Geschichte des zwanzigsten Jahrhunderts*”⁴⁶ dukkar også opp. Også Peter Glotz gjentek

³⁷ I NG-FH 4 2004, s. 60. Same kritikk blir famført av Joachim Gauck i BdV: Tag der Heimat 2002, Reden und Grussworte, s. 13 2002.

³⁸ TAZ 02.10. 2003, og sjå også Joachim Gauck: Tale i: Tag der Heimat 2002, Reden und Grußworte s. 15, BdV 2002.

³⁹ Sjå til dømes: Peter Glotz i Die Welt 20.09. 2003 og Olaf Zimmermann i Die Welt 01.09. 2003.

⁴⁰ PM 417 2004, s. 17, sjå elles t.d. Die Welt 20.09. 2003 og NG-FH 12 2003, s. 45 og FAZ 11.08. 2003, s. 6.

⁴¹ I Jungle World 01.10. 2003 og TAZ 02.10. 2003, s. 24.

⁴² NG-FH 4 2004, s. 59.

⁴³ PM 417 2004, s. 17.

⁴⁴ Der Tagesspiegel 12.08. 2003.

⁴⁵ TAZ 02.10. 2003, s. 24.

⁴⁶ PM 417 2004, s. 17.

dette fleire gongar i sine innlegg.⁴⁷ Desse tre elementa; at fordrivinga må visast fram i sin kontekst, det vanskelege med dei tyske ofra og at Holocaust står i ei særstilling som brotsverk, er alle sentrale trekk innanfor den partikularistiske diskursen. Måten å omtala Holocaust på er for så vidt tvitydig. Også dei konservative og BdV-miljøet omtalar Holocaust som eit singulært brotsverk. Viss ein ser det i samanheng med den posisjoneringa som fleire av debattantane gjer av seg sjølve som nokon som står utanfor BdVs tradisjon, er det grunn til å sjå dette som eit topos som stadfestar ein partikularistisk diskurs. Denne gruppa posisjonerer seg sjølv utanfor BdVs tradisjon og hevdar samstundes at dei er truverdige politiske og moralske garantistar for at prosjektet vil ta omsyn til desse punkta.

Element frå ein integrasjonistisk diskurs

Ei integrasjonistisk tilnærming til offer blir uttrykt i Ralph Giordanos utsegn om at "*die Humanitas ist unteilbar.*"⁴⁸ Samstundes med at han understrekar det universelle, er Giordano nøye med å påpeika at dei fordrivne var offer for si eiga positive haldning til nasjonalsosialismen. Han understrekar at ein må forstå både kronologi og kausalitet, og seier at den som ikkje vil snakka om forhistoria, bør også teia om fordrivinga. Hjø Giordano blir både det spesielle – konteksten, og det universelle, lidinga, uttrykt med stort alvor. Hans personlege historie som overlevande etter NS-regimets forfølging tilfører utsegnene enno større integritet og truverde. Dermed kan utsegna tolkast til å vera i ein slags mellomposisjon mellom integrasjonisme og partikularisme.

Understrekinga av det universelle, og ikkje av konteksten fordrivinga fann stad i, blir også uttrykt gjennom postulat om at dei fordrivne har lide, og at dette gjer at dei må anerkjennast, er til stades. Joachim Gauck hevdar til dømes at fordrivinga for nokre av ofra har laga eit varig ope sår. Det opne såret kan lækjast gjennom sensibilitet i den tyske ålmenta og at offeret får merksemd.⁴⁹ Gauck hevdar også fleire stader at offer har krav på empati – og knyter dette direkte til støtta si til stiftinga ZgVs prosjekt. Otto Schily trekkjer lidingane til uskuldirge barn fram som ein grunn til støtta si til prosjektet:

*"Das Kind, dass vor den Augen seiner Mutter an die Wand geworfen wurde, das hatte keine Schuld an Hitler, am zweiten Weltkrieg, am Holocaust. Das ist ein unschuldiges Kind gewesen."*⁵⁰

⁴⁷ Også i Intervju med Deutschlandradio 16.07. 2003 www.dradio.de/dlf/sendungen/interview_dlf/155898/ lesedato 24.10. 2006 og i SZ 20.09. 2000, s. 6.

⁴⁸ NG-FH 4 2004, s. 59.

⁴⁹ Joachim Gauck i: Tag der Heimat 2002, Reden und Grußworte s. 12, BdV 2002.

⁵⁰ FAZ 06.09. 2003, s.4.

Også Joachim Gauck understreka ofras lidingar og at desse lidingane må anerkjennast.⁵¹ Helga Hirsch hevdar at lidinga til dei fordrivne må anerkjennast og inkluderast i det kollektive minnet.⁵² Peter Glotz hevdar at tyskarane må kunne sørgja over sine offer.⁵³ Sjølv om fleire understrekar at konteksten er viktig, er det universelle – at dei fordrivne er offer som har lide, som avgjer standpunktet om at dei må hugsast.

Gauck er den einaste som tydeleg tek til orde for symbolsk likebehandling av offer for NS-regimet og dei fordrivne. Han siterer Gerhard Gruschka⁵⁴ på at

*„Die Toten von Auschwitz, denke ich, werden nichts dagegen haben, wenn ich die Toten von Schwientocholwitz in der Erinnerung neben sie lege.“*⁵⁵

Denne symbolske likebehandlinga som Gauck tek til orde for, er sjølve kjernen innanfor den integrasjonistiske diskursen.

Forskjellane mellom debattantane er store: frå å insistera sterkt på Holocaust som singulært brotsverk slik Glotz gjer, og til Gauck som eksplisitt krev symbolsk likebehandling av offer for NS-regimet og offer for krigen. Frå Gaucks posisjonering er overgangen glidande til BdVs standpunkt. BdV har vorte skulda for å ville relativera Holocaust gjennom å jamføra dei fordrivnes lagnad med Holocaust. Gauck går i denne retninga i sitt ønske om å hugsa dette saman. Han uttrykkjer eigentleg det same som Erika Steinbach då ho hevda at museet burde plasserast i nærleiken av *Denkmal für die ermordeten Juden Europas*. Men der Steinbachs utsegn vart tolka som tilnærming til relativering av Holocaust,⁵⁶ fann eg ingen som hevda at Gaucks utsegn gjer det same. Truleg fordi han ikkje blir oppfatta å stå innanfor ein tradisjon der ein ønskjer relativering, dermed blir det vanskelegare å tolka Gaucks utsegn i denne retninga enn ei tilsvarande utsegn frå BdV. Gauck blir i pressa trekt fram som ein støttespelar som representerer noko nytt og anna enn BdV.⁵⁷ Det same toposet blir altså tillagt ulik meining i den tyske ålmenta etter kven som uttalar det. Gaucks biletbruk om fordrivinga som eit sår som må lækjast, er også kjent frå BdVs retoriske vokabular. Utsegna fall i ein tale

⁵¹ Joachim Gauck i: Tag der Heimat 2002, Reden und Grußworte s. 14, BdV 2002.

⁵² Der Tagesspiegel 12.08. 2003.

⁵³ NG-FH 12 2003, s. 47.

⁵⁴ Gerhard Gruschka hamna som 14 åring i interneringsleiren Zgoda i Świętochłowice/Schwientocholwitz i Schlesien, som då var under polsk kontroll. Zgoda var styrt av den polske tryggingstenesta. Dei fleste innsette var tyske borgarar og polske borgarar av tysk opphav. Gruschka var mistenkt for å ha vore med i Hitlerjugend. Han har skildra røynsleane derifrå i boka *Zgoda – ein Ort des Schreckens* (Ars una 1997). Interneringsleiren Zgoda heitte før 1945 KZ Eintrachthütte og var ei sidegrein (Aussenlager) til dødsleiren Auschwitz.

⁵⁵ Joachim Gauck Tale i: Tag der Heimat 2002, Reden und Grußworte s. 15 BdV 2002.

⁵⁶ Sjø t.d. Salzborn 2003, s. 1123f.

⁵⁷ Berliner Zeitung 02.09.2002.

Gauck heldt på BdVs *Tag der Heimat*. Det er kanskje difor han har gripe til metaforar som også er typiske for Erika Steinbach.⁵⁸

Tabu-toposet blir også hyppig framført av dei nye støttespelarane for ZgV. Peter Glotz fastslår at det har vore ei politisk korrekt ihelteiing av ”*des Vertreibungsverbrechens*”.⁵⁹ Julius Schoeps hevdar at fordrivinga har vore eit tabutema gjennom mange år.⁶⁰ Helga Hirsch hevdar at venstresida har fortrenget tapet av dei tyske austområda,⁶¹ og kallar fordrivinga eit tabuisert tema.⁶² Joachim Gauck hevdar at venstresida har overfokuserert på tyskaranes skuld, og at det har ført til kulde og manglande interesse for dei fordrivnes lagnad.⁶³ Ulrike Ackermann omtalar fordrivinga som gløymd i den tyske ålmenta.⁶⁴ Dette toposet blir framført både av BdV som lar kritikken råka alle, og av dei konservative som hevdar at venstresida har skulda.

Blant dei nye støttespelarane for stiftinga ZgV blir fleire topos frå ein integrasjonistisk diskurs ein del av argumentasjonen. Dette gjeld både toposet om at dei fordrivne har lide og må anerkjennast, og det at ofra symbolsk blir likebehandla. Også tabu-toposet er i det same landskapet, fordi det er ein del av kritikken mot det skiljet som blir gjort mellom ulike offer for krigen og offer for NS-regimet innanfor den partikularistiske diskursen.

For fleire er eit topos om at fordrivingar må fordømmast som fenomen sentralt i forsvaret for stiftinga ZgV. I fleire av innlegga er det nettopp dette som blir framført som første ledd i argumentasjonsrekkja. Julius Schoeps skriv om alle offer for folkemord og etnisk reinsing under eitt, og nemner ikkje tyske offer spesielt i det heile.⁶⁵ Han hevdar at senteret vil til livs ”*Vertreibungen als Mittel der Politik*.”⁶⁶ Glotz trekkjer fram at senterets oppgåve er å tematisera av fordrivingar, etnonasjonalisme og framandhat.⁶⁷ Helga Hirsch hevdar at museet skal tematisera alle fordrivingar i det 20. århundret.⁶⁸ ”*Der Plural war Programm*” hevdar Peter Glotz. Han viser til andre tilfelle i Europa.⁶⁹ Her grunngevev dei engasjementet sitt med at fordrivingar i dag er eit brennande aktuelt politisk tema. Både Glotz og Schoeps nektar for

⁵⁸ Som vist på s. XX.

⁵⁹ PM 417 2004, s. 18.

⁶⁰ Jungle World 01.10. 2003.

⁶¹ I Der Tagesspiegel 12.08. 2003.

⁶² Die Welt 19.09. 2003.

⁶³ NG-FH 7–8 2004, s. 59.

⁶⁴ Die Welt 03.01. 2004.

⁶⁵ TAZ 02.10. 2003, s. 24.

⁶⁶ Jungle World 41 01.10. 2003.

⁶⁷ SZ 20.09. 2000, s. 6.

⁶⁸ Der Tagesspiegel 12.08. 2003.

⁶⁹ PM 417 2004

at prosjektet er reint tysk.⁷⁰ *“Die Behauptung, das wir das nur national wollen, ist einfach unrichtig,”* hevdar Glotz i eit intervju med Deutschlandradio.⁷¹

Innvendingane frå nabolanda

I denne gruppa blir Zentrum gegen Vertreibungen definert som eit spørsmål som gjeld tyskarar. Eit topos blant dei nye støttespelarane for fordrivingscenteret hevdar at tyskarar må kunne sørgja over tyske offer.

*”Im ‘Land der Täter’ kann auch der unschuldigen Opfer gedacht werden und auch der Verluste von Kulturlandschaften.”*⁷²

Glotz hevdar det same: *“Und ich glaube, auch die Deutschen haben das Recht, um ihre Opfer zu trauern”*⁷³. Han seier vidare at tematikken angår tyskarar spesielt.⁷⁴ Hirsch karakteriserer debatten om *Zentrum gegen Vertreibungen* som ein diskusjon som framfor alt er ein dialog mellom tyskarar. *”[...] vor allem um einen Dialog von Deutschen mit Deutschen [...]”*⁷⁵ Hirsch knyter dette til at dei fordrivne må få ein plass i det kollektive minnet til tyskarane. Rupert Neudeck hevdar at ingen utanfrå kan diktera korleis tyskarar skal sjå på *”die eigenen Opfer”*.⁷⁶ Peter Glotz tek til orde for at historieskriving må vera nasjonal.

*”Ja, die europäischen Staaten sollten auf gegeneinander gerichtete aggressive Geschichtspolitik verzichten. Aber sind wir wirklich schon so weit, daß die große Erzählungen der einzelnen Nationen in einer einzigen Erzählung aufgehoben werden können?”*⁷⁷

Glotz knyter museet til tyskarar som kollektiv og til korleis dette kollektivet skal forhalda seg til fortida si – anten som kollektiv erindring som hjå Helga Hirsch, eller innanfor historieskrivinga som hjå Glotz. Begge omtalar funksjonen til historieapparatet med Tyskland som ramme.

Motstanden i Polen og Tsjekkia er lite tematisert i denne gruppa, men nokre nemner konfliktane med nabolanda og anerkjenner innvendingane. Men i tråd med analysen sin om at dette prosjektet er noko anna enn det BdV har uttrykt tidlegare, hevdar dei at det ikkje er nokon grunn til uro i nabolanda. Hirsch seier at museumskonseptet må kunne gjennomførast

⁷⁰ NG-FH 12 2003, s. 45 og Jungle World 41 01.10. 2003.

⁷¹ Intervju med Deutschlandradio 16.07. 2003 www.dradio.de/dlf/sendungen/interview_dlf/155898/ lesedato 24.10. 2006.

⁷² Gauck i NG-FH, s. 59.

⁷³ NG-FH 12 2003, s. 45.

⁷⁴ Sjå PM 417 2004, s. 17.

⁷⁵ Der Tagesspiegel 12.08. 2003.

⁷⁶ Die Welt 24.11. 2003.

⁷⁷ I FAZ 11.08. 2003, s. 6, eit liknande poeng blir også gjenteke i Die Welt 20.09. 2003.

”[...] ohne dass sich die Nachbarn bedroht fühlen.”⁷⁸ Ralph Giordano understrekar at han forstår nabolandas skepsis til BdV og at denne skepsisen må takast på alvor. Han meiner at ein sensibel omgang med tematikken frå tysk side er svaret.⁷⁹ Dette meiner han stiftinga ZgV står for. Hjø Peter Glotz og Joachim Gauck blir dette toposet tøygd vidare til at kritikarane i Polen har misforstått. Glotz seier “*Ich verstehe, dass die Polen sich fürchten, aber dieses Zentrum will es nicht.*” (nasjonalisera tematikken, merknaden min)⁸⁰ Gauck er meir polemisk.

”Manche meinen nämlich, der Völkerverständigung dadurch am besten zu dienen, dass sie ihre Identität ihrer Gegenüber, ihres Gastlandes oder Hauptinteressengebietes eintreten bzw. dass sie mit deren Lebensgefühl, Empfindungen und Identität ein deutsches Problem besonders gut behandeln zu können. Da stimmt etwas nicht.”
81

Han hevdar at fordrivinga er eit tysk problem der ein ikkje kan la nabolandas synspunkt vera styrande. I intervjuet viste han til sin kjennskap til Polen, og til at ein i Polen ikkje har hatt ein open og demokratisk kultur der ein har kunna snakka fritt om fortida, og at dette skaper problem for diskusjonen. Toposet som blir framført, er at ein i Polen faktisk har misforstått situasjonen, eit topos som ein kan kjenna at frå dei konservative støttespelarane for stiftinga ZgV.

Joachim Gauck markerte seg som den som bruker færrest partikularistiske topos, og som den som går lengst i å ta til seg integrasjonistiske topos. Han tek både til orde for symbolsk likebehandling av NS-offer og dei tyske ofra, eit kjernepunkt innanfor den integrasjonistiske diskursen, samstundes er han den som er mest tydeleg i sin kritikk av den polske diskusjonen. Han knyter også argumentasjonen sin an til den tyske høgresidas kritikk av venstresidas fortidspolitikk under 1980-talets *Historikerstreit*. Han hevdar at oppgjeret med fortida har gått for langt, og at dette stengjer for ein positiv, tysk identitet.

*“Da war eine neurotische Fokussierung auf Schuld entstanden. [...] Eine positive Beziehung zum eigenen Land hätte vielen als verdächtig, weil nationalistisch gegolten.”*⁸²

I dag kan ein ikkje seia at ein er stolt over å vera tysk, fordi omgrepet er okkupert av “*rechten Dummköpfen*”. Men det finst grunnar til å vera stolt av Tyskland, hevdar Gauck.⁸³

⁷⁸ I der Tagesspiegel 12.08. 2003.

⁷⁹ NG-FH 4 2004, s. 62.

⁸⁰ Intervju med Deutschlandradio 16.07. 2003 www.dradio.de/dlf/sendungen/interview_dlf/155898/ lesedato 24.10. 2006.

⁸¹ NG-FH nr. 7–8 2004, s. 59.

⁸² I NG-FH –8 2004, s. 57.

⁸³ NG-FH 7–8 2004, s.. 58.

Innlegga til dei nye støttespelarane har ei viss politisk spennvidde. Joachim Gauck har ein Tysklands-orientert retorikk – der han eksplisitt tek til orde for symbolsk likebehandling av offer. Universell humanisme blir uttrykt av Ralph Giordano – som samstundes legg lita vekt på det spesielt tyske ved debatten. Både den politiske bakgrunnen deira – som dei også sjølv er nøye med å framheva, forsikringane deira om at tematikken skal visast fram i ein bestemt kontekst og problematisering av tyskarar som offer, er element som stadfestar ein partikularistisk diskurs om offer. Fleire omtalar Holocaust som eit singulært brotsverk, eit trekk som også kan vera med på å stadfesta ein partikularistisk diskurs. Joachim Gauck omtalar derimot Holocaust på ein måte som stemmer overeins med ein integrasjonistisk diskurs. Gauck tok til orde for å erindra Auschwitz og fordrivinga saman. Han omtalar dermed Holocaust på same måte som ein gjer innanfor ein integrasjonistisk offerdiskurs. Dei andre nye støttespelarane for ZgV seier at dei fordrivne også er offer, og at offer må hugsast. Samstundes framfører dei nye støttespelarane fleire andre topos som ligg tett opp til ein integrasjonistisk diskurs. Dette gjeld både toposet om at dei fordrivne har lide og må anerkjennast, og det at ofra symbolsk blir likebehandla, og delvis også tabu-toposet. I denne gruppa blir altså trekk frå ein integrasjonistisk kobla saman med element som stadfestar ein partikularistisk diskurs. Dermed får dei same toposa også ei litt annleis tyding når dei blir framførte av dei nye støttespelarane. Argumentasjonen til denne gruppa viser kreativ diskursiv praksis.

Denne gruppa spelar ein særeige rolle i debatten. Dei blir ofte refererte til, men dei var ikkje særleg aktive debattantar. Det var framom alt Erika Steinbach som tala for stiftinga ZgV. I min analyse blir det hevda at det finst eit manglande samsvar mellom Steinbachs retorikk og den retorikken som ein finn blant dei nye støttespelarane. Dette gjeld særleg Steinbachs diskvalifisering av polakkar, kontroversielle parallellar mellom fordrivinga og Holocaust og hennar topos om at tyskarar ikkje blir respekterte i eige land. Desse innslaga var ikkje hyppige, men dei vart lagt merke til, og dei var ikkje uoverlagte. Men desse nye støttespelarane sa aldri noko om at dei var ueinige med Steinbach, og dei kommenterte i all hovudsak heller ikkje verken stilen eller utsegnene til Steinbach. Ved eit tilfelle vart Glotz beden om å uttala seg om at Steinbach hadde vorte intervjuet i den høgreradikale avisa *Junge Freiheit*. I intervjuet var Steinbach sitert på at sosialdemokraten Markus Meckel var skuld i dei polske protestane mot stiftinga ZgV. Glotz sa då han vart spurdt at han ikkje var einig i dette, og at han heller ikkje ville ha late seg bli intervjuet av *Junge Freiheit*. Men han ville

ikkje kritisera Steinbach heller, fordi ”*Wir sind ja keine Klone.*”⁸⁴ Dette er det einaste tilfellet at fann der Glotz sa noko som kunne tolkast som kritikk mot Steinbach. Eg ser to ulike forklåringar på denne tilsynelatande diskrepansen mellom dei nye støttespelarane, og den måten Erika Steinbach fronta prosjektet på. Nokre valde å lukka auga for nokre sider av BdVs retorikk som dei blir oppfatta å stå i motsetnad til, slik som det ser ut til at Glotz gjorde i sitatet ovanfor. Glotz forsvarer ikkje Steinbachs val, men kritiserer henne heller ikkje. Andre oppfatta kanskje ikkje desse innslaga i retorikken som noko som stod i motsetnad til det prosjektet dei hadde gjeve støtte til.

7.3 Støttespelarane for Meckel-alternativet

Dei som tek ordet for Meckel-alternativet eksplisitt, eller for eit museum om fordriving der det tydeleg går fram at BdV ikkje skal ha noka rolle, er venstreorienterte, akademikarar og journalistar i aviser som *Süddeutsche Zeitung* og *Frankfurter Rundschau*. Mange av desse brukte meir plass på å polemisera mot stiftinga ZgV enn for sitt eige prosjekt. Dette er vel også noko av grunnen til at Meckel-alternativet av historikaren og Polen-eksperten Dieter Bingen vart oppfatta som eit halvhjarta motprosjekt til stiftinga ZgV.⁸⁵

Topos om offer

Eit sentralt topos blant støttespelarane for Meckel-initiativet er at det er meir eller mindre suspekt å omtala tyske offer. Grunnane til dette blir ikkje alltid presisert.⁸⁶ Journalisten Thomas Roser påpeikar at tyskarane no glir inn i offer-rolla og presenterer seg sjølve som offer i historia.⁸⁷ Historikaren K. Erik Franzen skriv om det sjarmerande ved det å vera eit offer og åtvarar mot ein tilbakekomst for 1950-talets eksessive offerdiskurs.⁸⁸ Journalisten Wilfried Mommert viser til mistru til at tyskarar skal sjå seg som ”*Opfer der von ihnen begonnenen Katastrophe des 20. Jahrhunderts.*”⁸⁹ Når grunngjevinga for at det er suspekt å omtala dei tyske ofra blir presentert, kan det for eksempel vera slik Joschka Fischer gjer, han åtvarar mot at det å framstilla tyskarar som offer også inneber ein fare for å relativera tyskaranes skuld.⁹⁰ Dette toposet blir framført i fleire variantar av dei som vil ha eit museum

⁸⁴ TAZ 19.09. 2003, s. 9.

⁸⁵ Bingen 2005, s. 17.

⁸⁶ Sjå til dømes: FR 21.08. 2003, s. 9; Die Zeit 26.06. 2002, s. 11; FR 26.08. 2003, s. 3 og Die Zeit 02.10. 2003.

⁸⁷ FR 17.09. 2003, s. 3.

⁸⁸ FR 18.07. 2003, s. 9.

⁸⁹ FR 31.07. 2003, s. 5.

⁹⁰ Die Zeit 28.08. 2003, s. 6.

om fordriving utan BdV.⁹¹ I ein redaksjonell kommentar i *Frankfurter Rundschau* blir det hevda at museet også må minna om Holocaust.⁹² Journalisten Matthias Arning minnar om ”*die Einzigartigkeit des Holocausts*.”⁹³ Å hindra at relativering av skuld altså blir knytt direkte til ei understreking av Holocaust og den tyske skulda for Holocaust som noko som er overordna i høve til tematikken om fordrivinga av tyskarane. Denne problematiserande måten å framstillta tyske offer på var den hyppigaste måten å omtala dette på blant tilhengjarane av Meckel-alternativet.

Kravet om å inkludera historisk kausalitet når ein omtalar dei fordrivne som offer er eit anna sentralt topos blant tilhengjarane av Meckel-alternativet. Frankfurter Rundschau Matthias Arning hevdar at ein ikkje må gløyma samanhengen mellom ”*Täterpraxis og Opfer-Schicksal*” og krev at uretten som skjedde med tyskarane, må visast fram i den samanhengen det hende i.⁹⁴ I sin tale på *Tag der Heimat* i 2000 understreka kanslar Gerhard Schröder same poeng.⁹⁵

Å omtala det å ville minnast dei tyske ofra som noko problematisk; å påpeika singulariteten til Holocaust i samband med omtalen av dei tyske ofra; og kravet om at den historiske kausaliteten bak fordrivinga ikkje må utelatast, er dei tre hyppigaste topos om tyske offer innanfor denne gruppa. Desse topos er med på å stadfesta tyske offer si stilling som eit vanskeleg punkt – noko som er heilt i tråd med ein partikularistisk offerdiskurs. Det er Holocaust som er nodalpunkt. Dei tyske ofra får sin posisjon ut frå dette overordna punktet – om dei tyske ofra ikkje blir gløymde – så får dei ein annan posisjon enn dei som er offer for tyske gjerningsmenn.

Dei fordrivne blir også omtala som offer på ein nøytral måte. Det blir framheva at dei har vorte gløymde, eller at det å vera offer inneber noko spesielt – heller ikkje at det er problematisk å kalla dei offer. Historikaren K. Erik Franzen skriv til dømes om grensebyen Görlitz som ”*Stadt der Opfer*” fordi over halvparten av byens innbyggjarar på eit tidspunkt var fordrivne.⁹⁶ Denne konstaterande måten å omtala dei fordrivne som offer på finn ein att i fleire innlegg.⁹⁷ Denne nøytrale måten å omtala tyske offer på er ikkje i direkte i strid med ein partikularistisk diskurs. Men konsekvensen av denne var nettopp at dei fordrivne fekk lite

⁹¹ Sjå også FR 26.08., s. 3.

⁹² FR 31.07. 2003, s. 5.

⁹³ FR 06.10. 2003, s. 3.

⁹⁴ FR 26.08. 2003, s. 3.

⁹⁵ Bulletin der Bundesregierung nr 53–1 frå 04.09. 2000.

⁹⁶ FR 18.07. 2003, s. 9.

⁹⁷ Sjå til dømes i FR 26.08. 2003, s. 3; FR 06.09. 2003, s. 9 og FR 11.09. 2003, s. 8.

merksemd, eller vart omtala på ein problematiserande måte. Denne måten å tematisera dei fordrivne på inneber både ei synleggjering og ikkje-problematisering som i alle fall ikkje *stadfestar* ein partikularistisk diskurs.

Eit topos som bryt tydelegare med ein partikularistiske diskursen er å finna i Danzigerklæringa frå president Johannes Rau og president Aleksander Kwaśniewski. Her blir det hevda at *"Wir müssen die Opfer der Vertreibung gedenken."*⁹⁸ Ein skriv om at ein må *"das Leid der Vertriebenen anerkennen,"* men minnar samstundes på om at konteksten lidinga føregjekk i, ikkje må gløymast.⁹⁹ Kulturstatsråd Christina Weiss skriv om dei fordrivne i eit innlegg som er eit forsvar for Meckel-alternativet at ingen vil gløyma ofras uforestillbare lidingar.¹⁰⁰ I sin tale på *Tag der Heimat* i 2000 gjekk Schröder grundig inn på den brutale lagnaden og dei mange pinslane dei fordrivne vart utsette for. Konklusjonen i talen hans gjekk ut på et ein no måtte fordømma *"des Unrechts der Vertreibung."*¹⁰¹ Günther Grass gjekk grundigare inn i det same i eit radiointervju frå 2002.

*"In dem Augenblick, in dem man darüber spricht, in dem die Tatsachen auch dokumentiert werden, die dann auch nicht mehr geleugnet werden können, setzt auch ein – ich will nicht sagen Heilungsprozess – aber doch etwas ein, was den jeweiligen Opfern und ihren Bedürfnissen entspricht. Sie sind nicht vergessen, sie werden erwähnt und finden sich und ihr Schicksal, gemeinsam mit dem Schicksal anderer, in einem solchen Zentrum dokumentiert, und das finde ich gut."*¹⁰²

Han hevdar at gjennom dokumentasjon, at sanninga kjem fram, og at det som har hendt ikkje blir gløymt, er ein føresetnad for lækjing – eller ein annan viktig prosess – og det meiner han er godt. Som fordriven har Grass førstehandskunnskapar om kva prosessar ein må gjennom – og det er kanskje difor han knyter oppreisinga direkte til prosessar hjå dei konkrete ofra. Elles er det interessant å leggja merke til at Grass seier at han ikkje vil seia *Heilung (lækjing)* – men at han likevel sa det. Dette ordet har ein sentral plass i BdVs retoriske vokabular. Erika Steinbach yndar å omtala fordrivinga som eit sår som må lækjast.

Dette toposet er heilt sentralt i organisasjonen BdVs retorikk – og det er eit topos som bryt med ein partikularistisk diskurs – for her er det det å vera offer – og ikkje spørsmålet om ein er offer for krigen eller offer for NS-regimet som står i sentrum. For alle som er offer, gjeld same prinsipp og retningsliner – ofras liding skal hugsast. Dette synspunktet, som vart

⁹⁸ Referert i SZ 30.10. 2003, s. 1.

⁹⁹ FR 18.07. 2003, s. 9.

¹⁰⁰ Die Zeit 01.10. 2003.

¹⁰¹ Bulletin der Bundesregierung nr. 53-1 frå 04.09. 2000.

¹⁰² Günther Grass i intervju med Deutschlandradio 16.05. 2002.

framført av ei rekkje av Meckel-alternativets støttespelarar, stemmer betre overeins med ein integrasjonistisk diskurs enn med ein partikularistisk.

Kritikken frå nabolanda

Eit sentralt topos i denne gruppas argumentasjon er at det å minnast fordrivinga innanfor ei tysk, nasjonal ramme er problematisk.¹⁰³ Utanriksminister Joschka Fischer hevda at alt anna enn ei europeisk innretning på museet ville vera uakseptabelt.¹⁰⁴ Dette blir uttrykt på ulike måtar. Günter Grass etterlyser ei europeisk løysing på diskusjonen, K. Erik Franzen ville ha europeiske partnarar.¹⁰⁵ Markus Meckel skriv om ei *"Europäisierung des nationalen Gedächtnisses."*¹⁰⁶ I mange tilfelle vart europeiseringa knytt til dialog med nabolanda og til ei felles bearbeiding av fortida. Markus Meckel vil drøfta deportasjonar, fordrivingar og tvangsforflyttingar i det han kallar ein grenseoverskridande dialog.¹⁰⁷ Kulturstatsråd Christina Weiss skriv også om dialog og felles bearbeiding av fortida: *"Mit unseren Nachbarn gemeinsam die Lücken in der Geschichte des 20. Jahrhunderts zu schließen."*¹⁰⁸

Denne gruppa framfører også eit topos om at eit museum der BdV har innverknad, vil skada Tysklands tilhøve til nabolanda. Markus Meckel uttrykker det slik:

*"Sollte er (BdV, merknaden min) organisatorischer oder inhaltlicher Träger einer Zentralen Gedenkstätte werden, würde das erhebliche außenpolitischen Schaden anrichten."*¹⁰⁹

Han hevdar også at BdVs planar forgiftar forholdet til nabolanda. Dette toposet dukkar opp i sju av artiklane.

Å setja fordrivinga inn i ein nasjonal, tysk samanheng blir forstått som noko svært problematisk fordi ein gjennom dette einsidig understrekar dei tyske ofra. Venstresidas interesse for ofra for NS-regimet har gått hand i hand med den Brandtske forsoningslina overfor nabolanda i aust. Denne lina blir her vidareført i uroa over at eit BdV-styrt ZgV får konsekvensar for tilhøvet til nabolanda og gjennom understrekinga av at Tyskland og nabolanda treng dialog og felles bearbeiding av fortida.

¹⁰³ Sjø til dømes Die Zeit 20.06. 2002, s. 11; FR 31.07. 2003, s. 5 og SZ 30.10. 2003, s.1.

¹⁰⁴ SZ 19.08. 2003, s. 6.

¹⁰⁵ FR 18.07. 2003, s. 9.

¹⁰⁶ SZ 23.01. 2004, s.2.

¹⁰⁷ SZ 23.01. 2004, s. 2.

¹⁰⁸ Die Zeit 01.10. 2003.

¹⁰⁹ SZ 23.01. 2004, s. 2.

Blant forsvararane av Meckel-alternativet finst ein annan måte å omtala dei fordrivne som offer på. Trekk frå ein integrasjonistisk diskurs, om at offer må anerkjennast, blir kombinert med kjernetrekk innanfor den partikularistiske diskursen – understreking av singulariteten til Holocaust, understreking av den historiske samanhengen og reservasjon mot tyskarar som offer. Argumentasjonen er dermed prega av kreativ diskursiv praksis. Historia om fordriving blir inkludert innanfor ein partikularistisk diskurs, som blir mindre partikularistisk på grunn av at dei fordrivne, tyske offer for krigen, no blir haldne fram som ei gruppe som skal minnast spesielt. Det er fleire artikkelstykke som stadfestar ein partikularistisk diskurs enn det er som bryt med han, og som dermed viser fram ein ny måte å omtala problematikken på. Dette kan ha å gjera med den oppheita situasjonen debatten fann stad i. Denne kan ha gjort at fleire såg det som naudsynt å forsikra om det som ligg fast og som skil ein frå motparten – for mange av innlegga eg har sett på var som sagt meir mot-innlegg mot stiftinga ZgV enn støtterklæringar for eit annleis museum.

Denne gruppa skil seg frå stiftinga ZgVs støttespelarar særleg gjennom at dei problematiserer det å visa fram tyske offer, og heller aldri tek til orde for at senteret skal ha som oppgåve å visa fram offer innanfor ein tysk kontekst slik for eksempel Peter Glotz og fleire av hans støttespelarar gjer. Det er det europeiske perspektivet blir halde fram som særleg viktig.

Når denne gruppa omtalar fordrivinga og ofra for fordriving, set dei dette inn i ein samanheng som er annleis enn den samanhengen BdV-miljøet har talt om fordrivinga i. Dei gjer det ein av *Frankfurter Rundschau* journalistar hevda måtte gjerast: Fordrivingsofferet blir lausrive frå flyktningsfunksjonæren.¹¹⁰ Når tilhengjarane av Meckel-alternativet snakkar om fordrivinga, set dei ikkje fordrivinga inn i den same offerdyrkande konteksten som det BdV-miljøet har gjort og framleis gjer. Tilhengjarane av Meckel-alternativet skil seg også frå den nye støttespelarane for ZgV i to viktige punkt. For det første i det at dei brukar motstanden som finst i nabolanda som eit argument for at stiftinga ZgV ikkje burde gjennomføra sitt prosjekt, og for det andre i det at dei i større grad problematiserer det å omtala tyskarar som offer. Historia om dei fordrivne blir dermed fortald på ein ny måte. Tidlegare har BdV og dei konservative vore dei som først og fremst har sett sitt preg på tematikken.

¹¹⁰ FR 26.08. 2003, s. 3.

7.4 Motstandarane av Zentrum gegen Vertreibungen

Den gruppa som gjekk imot både Meckel-alternativet og stiftinga ZgV hamna i ein underleg posisjon i debatten. Tilhengjarane av dei to andre alternativa diskuterte i hovudsak mot kvarandre, som om det å ikkje oppretta eit museum ikkje var eit alternativ. I avisomtalanane av debatten var det også dei to pro-posisjonane som vart omtala som dei stridande partane, ikkje dei som var imot alt. Blant dei som gjekk imot alt, var fleire av kommentarskribentane i venstreorienterte aviser som *Franfurter Rundschau* og *TAZ*. Historikarar og andre som gjekk mot oppretting av eit Zentrum gegen Vertreibungen vart først og fremst refererte i desse avisene. Det er også verd å merka seg at fleire av dei som i utgangspunktet stilte seg positive til eitt av dei to alternativa seinare skreiv under på oppropet som retta seg mot begge. Dette gjeld både den polske journalisten Adam Krzemiński og Warszawa-getto-helten Marek Edelman og historikaren Micha Brumlik.

Oppropet mot eit Zentrum gegen Vertreibungen ber vitne om ei gruppe som ser ting annleis enn tilhengjarane av både Meckel-alternativet og av stiftinga ZgV. Den gruppa som er mot begge alternativa motseier også tabu-toposet. Den første setninga i oppropet hevdar at fordrivinga er vorte grundig hugsa i den tyske ålmenta.

”Kaum eines Themas wurde in der Geschichte der Bundesrepublik so umfassend erinnert und gedacht wie der Flucht und Vertreibung der Deutschen nach dem Zweiten Weltkrieg.”¹¹¹

Dei hevdar at fordrivinga blir minna om gjennom utallige minnesmerke, den har vorte forska på av historikarane og har vorte tematisert innanfor skjønnlitteraturen. Dei åtvarar vidare mot at eit Zentrum gegen Vertreibungen vil skapa eit einskapleg bilete av historia gjennom ei *”staatlich sanktionierten Umdeutung der Vergangenheit”*. Dei åtvarar særleg mot utelating av dei årsakssamanhengane som førde til fordriving.

”Entkontextualisierung der Vergangenheit, die Negation des ursächlichen Zusammenhangs von NS-Volkstums- und Vernichtungspolitik auf der einen und Flucht und Vertreibung der Deutschen auf der anderen Seite.”¹¹²

Tilhengjarane av Meckel-alternativet hevdar at eit museum i regi av stiftinga ZgV vil gjera akkurat dette. Men dei som er mot begge alternativa, kritiserer ei kvar form for musealisering av fordrivinga.

¹¹¹ Frå oppropet Für einen kritischen und aufgeklärten Vergangenheitsdiskurs. Sitert frå nettsida til ein av initiatiorane, Samuel Salzborn <http://www.salzborn.de/zentrum.html> (lesedato 31.10.2006)

¹¹² Frå oppropet Für einen kritischen und aufgeklärten Vergangenheitsdiskurs. Sitert frå nettsida til ein av initiatiorane, Samuel Salzborn <http://www.salzborn.de/zentrum.html> (lesedato 31.10.2006)

Topos om offer

Det fremste toposet om offer blant dei som er imot begge musea, er problematisering av det å omtala tyske offer. Hjø mange blir det knytt til frykt for at merksemda om dei tyske ofra vil føra til at ein gløymer det tyske ansvaret for den andre verdskrigen. Ein journalist i *Frankfurter Rundschau* syner til at det å visa fram tyske offer kan føra til ei utvisking av gjerningsmannsperspektivet.

“(…) dass sich die Nachbarn in die Opferrolle und aus der historischen Verantwortung für die Vertreibungen als Folge des Zweiten Weltkriegs flüchten wollen.”¹¹³

Historikaren Nicolas Berg syner til Max Horkheimers tese om ”*eine deutsche Sehnsucht*”. Berg meiner å identifisera ei lengt etter avlasting for skuld som motivasjon for folk som vil krevja eit Zentrum gegen Vertreibungen, fordi nokre av dei krev at tyskarar no endeleg må forsona seg med seg sjølve.¹¹⁴ Historikaren Peter Steinbach, som også er forskingsdirektør ved *Gedenkstätte deutscher Widerstand*, skriv om frykt for relativering

”Doch haben sie missachtet, dass dieses Thema seit den späten Vierzigerjahren der historischen Relativierung dient.”¹¹⁵

Historikaren Aschatz von Müller problematiserer ”[...] *das neue deutsche Selbstbild als Opfer der Geschichte*.”¹¹⁶ Den polske statsvitaren Piotr Buras fryktar ei nyfortolking av fortida med mottoet ”*auch wir waren Opfer*.”¹¹⁷ Christian Selmer i TAZ viser til dei fordrivnes dyrking av offerperspektivet i historieskrivinga om fordrivinga som problematisk fordi ”*Viele Vertriebene zwanghaft an ihrer Opferrolle festhielten*”¹¹⁸ Offerrolla til dei fordrivne og det å framheva tyske offer blir også problematisert i ei rad andre artiklar.¹¹⁹

Toposet om at fordrivinga må visast fram i sin samanheng blir også framført av denne gruppa. Tsjekkias president Vladimir Spidla kallar fordrivinga ”[...] *nur eine Teilfrage der Geschichte des Zweiten Weltkrieges*”.¹²⁰ Historikaren Götz Aly problematiserer i ein kronikk i *Süddeutsche Zeitung* det å visa fram offer utan å visa fram den samanhengen det hende i.

¹¹³ FR 17.09. 2003, s. 3.

¹¹⁴ Die Zeit 06.11. 2003, s. 38.

¹¹⁵ TAZ 10.10. 2003, s. 12.

¹¹⁶ Die Zeit 23.10. 2003, s. 45.

¹¹⁷ SZ 01.09., s. 2.

¹¹⁸ TAZ 22.02. 2002, s.12. Selmer gjentek same poeng i TAZ 17.07. 2003, s. 48.

¹¹⁹ Sjø til dømes Vladimir Spidla i Die Zeit/ Deutschlandradio 37 2003, Lesarbrev i FR 14.08. 2003, s. 12; SZ 24. 07. 2003, s. 11; TAZ 18.09. 2003, s. 11 og TAZ 19.09. 2003, s. 12.

¹²⁰ Die Zeit/Deutschlandradio 37 2003.

Han viser ikkje til faren ved omskriving av historia, men til at manglande kontekstualisering ikkje bidreg til analytisk forståing eller opplysning.¹²¹ Den polske filosofen Leszek Kolakowski hevdar også at konteksten må fram. Han syner ikkje til kausalsamanhengar, men til at det som hende må sjåast i perspektiv. I sin tekst trekkjer han inn Holocaust og NS-regimets overgrep i Polen som eit bakteppe for vurdering av korleis fordrivinga skal minnast. Kolakowskis konklusjon blir at minnesmerke over liding må visa fram dei største brotsverka.

*”Und wenn in Deutschland Leidensdenkmäler entstehen sollen, dann mögen sie doch von den schlimmsten Verbrechen Zeugnis ablegen.”*¹²²

Ut frå Kolakowskis bakteppe når ikkje fordrivinga opp til å få eit lidingsminnesmerke.

Det blir også uttrykt nokre topos som går i retning av ein integrasjonistisk offerdiskurs. Ein seier at alle har rett til å erindra og til å minnast offera sine.¹²³ Dette toposet er lite framtrudande samanlikna med den sterke problematiseringa av det å visa fram tyske offer i det heile. Og det blir uttala innanfor rammene av ein partikularistisk diskurs – dei som set fram desse påstandane, ønskjer seg likevel ikkje eit Zentrum gegen Vertreibungen.

I dei framtrudande toposa blir det å visa fram tyske offer problematisert, det at fordrivinga må visast fram både ut frå kva som var årsakssamanhengane for prosessen med fordrivinga, og ut frå at ein må sjå brotsverka og overgrepa i samanheng med andre hendingar for å sjå kva plass dei skal ha i minnet. Dette er topos som er element innanfor ein partikularistisk diskurs. Det er Holocaust som er nodalpunktet, det sentrale punktet som plasserer og gjev meining til dei tyske ofra. Andre hendingar blir vurderte i ljøs av Holocaust. Topos som kjem på kant med denne oppfatninga, blir berre i liten grad uttrykt.

Kritikken frå nabaoland

Den gruppa som er imot begge initiativa for Zentrum gegen Vertreibungen kjem i liten grad inn på kva dei utanrikspolitiske konsekvensane av å oppretta museet vil vera. Men i fellesoppøpet mot initiativa blir spørsmålet om tilhøvet til nabolanda kommentert. Her vart det hevda at opprettinga av eit Zentrum gegen Vertreibungen er til hinder for integrasjon og for ein europeisk dialog. Dette toposet som uttrykker uro for tilhøvet til nabolanda, delar dei

¹²¹ SZ 24.07. 2003, s. 11.

¹²² Die Zeit 18.09. 2003.

¹²³ SZ 01.09., s. 2.

med tilhengjarane av Meckel-alternativet, men desse hevdar altså at også Meckel-planane er til skade for ein europeisk dialog.

Spørsmålet om Zentrum gegen Vertreibungen som nasjonalt eller internasjonalt prosjekt blir lite tematisert innanfor denne gruppa, i den grad det blir tematisert, blir begge konseptane avviste som for tysk-nasjonale. Eva og Hans Henning Hahn avviser både Markus Meckels-alternativ og stiftinga ZgV som tysk-nasjonale: *"in beiden steht eindeutig die Vertreibung der Deutschen aus Osteuropa im Mittelpunkt."*¹²⁴ Ein kommentator i TAZ avskriv dette prosjektet som eit nasjonalt offerprosjekt.¹²⁵ Som omtala i førre avsnitt er denne gruppa djupt skeptisk til det å trekkja fram minne om tyskarar som offer.

Eit gjennomgåande topos hjå støttespelarane for stiftinga ZgV er at dette spørsmålet treng å bli drøfta i den tyske ålmenta, fordi ein treng å drøfta korleis ein i Tyskland skal forhalda seg til sine eigne offer, dei fordrivne. Historikarane Eva og Hans Henning Hahn hevdar også at tematikken høyrer heime i den tyske ålmenta, men for dei er ikkje spørsmålet korleis ein skal inkludera tyske offer i det kollektive minnet. Dei hevdar at problemet ligg i at Tyskland har ført ein uoppriktig politikk overfor dei fordrivne. Dei minnar om at Tyskland er åleine med sitt syn på fordrivinga og det juridiske kring denne, og hevdar at ein må debattera dette i Tyskland.¹²⁶ Hahn og Hahn trekkjer fram tyske brotsverk som noko ein heller burde bruka meir tid på. Dei kritiserer at BdV og deira perspektiv har fått for mykje gjennomslag, og framhevar gjerningsmannsperspektivet. Kravet deira blir dermed det motsette av dei konservatives ønske om å forsona seg med seg sjølv – dei krev eit meir gjennomgripande oppgjær med seg sjølv.

I denne gruppa blir dei fordrivne som tyske offer omtala som noko problematisk som må visast fram i sin samanheng. Dette er element innanfor ein partikularistisk diskurs. Tematikken blir omtala som spesifikt tysk fordi tyskarane treng å ta eit oppgjær med det synet på fordrivingstematikken som har rådd grunnen i Forbundsrepublikken. I denne gruppa finn ein i liten grad at tematikken om dei tyske fordrivne og spørsmålet om tilhøvet til nabolanda blir artikulert på nye måtar. Tematikken blir dermed omtala på ein konvensjonell måte.

7.5 Oppsummering

I dette kapitlet har eg analysert måten fire ulike grupper omtalar dei fordrivne på, og korleis dei omtalar konsekvensane i høve nabolanda ved oppretting av eit museum. Det er dei

¹²⁴ FR 25.07. 2003, s. 9.

¹²⁵ TAZ 17.07. 2003, s. 48.

¹²⁶ FR 25.07. 2003, s. 9.

konservative og dei som er mot begge Zentrum gegen Vertreibungen som dannar ytterpunkta i debatten. Framtredande topos hjå dei konservative er at dei fordrivne – dei tyske ofra må meir fram i ljuset, at eit offer er eit offer uansett kva samanheng han vart offer i, og at tematikken angår tyskarar spesielt fordi Tyskland treng å forsona seg med seg sjølv og med sine egne offer. Desse topos høyrer til innanfor ein integrasjonistisk diskurs om offer.

Dei som er mot begge Zentrum gegen Vertreibungen problematiserer det å omtala tyske offer. Framtredande topos i denne gruppa er at fordrivinga må visast fram i den samanhengen dei meiner ho høyrer heime i. Også dei som er imot begge musea insisterer på at denne diskusjonen angår tyskarar spesielt. Men der dei konservative etterlyser ei tysk forsoning med seg sjølv og dei fordrivne, krev denne gruppa at tyskarar heller tek eit oppgjør med seg sjølv. Dermed plasserer den gruppa som er imot begge initiativa, seg tydeleg innanfor ein partikularistisk diskurs. I begge desse gruppene blir det berre i liten grad uttrykt topos som ikkje er med på å stadfesta anten ein integrasjonistisk eller ein partikularistisk diskurs.

Blant dei nye støttespelarane for ZgV og blant tilhengjarane av Meckel-initiativet blir trekk frå ein partikularistisk diskurs blanda med trekk frå ein integrasjonistisk diskurs på nye måtar. Hjå støttespelarane for stiftinga ZgV er det fleire topos som stemmer over eins med ein integrasjonistisk diskurs enn hjå støttespelarane for Meckel-initiativet, der topos frå ein partikularistisk diskurs dominerer. Hjå tilhengjarane av Meckel-initiativet har eit topos som at alle offer må minnast, fått gjennomslag. Det er i desse to gruppene ein finn kreativ diskursiv praksis. Det er her fordrivinga og tyske offer blir omtala på ein ny måte og sett inn i nye samanhengar.

Tilhengjarane av Meckel-alternativet og ZgVs nye støttespelarar skil seg tydeleg frå kvarandre i synet på det som angår Tyskland. Hjå tilhengjarane av stiftinga ZgV er tilhøvet til Polen lite tematisert. Samstundes blir det tyske aspektet ved senteret mykje vektlagt – altså det at tyskarar må sørgja over, eller minnast egne offer. Dette toposet går i retning av eit ønske om ei tysk forsoning med seg sjølv. Hjå støttespelarane for Meckel-alternativet blir slagorda om europeisering og dialog med nabolanda sett fram. Det blir verken uttrykt noko ønske om forsoning eller oppgjør med seg sjølv.

8 Oppsummering og avslutning

I denne oppgåva har eg analysert diskursbruk i diskusjonen om Zentrum gegen Vertreibungen frå 2002– 2004 og organisasjonen BdVs politiske praksis i same periode ut frå spørsmålet om i kva grad organisasjonen har brote med tradisjonen sin.

I debatten om Zentrum gegen Vertreibungen (ZgV) har eg sett på korleis debattantane om omtalar tyske offer, og på korleis dei omtaler protestane mot oppretting av eit ZgV frå Polen og Tsjekkia. Problemstillinga var å finna ut om den om den måten dei tyske ofra blir omtala på i debatten, er eit uttrykk for at ein integrasjonistisk diskurs om fortida, ein diskurs som er knytt til ein overordna offerkategori som har utgangspunkt først og fremst i den eksistensielle grunnerfaringa som ligg i det å vera offer,¹ har fått ein renessanse, i tråd med forståinga til Konstantin Goschler², eller om fordrivinga no blir kontekstualisert på ein ny og annleis måte, og at ein heller kan snakka om ein ny fase, slik historikaren Norbert Frei gjer. Dermed er spørsmålet om det i debatten debatten om *Zentrum gegen Vertreibungen* er mogleg å identifisera ein ny diskurs om tyske offer – ein posisjon bortanfor den *integrasjonistiske* og den *partikularistiske* diskursen om offer?

Den andre delen av problemstillinga er knytt til organisasjonen BdV, og kva grad av kontinuitet og kva grad av brot med fortida som er mogleg å identifisera i måten organisasjonen framstår på i det tidsrommet debatten føregjekk i. Her har eg både sett på organisasjonens retorikk, måten organisasjonen omtaler fordrivinga på, på organisasjonens politiske krav og på samspelet mellom desse faktorane.

Debatten om Zentrum gegen Vertreibungen var ein debatt om kva plass dei fordrivne skal ha i den tyske erindringskulturen, der semja gjekk frå ytste høgre via sosialdemokratane til *Die Grünen/Bündnis 90s* om at det burde opprettast eit museum. Denne posisjonsforskyvinga, der også venstresida slutta opp om tanken om å oppvurdera dei fordrivne i fortidspolitikken – og dermed også innanfor erindringskulturen var nok grunnen til at debatten av fleire vart oppfatta som at ein integrasjonistisk diskurs var på frammarsj.

I kapittel 6 og 7 har eg identifisert fem posisjonar: BdV-miljøet, dei konservative støttespelarane for stiftinga ZgVs initiativ, dei nye støttespelarane for stiftinga ZgV,

¹ Innanfor denne diskursen er kontekstuelle forskjellar mellom ulike typar offer irelevante. I sin ytterste konsekvens fører dette til at ein kan setja offer for fordrivinga opp mot Holocaustoffer

² Goschler 2005.

Støttespelarane for Meckel-alternativet, og dei som var motstandarar av begge museumskonseptane. I organisasjonen Bund der Vertriebenen var retorikken tett knytt til offerstatusen til dei fordrivne, til eit tysk behov for å minnst eigne offer og til ein ålmenn appell om menneskerettar. Retorikken til organisasjonen kunne plasserast innanfor ein integrasjonistisk diskurs. Blant dei konservative, kjernetroppane blant BdV-miljøets støttespelarar, var toposa i argumentasjonen knytt til at fordrivinga hadde vore tabuisert, at offer er offer uansett og at konteksten ein vart offer i ikkje er så viktig, og at ein i Tyskland må minnst dei tyske ofra. Også deira retoriikk plasserer seg innanfor ein integrasjonistisk diskurs. Den gruppa som var motstandarar av begge museumsprosjekta brukte topos som påpeika det problematiske ved å minnst tyske offer, nokre av dei kravde også at ein i Tyskland i større grad enn ein til no hadde gjort, måtte ta eit oppgjær med NS-fortida. Toposa denne gruppa brukte i diskusjonen stadfestar i all hovudsak ein partikularistisk diskurs om offer.

Blant dei nye støttespelarane for stiftinga ZgV og blant tilhengjarane av Meckel-alternativet er det derimot mogleg å spora ein kreativ diskursiv praksis. Debattantane i desse to gruppene brukte element frå ulike diskursar og framførte dei på nye måtar. Blant støttespelarane for stiftinga ZgV understreka debattantane at fordrivinga skulle tematiserast innanfor ein historisk samanheng, men heldt fram ei forståing av at dei fordrivne var offer som måtte anerkjennast og hugsast. Det å minnst tyske offer vart av tilhengjarane av Meckel-alternativet omtala som noko problematisk. Debattantane var nøye med å understreka særstillinga Holocaust har som brotsverk mot menneska, ei særstilling som brotsverk dette er alle trekk i argumentasjonen som stadfestar ein partikularistisk diskurs om offer. Samstundes omtalte denne gruppa dei fordrivne som offer utan å problematisera det, og dei argumenterte for at dei fordrivne var offer som måtte hugsast og at lidinga til deira måtte anerkjennast. Dette er trekk som stemmer meir overeins med ein integrasjonistisk diskurs om offer. Denne insisteringa på det problematiske med å hugsast dei fordrivne som offer, samstundes som ein insisterer på at dei må hugsast, er det som får meg til å hevda at dette er uttrykk for kreativ diskursiv praksis. Her blir trekk frå to ulike og tilsynelatande motstridande diskursar framført saman.

Ein sentral forskjell i retorikken til støttespelarane for stiftinga ZgV og tilhengjarane av Meckel-alternativet finn ein i korleis dei ser på innvendingane frå debattantar frå nabolanda Polen og Tsjekkia. Dei nye støttespelarane for stiftinga ZgV insisterte på at debatten var ein debatt som primært angjekk Tyskland og måten ein i Tyskland forholdt seg til si eiga fortid på.

Dei anerkjente at det kom innvendingar frå nabolanda, men hevda på ulike vis at dette kom av ei misforståing. Desse understreka også i større grad enn tilhengjarane av Meckel-alternativet at Tyskland måtte anerkjenna og gje oppreising til tyske offer. Desse standpunkta vart også framførte av dei andre tilhengjarane av stiftinga ZgV, både dei konservative og av organisasjonen BdV.

Tilhengjarane av Meckel-alternativet forholdt seg annleis til denne problematikken. Dei understreka i større grad ønskte ein europeisk debatt og dei oppfatta innvendingane frå nabolanda, og særleg Polen som eit problem. Dei åtvare også mot dei konsekvensane oppretting av eit museum som var i tråd med stiftinga ZgVs planar ville ha for tilhøvet til nabolanda. Også dei som var motstandarar av begge museumsprosjekta la stor vekt på nettopp dette momentet. Dermed kan ein seia at støttespelarane for stiftinga ZgV i større grad enn tilhengjarane av Meckel-alternativet behandla spørsmålet om oppretting av eit Zentrum gegen Vertreibung som noko som primært angikk Tyskland.

Dei fordrivne har fått ein meir sentral plass i den tyske ålmenta, og det er brei politisk einigheit om at dei skal hugsast. Det toposet som framfor alt har vunne gjennomslag når ein ser på debatten om oppretting av eit Zentrum gegen Vertreibung, er toposet om at alle offer må anerkjennast og hugsast. Dette toposet blir framført både frå BdV. Organisasjonen hevdar ein at ein må hugsa fordrivinga fordi *"Menschenrechte sind unteilbar."* Liknande topos blir framført både av støttespelarane for stiftinga ZgV. Helga Hirsch, hevda at målet for stiftinga er *"(...) die öffentliche Anerkennung tabuisierten Leids"* og at fordrivinga skal integrerast i det kollektive minnet til tyskarane. Tysk-jødiske Ralph Giordano hevdar at *"Humanitas ist unteilbar"* i sitt forsvar av stiftinga ZgV. Slike topos vart også framført av forsvararane av Meckel-alternativet. Christina Weiss hevda til dømes at *"Niemand will und kann ernsthaft das unvorstellbare Leid der Opfer negieren"*. Dette var det einaste toposet som kan plasserast innanfor ein integrasjonistisk diskurs som fekk gjennomslag blant tilhengjarane av Meckel-alternativet.

Ettersom det er nettopp dette toposet om at offer må anerkjennast som har fått det breiaste gjennomslaget, meiner eg det er grunn til å ikkje skildra debatten som eit uttrykk for pendelsvingingar mellom to diskursar, og at ein integrasjonistisk diskurs vinn terreng. Den første grunnen til at eg ikkje vil gjera det er at et kan vera andre årsakar til at dette enn enn at ein tysk integrasjonistisk diskurs om offer har vunne fram. Dette kan ha samband med

ei globaliseringa av minnet om Holocaust slik det er skildra av Levy og Sznajder.³ Dei to omtalar ei tysk omdefinering av Holocaust, der Holocaust ikkje lenger berre omfattar den spesifikt tyske røynsla, det tyske sivilisasjonsbrotet og Holocaust som eit singulært brotsverk. Holocaust er også vorte ein universell metafor for det vonde. Levy og Sznajder hevdar at ein konsekvens av globaliseringa av Holocaust er at forteljingar om nettopp offer er meir framtrudande. I boka *Politics and the Past: On Repairing Historical Injustices*⁴ hevdar sosiologen John Thorpey at tanken om at offergrupper skal få oppreising og offentleg orsaking, har fått eit gjennomslag internasjonalt i løpet av dei siste ti åra. Han skildrar ein internasjonal politisk kultur der det å finna seg til rette med fortida og det at offergrupper organiserer seg i aukande grad er vorte institusjonalisert.⁵ Dermed har eit topos om at offer og offergrupper må anerkjennast i aukande grad fått gjennomslag som ein moralsk konsekvens av det å vera offer. I den spesifikt tyske konteksten har den meir framtrudande posisjonen til dei tyske fordrivne som offer kome parallelt med auka merksemd om ei heilt anna gruppe av tyske offer, nemleg Stalinisme-ofra frå DDR. Dette er offer som det har vore langt lettare å integrera som offer i erindringskulturen enn dei fordrivne. Dermed kan gjennomslaget til toposet om at ofra må hugsast sjåast i samanheng med global påverknad av erindringskulturen.

Den andre grunnen til at eg heller ønskjer å omtala debatten som uttrykk som noko nytt, heller enn som ein tilbakekomst av ein diskurs, er at til tross for at fordrivnemiljøet blir høyrte når dei hevdar at fordrivinga var eit brutalt overgrep mot universelle rettar, og har vunne stor tilslutning til dette, har ikkje BdVs meisterforteljingar om fordrivinga vunne fram. Både blant dei nye støttespelarane for stiftinga ZgV og blant tilhengjarane av Meckel-alternativet er det mogleg å identifisera ein måte å omtala fordrivinga på som er meir polyfon enn meisterforteljingane til BdV. I begge desse gruppene tok ein då også eksplisitt avstand frå måten BdV har fortald desse historiene på gjennom å understreka at fordrivinga må skildrast i sin historiske samanheng. Også innanfor tysk historieforsking, der forsking på fordrivinga har hatt eit oppsving dei siste åra, vektlegg andre perspektiv enn det som har rådd grunnen innanfor meisterforteljingane frå miljøet kring organisasjonen BdV. Difor meiner eg at debatten om Zentrum gegen Vertreibungen heller kan forståast som eit uttrykk for ein ny fase

³ Levy og Sznajder 2001.

⁴ Torpey 2003.

⁵ Levy og Sznajder 2001, s. 235–242.

i bearbeidinga av fortida, slik Norbert Frei legg til grunn i boka *1945 und wir*⁶, der han hevdar omtaler ein fase han kallar *Vergangenheitsbewahrung*.

Med debatten om Zentrum gegen Vertreibungen som eksempel, er det viktig å understreka at denne debatten var ein elitedebatt. Deltakarane i diskusjonen var for ein stor del politikarar på riksplan, forskarar og journalistar i dei overregionale elitemediene. I dette tilfellet er det treffande å kalla denne måten å omtala fordrivinga på som ei moglegheit. For NS-fortida er eit diskursivt felt med strid der fleire motstridande diskursar står mot kvarandre. BdV held fram med å tematisera fordrivinga som ei avkontekstualisert forteljing om tyske offer og lite anna, og det finst ei gruppe som meiner ytterlegare tematisering av fordrivinga innanfor erindringskulturen ikkje er nødvendig. Dermed seier dette ikkje noko om kva konsekvensar dette får for korleis ein i den større ålmenta vil oppfatta tysk skuld, ansvar og tyske offer for andre verdskrigen.

Det andre del spørsmålet i oppgåva handla om kva grad BdV framstår som ein organisasjon som er vesensforskjellig frå tidlegare i den perioden debatten føregjekk. På fleire måtar sto organisasjonen fram som fornya. Som leiar har Erika Steinbach vore ein brubyggjar som har vunne støtte i nye politiske miljø. BdV har vore gjennom eit generasjonsskifte. Dei mange prominente medlemene med ei NS-fortid er ute av organisasjonen. Det er ein annan generasjon som sit med makta.

Samstundes har profilen på organisasjonens tidlegare sær omstridde utanrikspolitiske krav vorte utydelege. Organisasjonens retorikk for å setja saga om dei fordrivne tyskarane på agendaen har dei siste åra framfor alt vore styrt av slagordet om at "*Menschenrechte sind unteilbar*". Retorikken har under Erika Steinbach i sterkare grad vorte knytt til menneskerettar og ikkje berre til det tyske oppgjeret med fortida. Organisasjonen har ikkje eksplisitt forlate krava om erstatningar for tapt eigedom eller kravet om retur, men krava blir heller ikkje sett fram i klårtekst. Organisasjonens handtering av krava frå *Preußische Treuhand*, der organisasjonen distanserer seg frå dei krava som blir sette fram, men samstundes går i bresjen for å forsvare det juridiske rommet som gjer at krava kan setjast fram, gjer at ein må kalla organisasjonens politikk diffus. Det skaper også rom for mistankar om at organisasjonen har ein dobbel agenda og framleis eigentleg stor eigedomskrav. Også i samband med Tsjekkias inntreden i EU, spelte organisasjonen ei rolle der dei kunne mistenkast, og vart mistenkte, for å ha ein skjult agenda der dei ville skapa eit juridisk rom for

⁶ Frei 2005.

at fordrivne på eit seinare tidspunkt skulle kunne setta fram krav om erstatning for tapt eigedom. Sjølv om innhaldet i organisasjonens utanrikspolitiske krav er endra, og diffust, er måten BdV fungerer på overfor nabolanda, ikkje ulik den verknaden BdV hadde overfor desse nabolanda i tidlegare tiår – som ei negativ kraft, for å bruka den finske statsvitaren Pertti Ahonens formulering.⁷

BdVs meisterforteljingar om fordrivinga av tyskarane blir førte vidare i måten BdVs blad Deutscher Ostdienst og dei andre publikasjonane til organisasjonen omtalar fordrivinga på. Organisasjonen iscenesett seg sjølv framleis som ein organisasjon av offer overfor nabolanda. Det er få teikn til at fordrivnemiljøet set fordrivinga av tyskarane frå aust inn i ein annan historisk samanheng enn tidlegare, til trass for at organisasjonen no har blitt meir oppteken av andre tilfelle av fordriving. BdV er ein organisasjon som på mange måtar er fornya. Men trekka av kontinuitet både når det gjeld kva verknad organisasjonen har i høve til nabolanda, og i måten organisasjonen omtalar fordrivinga på, gjer at ein ikkje kan forstå BdV som ein organisasjon som har brote med fortida si.

⁷ Ahonen 2003.

Kjelder

Aviser og tidsskrift i perioden 2002-2005

Süddeutsche Zeitung	januar 2002- oktober 2005
Die Tageszeitung	januar 2002- oktober 2005
Die Zeit	januar 2002- oktober 2005
Die neue Gesellschaft – Frankfurter Hefte	årgang 2002, 2003 og 2004
Deutscher Ostdienst (DOD)	årgang 2002, 2003 og 2004
Frankfurter Rundschau	årgang 2003
Frankfurter Allgemeine Zeitung	årgang 2003
Der Spiegel	januar 2002-oktober 2005
Bayernkurier	januar 2002- januar 2005
Die Welt	mai 2003- november 2003

Enkelstående artiklar

AP-melding: „CDU- Mann geht Juden an“, Frankfurter Rundschau, 31.10.2003.

Birnbaum R. og Gehlen M.: „Getriebene Führung?“, Der Tagesspiegel, 13.11. 2003.

Birnbaum, Robert: „Strafversetzt“, Der Tagesspiegel, 04.11.2003.

Braun, Stefan: „Ein Reizfigur und ihre zwei Gesichter; Erika Steinbach, die Präsidentin des Bundes der Vertreibenen, steht in der Kritik“, Stuttgarter Zeitung, 05.08.2004.

Glötz, Peter 2004: „Der Kampf gegen das Verbrechen der Vertreibung“, Die Politische Meinung, 03.08.2004.

Heuwagen, Marianne: „Naumann wirft Steinbach ‚unguten Stil‘ vor“, Süddeutsche Zeitung, 21. september 2000.

(Usignert): „’Kleiner Donaugipfel‘ gegen die Benes-Dekrete“, Frankfurter Allgemeine Zeitung, 12.03.2002.

Koenen, Gerd: „Die Elixiere des Teufels“, Der Tagesspiegel 06.11.2003.

Meng, Richard: „Hohmann bleibt hartnäckig“, Frankfurter Rundschau, 03.22.2003.

Müller: „Glötz: Ausrichtung des Zentrums gegen Vertreibungen ist europäisch“, intervju, Deutschlandradio, 16.07.2003.

(Usignert): „Oder-Neiße-Grenze endgültig anerkannt; Bundestag ratifiziert mit großer Mehrheit das deutsch-polnische Vertragswerk“, Süddeutsche Zeitung, 18.10.1991.

Rybak, Andrezej og Stoldt, Hans-Ulrich: „Gift und Eiter“, Der Spiegel, 11.01.1999.
Schäfer Noske: „Günter Grass gegen Berlin als Standort für Zentrum gegen Vertreibungen“,
Deutschlandradio, 16.05.2002
(Usignert): „Stoiber: EU muß von Prag Aufhebung der Benes-Dekrtete verlangen“,
Frankfurter Allgemeine Zeitung, 11.10. 2002.
Vornbäumen, Axel: „Unten und Obendrauf“, Der Tagesspiegel , 16.09.05.
Vornbäumen, Axl: „Herr Hohmann von der CDU“, Frankfurter Rundschau 01.11.2003.
Weiland, Severin: „Die CSU macht de Tschechen weiter Angst“, Die Tageszeitung, 30.
januar 1997.

Zentrum gegen Vertreibungen

Zentrum gegen Vertreibungen: Pressemeldingar 2002-2005
Zentrum gegen Vertreibungen: „Unsere Stiftung- Aufgaben und Ziele“,
www.z-g-v.de/aktuelles/?id=35 (Lesedato 12.05.2006)

Bund der Vertriebenen

BdV: Pressemeldingar 2002-2005
BdV 2000: Tag der Heimat 2000, 50 Jahre Charta – 50 Jahre für ein Europa der
Menschenrechte
BdV 2002: Tag der Heimat 2002, Reden und Grußworte
BdV 2004: Tag der Heimat 2004, Dialog führen – Europa Gestalten

Den tyske Forbundsagen

Deutscher Bundestag: Drucksache 16/2489
Deutscher Bundestag: Drucksache e 14/8594
Deutscher Bundestag: Drucksache 14/9068
Deutscher Bundestag: Drucksache 14/9033
Deutscher Bundestag: Drucksache 14/9661

Den tyske regjeringa

Auswärtiges Amt: ”Politische Beziehungen zwischen Deutschland und Polen”, 27.09.2007.
Bulletin der Bundesregierung Nr. 73-1 vom 1. August 2004.

Andre kjelder

(Div) 2003: Opprop "Für einen kritischen und aufgeklärten Vergangenheitsdiskurs"

www.salzborn.de/zentrum.html (lesedato 31.10.2006)

CSU 2003: "Zentrum gegen Vertreibungen gehört nach Berlin", pressemelding 01.09.2003

Meckel Markus (m. Fleire) 2003: "Gemeinsame Erinnerung als Schritt in die Zukunft. Für ein europäisches Zentrum gegen Vertreibungen, Zwangsumsiedlungen und Deportationen – Geschichte in Europa gemeinsam aufarbeiten." Sitert frå nettsidatil Markus Meckel:

http://www.markusmeckel.de/index.php?option=com_docman&task=cat_view&gid=32&Itemid=56 (lesedato 21. september 2006.)

Litteraturliste

Bøker, avhandlingar og oppgåver

- Aly, Götz 1995. *Endlösung: Völkerverschiebung und der Mord an den europäischen Juden*. Frankfurt a.M.: S. Fischer Verlag.
- Aly, Götz og Heim, Susanne 1997. *Vordenker der Vernichtung: Auschwitz und die deutschen Pläne für eine neue europäische Ordnung*. Frankfurt a.M.: S. Fischer Verlag.
- Ahonen, Pertti 2003. *After the Expulsion. West Germany and Eastern Europe 1945-1990*, New York: Oxford University Press.
- Benz, Wolfgang 2000. *Die Geschichte des Dritten Reiches*, Bonn: BpB.
- Brett, Eivind 2003. *Lebensrecht im Western - Heimatrecht im Osten" Block der Heimatvertriebenen und Entrechteten (BHE) i Schelswig-Holstein perioden 1950-54*. Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Dolczik, Manfred, Schüttler, Adolf og Sternagel, Hans 1982. *Der Fischer Informationsatlas Bundesrepublik Deutschland : Karten, Grafiken, Texte und Tabellen*, Frankfurt a.M.: Fischer Taschenbuch Verlag.
- Franzen, K. Erik 2002. *Die Vertriebenen - Hitlers letzte Opfer*, München: Ullstein.
- Frei, Norbert 2005. *1954 und wir. Das dritte Reich im Bewusstsein der Deutschen*, München: C.H. Beck.
- Frei, Norbert 2003. *Vergangenheitspolitik. Die Anfänge der Bundesrepublik und die NS-Vergangenheit*, München: DTV.
- Fure, Jorunn Sem 2001. *Gutes Zuhause, aber keine Heimat. War and post-war experience, narrative strategies and memory of the German expellees from the eastern German provinces after 1945*. Avhandling for doktorgrad i histoire, Universitetet i Bergen.
- Grass, Günter 2002. *Im Krebsgang*, Göttingen: Steidl.
- Goschler, Constantin 1992. *Wiedergutmachung: Westdeutschland und die Verfolgten des Nationalsozialismus 1950-1954*, München: Oldenbourg.
- Jørgensen, Marianne Winther, Louise Philips 1999. *Diskursanalyse som teori og metode*, Fredriksberg: Roskilde universitetsforlag.
- Klee, Ernst 2003. *Das Personenlexikon zum Dritten Reich: Wer war was vor und nach 1945*. Frankfurt a.M.: S. Fischer verlag.
- Mazower, Mark 1999. *Dark Continent. Europe's twentieth Century*, London, New York: Penguin.
- Naimark, Norman M. 2001. *Fires of Hatred - Ethnic Cleansing in Twentieth-Century Europe*, Cambridge, Massachusetts: Harvard University Press.
- Rock, David og Wolff, Stefan 2002: *Coming home to Germany? The Integration of Ethnic Germans from Central and Eastern Europe in the Federal Republic*, New York, Oxford: Berghahn Books.
- Salzborn, Samuel 2001. *Heimatrecht und Volkstumskampf. Außenpolitische Konzepte der Vertriebenenverbände und ihre praktische Umsetzung*, Hannover: Offizin Verlag.

- Salzborn, Samuel 2000. *Grenzenlose Heimat. Geschichte, Gegenwart und Zukunft der Vertriebenenverbände*, Berlin: Elefanten Press Verlag.
- Schieder, Theodor (red) 2004. *Dokumentation der Vertreibung der Deutschen aus Ost-Mitteleuropa*. Band I og V, München: DTV.
- Stöss, Richard (red) 1986. *Parteienhaundbuch. Die Parteien der Bundesrepublik Deutschland 1945-1980*. Band 3, Opladen: Westdeutscher Verlag.
- Svennevig, Jan 2001. *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*, Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Urban, Thomas 2004. *Deutsche in Polen - Geschichte und Gegenwart einer Minderheit*, München: C.H. Beck Verlag.

Artiklar

- Ahonen, Pertti 2005. „German Expellee Organizations Between Revisionism and Reconciliation“, *Archiv für Sozialgeschichte* 2005 (45): 353-372.
- Auerbach, Hellmuth 1985. „Literatur zum Thema. Ein kritischer Überblick“, Wolfgang Benz, (red): *Die Vertreibung der Deutschen aus dem Osten - Ursachen, Ereignisse, Folgen*: 219-231. Frankfurt a.M: S. Fischer Verlag.
- Augstein, Franziska 2005. Deutschland, i: Frei, Norbert og Knigge, Volkhardt (red), *Verbrechen Erinnern. Die Auseinandersetzung mit Holocaust und Völkermord*: 241-152 Bonn: BpB.
- Bachmann, Klaus 2000. „Von der Euphorie zum Misstauen. Deutsch-Polnische Beziehungen nach der Wende“, *Osteuropa* 2000 (8): 853-871.
- Beer, Mathias 2003. „Ein der wissenschaftlichen Forschung sich aufdrängender historischer Zusammenhang’. Von den deutschen Schwierigkeiten ‚Flucht und Vertreibung’ zu kontextualisieren“, *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft* 2003 (51): 59-64.
- Beer, Mathias 1999. „Der ‚Neuanfang’ der Zeitgeschichte nach 1945. Zum Verhältnis von nationalsozialistischer Umsiedlungs- und Vernichtungspolitik und der Vertreibung der Deutschen aus Ost-Mitteleuropa, i: Oxele, Otto Gerhard og Schulze, Winfried (red), *Deutsche Historiker im Nationalsozialismus*: 274-301. Frankfurt a.M: Fischer Taschenbuch Verlag.
- Beer, Mathias 1998: „Im Spannungsfeld von Politik und Zeitgeschichte. Das Grossforschungsprojekt ‚Dokumentation der Vertreibung der Deutschen aus Ost-Mitteleuropa’“, *Vierteljahreshefte für Zeitgeschichte* 46: 345-389.
- Bingen, Dieter 2005: „Die deutsch-polnischen Beziehungen nach 1945“, *Aus Politik und Zeitgeschichte* 5/6: 9-17.
- Brandes, Detlef 2005: „Die Vertreibung als negativer Lernprozess. Vorbilder und Ursachen der Vertreibung der Deutschen“, *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft* 53: 885-896.
- Brockmann, Stephen 1990: „The Politics of German History“, *History and Theory*, 2: 179-189.
- Brumlik, Micha 2001: „Deutschland – eine traumatische Kultur“, Klaus Naumann, *Nachkrieg in Deutschland*: 409- 418 Hamburg: Hamburger Edition.
- Eckert, Rainer 2004: „Fucht und Vertreibung: Eine genauso notwendige wie überfällige Diskussion“, *Deutschland Archiv* 37 (1): 15.

- Eley, Geoff 1988: „Nazism, Politics and the image of the Past: Thoughts on the West German Historikerstreit 1986-1987“, *Past and Present*, 121 (1): 171-208.
- Faulenbach, Bernd 2002: „Die Vertreibung der Deutschen aus den Gebieten jenseits von Oder und Neisse. Zur Wissenschaftlichen und öffentlichen Diskussion in Deutschland“. *Aus Politik und Zeitgeschichte* 51/52 2002: 44-54.
- Faulenbach, Bernd 2004: „Konkurrierende Vergangenheiten? Zu den aktuellen Auseinandersetzungen um die deutsche Erinnerungskultur“, *Deutschland Archiv* 37 (2): 648-659.
- Feldman, Lily Gardner 1999: „The Principle and Practice of ‘Reconciliation’ in German Foreign Policy: Relations with France, Israel, Poland and the Czech Republic.“ *International Foreign Affairs* 75 (2): 333-356.
- Foschepoth, Josef 1985: „Potsdam und danach – Die Westmächte, Adenauer und die Vertreibenen“, Wolfgang Benz (red): *Die Vertreibung der Deutschen aus dem Osten - Ursachen, Ereignisse, Folgen*: 70-90. Frankfurt a M: S. Fischer Verlag.
- Franzen, K. Erik 2003: ”In der neuen Mitte der Erinnerung“, *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft*, 51 (1): 49-53.
- Frei, Norbert 2005: „Geschichtswissenschaft“, i Frei, Norbert og Knigge, Volkhardt (red), *Verbrechen Erinnern. Die Auseinandersetzung mit Holocaust und Völkermord*: 389-397. Bonn: BpB.
- Frevert, Ute 2003: „Geschichtsvergessenheit und Geschichtsvergessenheit revisited. Der jüngste Erinnerungsboom in der Kritik“, *Aus Politik und Zeitgeschichte* 40/41: 6-13.
- Gries, Rainer 2005: „Mythen des Anfangs“, *Aus Politik und Zeitgeschichte* 18/19: 12-18.
- Goschler, Konstantin 2005: ”’Versöhnung’ und ’Viktimisierung.’ die Vertriebenen und der deutsche Opferdiskurs“, *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft* 53 (10): 873-884.
- Götze, Andreas 1995: „Der Schwierige Weg zur Verständigung- Zur sudetendeutschen Frage in den deutsch-tschechischen Beziehungen nach 1989“, *Osteuropa* 45 (8): 1034-1047.
- Glassheim, Eagle 2001: „The Mechanics of Ethnic Cleansing: The Expulsion of Germans from Czechoslovakia, 1945-1947“, i Philipp Ther og Ana Siljak (red.): *Redrawing Nations. Ethnic Cleansing in East-Central Europe, 1944-1948*: 197-220. Lanham: Rowman & Littlefield Publishers.
- Haar, Ingo 2005: „Morden für die Karriere“ *Süddeutsche Zeitung*, 17. januar.
- Hahn, Eva og Hans Henning 2004: „Peter Glotz und seine Geschichtsbilder. Aus aktuellem Anlass“, *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft* 52 (1): 72-80.
- Handl, Vladimir 1997: “Czech-German Declaration on Reconciliation”, *German Politics* 6 (2): 150-157.
- Heer, Hannes 2003: „Das Haupt der Medusa“, i Hannes Heer, Walter Manoschek, Alexander Pollak og Ruth Wodak (red): *Wie Geschichte gemacht wird: Zur Konstruktion von Erinnerungen an Wehrmacht und Zweiten Weltkrieg*: 245-268. Wien: Czernin.
- Heer, Hannes og Wodak, Ruth 2003: „Kollektives gedächtnis. Vergangenheitspolitik. Nationales Narrativ“ i Hannes Heer, Walter Manoschek, Alexander Pollak og Ruth

- Wodak (red): *Wie Geschichte gemacht wird: zur Konstruktion von Erinnerungen an Wehrmacht und Zweiten Weltkrieg*: 12-24. Wien: Czernin.
- Herbert, Ulrich 2003: „Der Historikerstreit. Politische, wissenschaftliche, biographische Aspekte“, i Ralph Jessen, Martin Sabrow og Klaus Große Kracht (red): *Zeitgeschichte als Streitgeschichte. Grosse Kontroversen seit 1945*: 94–113. München: CH Beck.
- Henke, Klaus-Dietmar 1985: „Der Weg nach Potsdam – Die Alliierten und die Vertreibung“, Wolfgang Benz (red), *Die Vertreibung der Deutschen aus dem Osten - Ursachen, Ereignisse, Folgen*: 58-85. Frankfurt a.M.: S. Fischer Verlag.
- Hirsch, Helga 2003: „Flucht und Vertreibung. Kollektive Erinnerung im Wandel.“ *Aus Politik und Zeitgeschichte* 40/41: 14-26.
- Jarausch, Konrad H. og Sabrow, Martin 2002: „`Meistererzählung` - Zur Karriere eines Begriffs“, Konrad H. Jarausch og Martin Sabrow (red), *Die historische Meistererzählung Deutungslinien der deutschen Nationalgeschichte nach 1945*: 9-32. Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht.
- Jaworski, Rudolf 1985: „Die Sudetendeutschen als Minderheit in der Tschechoslowakei 1918-1938“, Wolfgang Benz (red), *Die Vertreibung der Deutschen aus dem Osten - Ursachen, Ereignisse, Folgen*: 33-44. Frankfurt a.M.: S. Fischer Verlag.
- Jeismann, Michael 2005: „Völkermord und Vertreibung. Medien der Erinnerung?“ *Historische Anthropologie* 13 (1): 111-120.
- Kersten, Krystyna 2001: „Forced Migration and the Transformation of Polish Society in the Postwar Period“, Philipp Ther og Ana Siljak (red), *Redrawing Nations. Ethnic Cleansing in East-Central Europe, 1944-1948*: 75-86. Lanham: Rowman & Littlefield Publishers.
- Kittsteiner, Heinz 2005: „Gedächtniskultur und Geschichtsschreibung“, Norbert Frei og Volkhardt Knigge (red), *Verbrechen Erinnern. Die Auseinandersetzung mit Holocaust und Völkermord*, s. 326-347. Bonn: BpB.
- Klessmann, Cristoph 2005: „Konturen einer integrierten Nachkriegsgeschichte“, *Aus Politik und Zeitgeschichte* 18/19: 3-11.
- Kloth, Hans- Michael og Wiegrefe, Klaus 2006: „Unbequeme Wahrheiten“, *Der Spiegel*, 33: 46-48.
- Koselleck, Reinhart 2003: „Die Transformation der politischen Totenmale im 20. Jahrhundert“, i Ralph Jessen, Martin Sabrow og Klaus Große Kracht (red): *Zeitgeschichte als Streitgeschichte. Grosse Kontroversen seit 1945*: 205-228. München: CH Beck.
- Köstlin, Konrad 2002: „Historiographie, Gedächtnis und Erinnerung“, i Elisabeth Fendl, (red), *Zur Ikonographie des Heimwehs. Erinnerungskultur von Heimatvertriebenen*: 11-28. Freiburg: Johannes-Künzig-Institut für ostdeutsche Volkskunde.
- Kramer, Mark 2001: “Introduction”, Philipp Ther og Ana Siljak (red), *Redrawing Nations. Ethnic Cleansing in East-Central Europe, 1944-1948*: 1-41. Lanham: Rowman & Littlefield Publishers.
- Krzeminski, Adam 2003: „Die Schwierige deutsch-polnische Vergangenheitspolitik“, *Aus Politik und Zeitgeschichte* 40/41: 3-6.
- Lemberg, Hans 2003: ”Das Jahrhundert der Vertreibungen“, i Dieter Bingen, Włodzimierz Borodziej og Stefan Troebst (red) 2003. *Vertreibungen europäisch erinnern?*

- Historische Erfahrungen, Vergangenheitspolitik – Zukunftskonzeptionen: 44-53.*
Wiesbaden: Harassowitz.
- Lemberg, Hans 2004: "Geschichten und Geschichte. Das Gedächtnis der Vertriebenen in Deutschland nach 1945", *Archiv für Sozialgeschichte*, 44: 509-523.
- Levy, Daniel og Olick, Jeffrey 1997: „Collective Memory and Cultural Constraint: Holocaust Myth and Rationality in German Politics“, *American Sociological Review* 62 (6): 921-936.
- Mechtenberg, Theo 2004: „Brauchen wir ein Zentrum gegen Vertreibungen? Forum der Historischen Kommission beim Parteivorstand der SPD“, *Deutschland Archiv* 37 (2): 307-311.
- Mechtenberg, Theo 2003: „Deutsche Gedächtniskultur im Wandel?“, *Deutschland Archiv* 36 (2): 1032-1037.
- Möller, Horst 2005: „Vorwort“, i Christian Hartmann, Johannes Hürter og Ulrike Jureit (red), *Verbrechen der Wehrmacht. Bilanz einer Debatte*, 9-15. München: C.H. Beck.
- Moeller, Robert G. 2001: "Deutsche Opfer, Opfer der Deutschen. Kriegsgefangene, Vertriebene, NS-verfolgte: Opferausgleich als Identitätspolitik", Klaus Naumann (red), *Nachkrieg in Deutschland: 29-58*. Hamburg: Hamburger Edition.
- Moeller, Robert G . 2005: „Germans av Victims? Thoughts on a Post-Cold War History of World War IIs Legacies“, *History and Memory* 17 (1-2): 147-194.
- Moeller, Robert G 1996: „War Stories. The Search of a Useable Past in the Federal Republic of Germany“, *The American Historical Review* 101 (4): 1008-1048.
- Ruchniewicz, Krzysztof 2005: „Die historische Erinnerung in Polen“, *Aus Politik und Zeitgeschichte* 5/6: 18-26.
- Salzborn, Samuel 2003: „Geschichtspolitik in den Medien: Die Kontroverse über ein ‚Zentrum gegen Vertreibungen‘“, *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft* 51 (12): 1120-1153.
- Sauermann, Dietmar 2002: „Erinnern und Zeichensetzen. Zur Erinnerungskultur von Vertriebenenfamilien“, Elisabeth Fendl (red), *Zur Ikonographie des Heimwehs. Erinnerungskultur von Heimatvertriebenen: 79-100*. Freiburg: Johannes-Künzig-Institut für ostdeutsche Volkskunde.
- Schillinger, Reinhold 1985: „Der Lastenausgleich“, Wolfgang Benz (red): *Die Vertreibung der Deutschen aus dem Osten - Ursachen, Ereignisse, Folgen: 183-193*. Frankfurt a.M: S. Fischer Verlag.
- Schlögel, Karl 2003: "Europa ist nicht nur ein Wort. Zur Debatte um ein Zentrum gegen Vertreibungen", i *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft*, 51 (1): 5-12.
- Schlögel, Karl 2003: "Nach der Rechthaberei, Umsiedlung und Vertreibung als europäisches Problem", i Dieter Bingen, Włodzimierz Borodziej og Stefan Troebst (red), *Vertreibungen europäisch erinnern? Historische Erfahrungen, Vergangenheitspolitik – Zukunftskonzeptionen: 11-43*. Wiesbaden: Harassowitz.
- Schulze, Rainer 2001: „The German Refugees and Expellees from the East and the Creation of a Western German Identity after World War II“, Philipp Ther og Ana Siljak (red), *Redrawing Nations. Ethnic Cleansing in East-Central Europe 1944-1948: 285-306*. Lanham: Rowman & Littlefield Publishers.

- Steinbach, Peter 2006: „Symbolische Formen des Gedenkens“, i *Deutschland Archiv* 39 (2): 273-282.
- Strothmann, Dietrich 1985: „'Schlesien bleibt unser'- Vertiebenenpolitiker und das Rad der Geschichte“, Wolfgang Benz (red): *Die Vertreibung der Deutschen aus dem Osten - Ursachen, Ereignisse, Folgen*: 264-276. Frankfurt a.M: S. Fischer Verlag.
- Stöss, Richard 1986: „Der gesamtdeutsche Block/BHE“, Richard Stöss (red), *Parteienhandbuch – die Parteien der Bundesrepublik Deutschland 1945-1980*. Band 3, Westdeutscher Verlag, Opladen.
- Suppan, Arnold 2003: „Zwischen Rache, Vergeltung und ‚etnischer Säuberung‘. Flucht, Vertreibung und Zwangsaussiedlung der Deutschen aus Tschechoslowakei und Jugoslawien 1944-1948“, *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft* 51 (1): 74-84.
- Svašek, Maruška 2002: „Gewähltes Trauma: Die Dynamik der erinnerten und (wieder-) erfahrenen Emotion“, Elisabeth Fendl (red), *Zur Ikonographie des Heimwehs. Erinnerungskultur von Heimatvertriebenen*: 55-78. Freiburg: Johannes-Künzig-Institut für ostdeutsche Volkskunde.
- Sywottek, Arnold 1989: „Flüchtlingeingliederung in Westdeutschland“, *Aus Politik und Zeitgeschichte* 51: 38-46.
- Ther, Philipp 2001: „A Century of Forced Migration. The Origins and Consequences of ‚Ethnic Cleansing‘“, Philipp Ther og Ana Siljak (red), *Redrawing Nations. Ethnic Cleansing in East-Central Europe 1944-1948*: 43-74. Lanham: Rowman & Littlefield Publishers.
- Ther, Philipp og Danyel, Jürgen 2003: „Vorwort“, *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft* 51 (1): 3-5.
- Tønnesson, Johan L. 2002: „Alt anna enn dikting?“, Johan L. Tønnesson (red), *Den flestemmige sakprosaen – nye tekstanalyser*: 9-28. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tønnesson, Johan L 2002: „Viktig melding: Lytt på radio! Ein analyse av ungdomsradio anno 2000“, i Johan Tønnesson (red), *Den flestemmige sakprosaen – nye tekstanalyser*, 56-88. Bergen: Fagbokforlaget.
- Urban, Thomas 2005: „Historische Belastungen der Integration Polens in die EU“, *Aus Politik und Zeitgeschichte* 5/6: 32-39.
- Veum, Aslaug 2002: „Journalistiske tekster – røyndom i miniformat?“, Johan Tønnesson (red), *Den flestemmige sakprosaen – nye tekstanalyser*:137-165. Bergen: Fagbokforlaget.
- Wehler, Hans Ulrich 2002: „Einleitung“, Stefan Aust og Stephan Burgdorff (red), *Die Flucht- Über die Vertreibung der Deutschen aus dem Osten*: 9-14. Bonn: BpB.
- Weiss, Hermann 1885. Die Organisationen der Vertriebenen und Ihre Presse, Wolfgang Benz (red): *Die Vertreibung der Deutschen aus dem Osten - Ursachen, Ereignisse, Folgen*: 193-208. Frankfurt a.M: S. Fischer Verlag.
- Wolfrum, Edgar 2005: „Die beiden Deutschland“ i Norbert Frei og Volkhardt Knigge (red), *Verbrechen Erinnern. Die Auseinandersetzung mit Holocaust und Völkermord*: 153-169. Bonn, BpB.

Wolfrum, Edgar 1996: „Zwischen Geschichtsschreibung und Geschichtspolitik. Forschungen zu Flucht und Vertreibung nach dem Zweiten Weltkrieg“, *Archiv für Sozialgeschichte*, 36 (Band XXXVI): 500-522.

Zimmermann, Volker 2005: „Geschichtsbilder sudetendeutscher Vertriebenen-Organisationen und ‚Gesinnungsgemeinschaften‘“, *Zeitschrift für Geschichtswissenschaft* 53 (10): 912-924.